I tillegg til dei praktiske konsekvensane av dei nye endringane er stadnamna også ein felles kulturskatt som må vernast og takast vare på. Når det gjeld dei særlege reglane om skrivemåten av norske stadnamn, vart spesielt desse punkta trekte fram som sentrale i samband med høyringsrunden om forskriftsendring hausten 2016:

- Hovudregel ved fastsetjing av skrivemåte skal vera val av den rettskrivingsforma som høver best med den nedervde uttalen.
- Ein bør byggja på lokalt nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden ved namngjeving av nye namneobjekt.

- Omsyn til tidlegare normeringspraksis skal takast så langt det lèt seg gjera utan å koma i strid med stadnamnlova.
- Det skal takast særleg omsyn til munnleg tradisjon for samiske og kvenske stadnamn.

Til konferansen vart desse inviterte med innlegg: Botolv Helleland, Stadnamntenesta for Austlandet og Agder: «Dei lange linene i stadnamnormering – kvar skal dei enda?», Chr.-Emil Ore, Universitetet i Oslo: «Digitale utfordringar med namn i ljøs av den reviderte stadnamnlova», Trond Fjellum, Politietaten: «Stadnamn ved uttrykking og utføring av naudtenester», Anne Svanevik, Kartverket: «Registrering og implementering av namnevedtak i Sentralt stadnamnregister og på Kartverkets kart sett i høve til den reviderte stadnamnlova», Aud-Kirsti Pedersen, Kartverket: «Utfordringar med den reviderte stadnamnlova – sett frå eit saksbehandlarperspektiv», Aud Søyland, Nord-Aurdal: «Kvifor målføreformer i vegnamn?», Jorunn Aarsby, Østre Toten: «Kvar kommune si stadnamnormering?», Frode Myrheim, leiar i Norsk namnelag: «Namnelaget og den reviderte stadnamnlova» og Ole-Jørgen Johannessen, Universitetet i Bergen: «Oppsummering og diskusjon».

I tillegg var det to særleg inviterte forelesarar. Johan Myking, Universitetet i Bergen: «Språksamlingane til Bergen. Utfordringar – særleg sett i høve til den reviderte stadnamnlova», og Åse Wetås, Språkrådet: «Språkrådet og den reviderte stadnamnlova».

Med denne konferansen ynskte Namnelaget å kasta ljøs over nokre av dei mest sentrale utfordringane som er knytte til den siste endringa av lov om stadnamn og endringa i den tilhøyrande forskrifta. Dette er elles fyrste gongen Norsk namnelag står for ein slik nasjonal konferanse. Arrangementet vart halde i salen Halvbroren i Språkrådet i Oslo. Språkrådet hjelpte til med praktisk tilrettelegging.

Gunnstein Akselberg  
gunnstein.akselberg@lle.uib.no

## **NAMNEKONSULENTORDNINGA I EIT HISTORISK PERSPEKTIV**

Fram til lov om stadnamn kom i 1990 (sett i verk 1. juli 1991), hadde den tidlegare namnekonsulentordninga i prinsippet eksistert i over hundre år. Stadnamnormering var ei teknisk ordning basert på eit behov. Kartverket hadde til filologisk assistanse for å skaffa fram ein skrivemåte av stadnamn som svara til dei språklege forventningane i tida.



Fram til 1912 vart dette løyst i samarbeid mellom Noregs geografiske oppmåling (NGO) og namnekonsulenten, seinare ved at departementet utferda skrivereglar i form av føresegner vedtekne i statsråd. I 1913 vedtok NGO at namn på kart skulle skrivast «i Landsmaalets Retskrivning». I 1918 vart lov om fylkesnamna vedteken, og rundt 1920 kom fleire statlege vedtak om skrivemåten av stadnamn i fornorskande retning. Den politiske debatten omkring stadnamnormering låg lenge på eit moderat nivå, men det toppa seg ved dei store namnestridane rundt *Oslo* og *Nidaros*, og konsulentane fekk så det kvein om øyro. Likevel kunne stasjonsnamn som *Kolbotn* verta innførde i mellomkrigstida, jamvel om det truleg murra ein god del rundt omkring.

Etter mitt syn var det likevel ikkje før i 1950-åra at det kom inn ein systemkritikk mot den rådande stadnamnormeringa, ein kritikk som etter kvart skulle få medhald i maktkorridorane. Den konkrete bakgrunnen var konflikten mellom mandatet til namnekonsulentane og skylddelingslova, ei lov som gav grunneigaren rett til å fastsetja namn på eige bruk.

Mellom andre ville konsulentane at gardsnamnet *Oust* i Bærum skulle skrivast *Ost* på kart og i grunnboka. Det kom til rettssak, fyrst i Tingretten i 1958, der staten vann fram, så til Høgsterett to år seinare, der resultatet vart motsett. I domspremissane uttalte høgsterettsjustitarius Terje Wold at det var rimeleg at staten hadde rett til å fastsetja skrivemåten av stadnamn i eigne dokument, men slik rettssituasjonen var, trongst det lovheimel. Diskusjonen skulle bylgja fram og attende i dei neste tretti åra, med språkmelding og stortingsdebattar der målstriden var ein medverkande premissleverandør, til lov om stadnamn vart vedteken 18. mai 1990.

Til grunn for lova låg innstillinga til Stadnamnutvalet frå 1978. Eg var sjølv med i utvalet og hugsar godt den dagen i 1986 då NOU 1983:6 vart levert til statsråd Lars Roar Langslet i Kulturdepartementet. Han takka hjarteleg, og departementet byrja etter kvart å førebu ein proposisjon. Men i 1986 tok Gro Harlem Brundtland over som regjeringssjef, med Hallvard Bakke som kulturminister. Korleis lova ville ha sett ut dersom Langslet hadde fått halda fram med å førebu proposisjonen, kan ein gjerne spekulera over. Kanskje den nye grunneigarparagrafen ville ha kome inn alt då.

Bakke og departementet hans fylgde opp hovudpunkta i innstillinga, rett nok ikkje det punktet som galdt framlegg om eit Norsk stadnamnråd – denne kontrollfunksjonen vart til dels overlaten til samrådsmøta. Viktigast var at prinsippet om å byggja skrivemåten på nedervd uttale med tilpassing til rettskrivinga no vart lovfest. Datoen for lovvedtaket var nesten symbolsk. Eg har sagt det slik at eit nasjonalt dokument som stadnamnlova berre kunne verta boren fram på ein 17. mai. Så vart det 18. mai. Berre Framstegspartiet røysta mot.

Med den nye lova og forskrifta frå 1991 vart stadnamntenesta radikalt endra. Det er eit kvantesprang frå den spede byrjinga fram til dagens godt

utbygde konsulentapparat. Hovuddraga i denne historikken er nedfelt i *NOU 6: 1983 Stadnamn*. Og i *Nytt om namn* nr. 26 (1997) finn ein eit innlegg eg la fram på Samrådsmøtet 18. september 1997.

Eit kvart tilbakevendande blick på stadnamn og stadnamnormering vil måtta råka på Oluf Rygh, nestoren i norsk stadnamngransking. I 1879 vart han engasjert som namnekonsulent for Noregs geografiske oppmåling. Året før hadde han, saman med Sophus Bugge og Johan Fritzner, starta innsamlingsarbeidet til revisjon av matrikkelen. Dette arbeidet vart grunnleggjande for studiet og bruken av norske gardsnamn og stadnamn i det heile. Matrikkelen kom ut i 1886, men som det er vel kjent, arbeidde Oluf Rygh vidare med gardsnamna med tanke på utgjeving av dette rike stoffet. I 1897 kom det fyrste bandet i *Norske Gaardnavne, Smaalenenes Amt*. I dei neste par tiåra vart tilsvarande band gjevne ut for dei andre amta, seinare fylka.

Då arbeidet med stadnamnormering byrja, var stoda slik at dansk var innført som skriftmål i alle lag i samfunnet. Med den nasjonale oppvakninga på 1800-talet skaut interessa for eit eige norsk mål fart. Faktisk var stadnamna det fyrste feltet der meir norskprega skriftformer synte seg i offentleg bruk, fyrst med matrikkelrevisjonen til Gerhard Munthe. Ein viktig grunn til denne vaknande namnerøkta var at mange stadnamn var skrivne heilt rangt, men òg at storparten låg langt borte frå dei munnleg traderte formene som hadde levd sitt eige liv gjennom dansketida.

Då Rygh døydde i 1899, tok Gustav Storm over dette ombodet. Han døydde etter kort tid, i 1903, og vart etterfylgd av riksmålsmannen Hjalmar Falk. I 1912 vart det ei prinsipiell endring i ombodet. Falk fekk då, etter eige ynske, med seg Marius Hægstad som namnekonsulent. Hægstad sokna til landsmålet, og dermed var grunnlaget for ei måldelt namnekonsulentteneste lagt. I 1929 vart nemningane bokmål og nynorsk innførde, og frå den tida kunne ein tala om bokmålskonsulentar og nynorskkonsulentar. Dette prinsippet har sidan vore fylgt, også ved utvidinga av konsulentordninga etter 1990.

Dei bokmålskonsulentane som har sete lengst i denne stolen, og som såleis har hatt størst høve til å verka inn på normeringsarbeidet, er Hjalmar Falk, Alf Sommerfelt (1927–65) og Eyvind Fjeld Halvorsen (1965–91). Didrik Arup Seip hadde dette ombodet eit par år før Sommerfelt, men trekte seg, mellom anna av di han ikkje kunne godta Indrebø si tilråding om stasjonsnamnet *Godlia* i Oslo – sjølv ville han ha *Golia*. Konsulentane for landsmål/nynorsk var Marius Hægstad (1913–23), Gustav Indrebø (1923–42), og Per Hovda (1942–84), då han gjekk av. Eg vart då oppnemnd av Kulturdepartementet til å ta over som konsulent for nynorsksida.

Av skriv og namnelister i Riksarkivet og ved Seksjon for namnegransking går det fram at det var nynorskkonsulentane som utførde det meste av arbeidet. Det har delvis å gjera med at menn som Indrebø og Hovda heldt til ved Stadnamnarkivet og såleis hadde lettare tilgang til materialet. Det kan

øg tenkjast at sidan landsmål/nynorsk skulle vera retningsgjevande for normeringa, fall det meir naturleg for bokmålskonsulenten å overlata ein større del av arbeidet til nynorskkonsulenten, jamvel om ingen av konsulentane frå bokmålssida vanta kunnskap i nynorsk. Konsulentane frå bokmålssida har hovudsakleg kome med merknader og tillegg til det nynorskkonsulentane førde i pennen.

Ordninga med ulik målbakgrunn skriv seg altså frå 1912, men er ikkje nedfelt i dei tidlegare føresegnene. Den kgl. resolusjonen frå 28. april 1933 fastsette at det skulle vera «i regelen tvo» namnekonsulentar, men utan å nemna måltilknytning. Det same gjeld kronprinsregentens resolusjon frå 31. mai 1957. Her vert det òg sagt at det skal vera «i regelen to» namnekonsulentar. Dessutan kom det med eit tillegg om at det skal nemnast opp to andre sakkunnige som saman med dei ordinære konsulentane gjev tilråding til departementet i namnesaker det er tvist om. Ekstrakonsulentane har òg hatt bakgrunn i kvar si målform.

I 1957-føresegnene vart det òg fastsett at det skulle nemnast opp særskild namnekonsulent for samiske stadnamn. Kartverket hadde då alt lenge nytta seg av samisk ekspertise. Den fyrste konsulenten for samisk var Jens A. Friis. I 1896 vart han etterfylgd av Konrad Nielsen, som sat heilt fram til 1953. Deretter vart Knut Bergsland konsulent, og då dette ombodet var delt i 1971 mellom nord- og sørsamisk, fekk han Thor Frette med seg som konsulent for nordsamisk. Med stadnamnlova vart også den samiske namnekonsulenttenesta monaleg styrkt, dessutan kom finsk til. I forskriftene er dette presisert ved at det skal vera namnekonsulentar for nordsamiske, lulesamiske, sørsamiske og finske stadnamn.

I kor stor grad namnekonsulentane frå eldre år hadde hjelp til å utføra arbeidet, t.d. med å finna fram til grunnlagsmateriale, kjenner eg ikkje til. Truleg har dei hatt litt assistanse av og til av arkivpersonalet, men stort sett har dei utført arbeidet sjølve. I dei åra eg hadde Per Hovda til sjef, var det sjeldan at han spurde nokon av dei tilsette om opplysningar. I dei siste åra han fungerte som namnekonsulent, vart det likevel innført ein praksis med sekretærhjelp, og i den tida eg sjølv var namnekonsulent etter den gamle ordninga (frå 1984 til 1991), var det ei fast ordning med timebetalte sekretærer i eit omfang som periodevis svara til bortimot ei halv stilling, betalt av departementet og i nokon mon av Statens kartverk. Situasjonen for namnekonsulentane hadde såleis vorte monaleg betre, men framleis tok sakene lang tid, og mange namn kunne heller ikkje verta handsama. Saksgangen var likevel langt enklare den gong, sidan det ikkje var tale om høyring eller om meir enn éi tilråding.

Det var såleis med god grunn at Stadnamnutvalet tilrådde ei ordning med fast tilsette konsulentsekretærer, noko departementet fylgde opp i merknadene til lovproposisjonen. Dermed fekk me den ordninga som har vore sidan 1991, med ei heil sekretærstilling i Oslo og fire halve stillingar i

Bergen, Trondheim og Tromsø og Kautokeino, den siste vart omgjord til heil stilling i 1994. Grunngevinga for denne fordelinga har vore at sekretæren i Oslo dekkjer eit større område enn dei andre, og at han samstundes er sekretær for Klagenemnda, og at sekretæren i Kautokeino skulle vera sekretær for både tre samiske språk og for finsk. Seinare fekk finsk, eller no kvensk, eigen konsulent.

Det har kome signal om at konsulenttenesta bør evaluerast med tanke på effektivisering. Bak desse signala ligg truleg òg eit ynske om innsparing. Nokre synspunkt går på at meir burde overlatast til kommunane.

Kan det då tenkjast andre ordningar? Dersom ein person frå eit rasjonaliseringsbyrå skulle vurdera situasjonen, ville han sannsynlegvis gå inn for å sentralisera konsulenttenestene og innføra fastare kontorrutinar, med styrking av digitale ressursar. Men lova er utforma slik at ein ikkje kjem unna ein vesentleg ressursbruk. Konsulentsekretærane har meir enn nok å gjera, og konsulentane må bruka mange arbeidstimar for å utføra dei lovpålagde oppgåvene. Når ein så veit at ei mengd namnesaker ikkje vert tekne opp på grunn av manglande kapasitet, er det lett å sjå at situasjonen i dag er utilfredsstillande. Somme vil seia at etter kvart må mange nok namn ha vore gjennom kontrollen. Men det stemmer ikkje. Når no arbeidet med adresse-namn går mot slutten, kjem det eit aukande tal namn frå kommunar som vil ha fastsett namn i utmarka. Og med den ugreia som finst i SSR, ventar tallause oppgåver.

Kva føresetnader bør gjelda for konsulenttenesta?

- 1) Fagleg kompetanse (eksisterande kompetanse, rekruttering)
- 2) Tilgang til arkiv og digitaliserte samlingar
- 3) Regional namne- og dialektkunnskap

Kva struktur kan tenkjast?

1. Same struktur som no, med regionale konsulenttenester
2. Sentralisert sekretærordning (Oslo/Språkrådet, Bergen?) med regionale konsulentar
3. Tal konsulentar ein stad mellom to og åtte pluss samisk/kvensk

Ved alternativ 2 og 3 risikerer ein å uthola den regionbaserte funksjonen som stadnamntenesta har hatt sidan lova vart vedteken. Når det gjeld tal konsulentar, vil det vera vanskeleg for eit par fagpersonar å ha oversyn over heile landet. Nettopp det at dei som skal gje råd om skrivemåten av stadnamn, og sameleis ha vedtaksmyndet, er organisert utover landet, har vore ein grunnpilliar i det faglege arbeidet. Dette inneber òg ei nærare tilknytning til dei som skal bruka namna. Også ordninga med at bae dei norske målformene er representerte i stadnamntenestene, er det viktig å føra vidare.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## DEN REVIDERTE STEDSNAVNLØVEN OG STEDSNAVNDATABASER

Denne lille artikkelen er basert på et foredrag jeg ble invitert til å holde på Norsk namnelags konferanse i 2016. Temaet skulle være «Digitale utfordringer med navn i ljøs av den reviderte stadnamnlova». Det er et ganske vidt tema. Den reviderte loven skaper egentlig ikke flere digitale problemer enn de som allerede eksisterte. Men liberaliseringen av skrivemåten for tradisjonelle bruksnavn og den friere navngivningen av bruk generelt, øker behovet for bedre dokumentasjon av navn og av navnesettingshistorien. At Universitetet i Oslo ut fra rent økonomiske betraktninger brutalt la ned navnesamlingene i 2014, har gjort situasjonen mer prekær.

I juni 2015 vedtok altså Stortinget en revidert versjon av lov om stadnamn (stadnamnlova), og i 2016 sendte Kulturdepartementet et forslag til ny forskrift for loven på høring. I høringsuttalelsene for loven og for forskriftene var det mye fokus på det som ble oppfattet som en liberalisering av stavemåten for stedsnavn. I lovens paragraf 4 heter det:

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen.

Denne liberaliseringen av stavemåten for tradisjonsnavnene ble hilst velkommen av mange kommuner som ønsker en mer dialektnær stavemåte. Videre heter det i lovens paragraf 6:

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn.

Dette ble også hilst velkommen i flere høringsuttalelser at eierne kunne ta tilbake en eldre skrivemåte av bruksnavnet, for eksempel en form som er identisk med stavemåten av familienavnet deres.

I høringsuttalelsene blir både loven og forskriftsutkastet kritisert fordi svært dialektnære skrivemåter vil kunne føre til vanskelig forståelige navn og til stor navnevarians. Loven og forskriftene har også blitt kritisert fordi den åpner for reintroduksjon av de tidligere danskpregete stavemåtene. I Norge har det i de siste hundre årene foregått en fornorskning av den danskpregete

stavemåten av mange stednavn. Et enkelt eksempel er *x* til *ks* og *aa* til *å* som i *Oxaas* til *Oksås*. Nå er *Oxaas* dokumentert i matrikkelen fra 1727 og folketellingen i 1801, så loven åpner for at eiere av et bruk under *Oksås* kan få «tilbake» navnet *Oxaas*. *Oksåsveien* kan dermed gå til *Oxaas*. Hvor sterk gammeldags skrivemåters nostalgiske kraft er, vil tiden vise.

I utkastet til forskriftene til loven fokuserer Kulturdepartementet på begrepet immateriell kulturarv og slår fast at stedsnavn er en del av den immaterielle kulturarven. Det gjør ikke nødvendigvis valg av skrivemåte enklere. Kulturarv er et tøyelig begrep. Det er klart at stedsnavn med røtter tilbake til middelalderen og forhistorisk tid er immateriell kulturarv. Men også navnebruken i skriftlige kilder fra tidligmoderne og moderne tid inkludert det 20. århundret må regnes som immateriell kulturarv. Ut fra et rent kulturarvsynpunkt er det derfor ikke urimelig at en kan ønske å gå tilbake til navneformer fra tidligmoderne tid selv om disse sitt opphav i danske embetsmenns manglende forståelse av norsk. Slik sett koker det ned til et spørsmål om hvilken kulturarv en skal velge. Men kanskje en kan dokumentere alle kulturarvene om en utvikler en egnet felles database for stedsnavn?

Stadnamnlova slår fast at eiere av bruk som ikke har nedarvet tradisjonsnavn fritt kan velge navn på bruket, paragraf 8:

Eigaren eller festaren kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nyoppretta bruk eller eit bruk som ikkje har eit nedervd namn.

Dette kom ikke med den reviderte loven og kommenteres ikke i høringsuttalelsene. Stadnamnlova har imidlertid en svært vid definisjon av hva et bruksnavn og implisitt hva et bruk er. Et bruksnavn er ifølge lovens paragraf 2:

namn på gardsbruk eller annan eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer

Det vil si at alt som en innførsel med eget bruks- eller festenummer i matrikkelen, er et bruk og kan ha et bruksnavn. I lov om egedomsregistrering (matrikkellova) er ikke ordet «bruksnavn» nevnt. I forskriften om føring av matrikkelen (FOR-2009-06-26-864) er «bruksnavn» nevnt under § 54. Adressetilleggsnavn. Bruksnavnene i matrikkelen er ikke søkbare verken i Norgeskart.no (<[www.norgeskart.no/ssr](http://www.norgeskart.no/ssr)>) eller i Seeiendom.no (<[www.seeindom.no](http://www.seeindom.no)>). De vises imidlertid i den matrikkelbaserte tjenesten Seeiendom.no.

Nå er det slik at én ting er bruksnavn i matrikkelen, og en annen ting er de godkjente navnene i Sentralt stedsnavnsregister (SSR) som skal brukes på


kart og av det offentlige. Den gjeldende matrikkelen er full av bruksnavn som er et resultat av eiernes kreative fantasi opp gjennom tidene. I en kopi av matrikkelen fra 2009 finnes det ti bruk som heter *Wigwam* og tjue som heter *Weekend*. I matrikkelutkastet fra 1950 er det fem *Wigwam* og sju *Weekend*. Bruksnavnene i matrikkelen er øyensynlig bestemt av eier. I 2009-matrikkelen er *Solbakken* (8402 forekomster) det mest brukte navnet. *Solbakken* er et tradisjonsnavn fra nyere tid. På 10. og 12 plass i bruksfrekvens finner vi «Veggrunn» (4275) og «Etableringsdato mangler» (4213). Det er tydelig at bruksnavnsfeltet i matrikkelen ikke brukes helt som en kunne vente. I matrikkelen er det 410 innførsler med bruksnavnet *Tussebo*. I SSR får en tilslag på bare to av dem. Må en brukseier be om at bruksnavnet som kan ha stått i matrikkelen i 90 år, blir godkjent og deretter kommer i SSR?

Det ser ut til at bruksnavnsfeltet i matrikkel, som stedsnavn betraktet, omfatter mye rask. Forholdet mellom matrikkelen og SSR synes, i hvert fall fra utsiden, litt tilfeldig. Så SSR inneholder godkjente navn, men er ikke en komplett stedsnavnsdatabase. Matrikkelen inneholder på sin side et stort antall navn, men de er dessverre blandet sammen med rene kategoriseringer av eiendommene.

Det nye SSR inneholder strukturer for å lagre vedtakshistorikk for navnene som er registret i systemet. Det er en god ting i en tid med mer liberal og desentralisert navnestyndighet. Men det er slik at mye informasjon om kulturminneforvaltning generelt og navnsetting spesielt blir lagret i de alminnelige saksbehandlingssystemene i kommuner og fylkeskommunene. Det er ikke så vanlig å huske på at også disse systemene inneholder mye og viktig informasjon om kulturarven. Slik informasjon kan fort «forsvinne» i de administrative systemene og ikke bli ivarettatt på en forsvarlig måte.

Den nye navneloven og forslaget til forskrifter inneholder ikke noe krav om en landsdekkende database over stedsnavn utover en database over godkjente navn Sentralt stedsnavnregister (SSR). Det er litt beklagelig, siden det ikke lenger finnes noen navnegranskingsmiljøer ved universitetene. Er det mulig å (re)etablere en database for stedsnavn i Norge ut over SSR?

Kulturdepartementet tok for tre år siden et initiativ for å få registrert lokale stedsnavn, såkalte smånavn, før informasjonen om dem bokstavelig talt dør ut. Språkrådet tok arbeidet for å få etablert et nettgrensesnitt slik at lokallag og andre kunne registrere lokale navn rett inn i en stedsnavnsdatabase. Språkrådet distribuerer også støtte til lokale initiativ etter søknad. Foreløpig er det bare lag som mottar støtte som kan få registrere sine navn. Det bør nok utvides slik at alle lokale navnelag og historielag kan få registrere sine navn i systemet. Det er selvfølgelig uhyre viktig at en slik database får et sikkert hjem og drives og utvikles av kompetente navnegranskere og utviklere med kompetanse i digital humaniora og samlingsinformatikk.



Figur 1. En skisse av den distribuerte stedsnavnsdatabasen foreslått på Norsk namnelags møte i 2009.

Systemet for registrering av smånavn er utviklet av min kollega Jon Holmen og meg selv. Ideen er at innholdet i databasen skal lenkes inn i en felles virtuell navnedatabase, se figur 1. Databasen er tenkt å være virtuell eller distribuert i den forstand at en bevarer alle de ulike databasene slik de finnes, men at en legger på en felles indeks og grensesnitt slik det er vist i figuren.

Denne måten å organisere kildemateriale er brukt med stort hell i ordboksprosjektet Norsk Ordbok 2014. Universitetet i Bergen har overtatt ansvaret for språk- og navnesamlingene samt Bokmålsordboka, Nynorskordboka og databasene til Norsk Ordbok. Samlingene er lagt inn under Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB). I dag er dette miljøet den eneste reelle kandidaten for å (re)etablere de nasjonale navnesamlingene og den virtuelle navnedatabasen. Vi må håpe at det lykkes UiB å skaffe tilstrekkelige midler til drift og til vedlikehold og ikke minst at en klarer å revitalisere stedsnavnsforskningen som en empirisk vitenskapelig disiplin.

Christian-Emil Ore  
c.e.s.ore@iln.uio.no

## STEDSNAVN VED UTRYKKING OG UTFØRING AV NØDTJENESTER

### **Operative utfordringer: Hvorfor er stedsnavn viktig for nødetatene?**

Hva må nødetatene vite, for å løse sitt oppdrag? Hvor skal nødetatene reise? Hva har skjedd, hva pågår?

Stedsnavnet/adressen er 50 prosent av det vi må vite for å kunne løse oppdraget.



### Hva kjennetegner en tidskritisk hendelse?

Den skjer alltid i en kommune og ofte på landsbygda.

Hva kjennetegner oppdrag i en by?

- Kort reisevei
- Stor tilgang på ressurser
- Oftest en gateadresse

### Hva kjennetegner oppdrag på landsbygda?

- Stort ansvarsområdet
- Lang reisevei
- Liten tilgang på ressurser
- Ofte uten god adressekvalitet
- Uten synlig el. skiltet gateadresse, uten (synlig) husnummer
- Mindre mulighet for å være lokalkjent
- (Hytteområder – en egen utfordring i seg selv)

### Den digitale verden – mottak av nødmelding

Hvordan mottar man adresser fra områder der man ikke er lokalkjent?

Navneforvirring kan potensielt utsette befolkningen for uønskede hendelser.

Noen eksempler:

- Ljøstadvegen
- Ljørdalen
- Dr. Thorshaugs veg
- Stavsberg – Stafsbergvegen
- Ljabru



### Navn som følger logisk oppbygging

*Ljøstadvegen* er lett og uttale, men vanskelig å oppfatte riktig uten lokalkunnskap. *Skurdengslisetra* er vanskelig å utale og formidle, men likevel lettere å oppfatte av mottaker.

### Andre utfordringer

- 26,5 prosent av alle hendelser skjer der mindre enn 2000 mennesker bor.
- 13,5 prosent av alle hendelser skjer der 1999–20 000 mennesker bor.

Sett opp imot:

- 11,9 prosent av landets befolkning er uten vegadresse
- 32,8 prosent av landets hytter er uten vegadresse
- Totalt er 195 703 personer i Norge uten vegadresse.

## **REGISTRERING OG IMPLEMENTERING AV NAVNEVEDTAK I SENTRALT STEDSNAVREGISTER OG PÅ KARTVERKETS KART**

I forbindelse med lovendringen i lov om stadnamn med ikrafttreden 1. juli 2015 skrev Kartverket ved undertegnede to interne notat datert 2. juli og 12. august 2015. Hovedpunktene i notatene var:

- Grunneier får rett til å fastsette skrivemåten av navn på egen eiendom (eget bruk), ikke på det overordnede gårdsnavnet (Kulturdepartementets merknad til § 6)
- Kartverket er fremdeles formelt vedtaksorgan, også for eierfastsatte skrivemåter av bruksnavn (Kulturdepartementets merknad til §§ 5 og 6)
- Det er krav til dokumentasjon av skrivemåten av navnet som bruksnavn, f.eks. skjøte, oppføring i matrikkel, jordebok, på offentlig kart – men ingen krav til alder eller varighet (Kulturdepartementets merknad til § 6)
- Eierfastsatte skrivemåter skal ikke være retningsgivende for skrivemåten av andre stedsnavn som det offentlige tar i bruk, f.eks. i adressering (navn på gater/veger) eller navn på skoler og boligfelt (loven § 4 andre ledd).
- Eierfastsatt skrivemåte kan brukes i adressetilleggsnavn (jf. matrikkelforskriften § 54 første ledd), der det pr. definisjon er bruksnavnet som skal brukes (Prop. 105 L, 2014–2015, s. 33)

Utfyllende informasjon til dette:

- Skrivemåten av gårdsnavn skal fremdeles behandles etter samme regler som tidligere (loven § 8 andre ledd)
- Hovedregelen i § 8 andre ledd om relasjonen mellom gårds- og bruksnavn gjelder fremdeles
- Det er viktig å skille mellom gårds- og bruksnavn i Sentralt stedsnavnregister (SSR) og i kartdatabaser
- Det er ikke krav til lokal høring eller tilråding fra stedsnavntjenesten for bruksnavn som behandles etter lovens § 6 andre ledd. Men grunneier kan be om å få tilråding (loven § 6 andre ledd, åttende punktum).

- Grunneier skal selv framlegge skriftlig dokumentasjon på den ønskete skrivemåten (loven § 6 andre ledd med merknader)
- I Sentralt stedsnavnregister (SSR) føres den eierfastsatte skrivemåten med merknad ‘fastsatt av eier’
- Lovendringen gir ikke grunneier rett til å bytte ut et nedarvet bruksnavn (loven § 3). Grunneier har fått flere rettigheter for skrivemåten av bruksnavn, men ikke for valg av bruksnavn.

Det er viktig å merke seg at Kartverket, i samsvar med formuleringen i første versjon av lov om stadnamn fra 18. mai 1990, ikke skilte mellom gårds- og bruksnavn i SSR. Således hadde vi bare navnetypen bruksnavn i SSR, ikke gårdsnavn. I denne første versjonen av loven hadde § 5 tittelen *Særskilde reglar om bruksnamn*. Under § 1 *Definisjonar* stod følgende merknad: «Departementet har i proposisjonen ikkje skilt mellom gårdsnamn og andre bruksnamn, då dette hovudsakleg synest vere av matrikkelteknisk interesse.»

Med lovendringen i 2005 ble termen *gårdsnamn* innført i loven, og § 8 fikk tittelen *Særskilde reglar om gårdsnamn og bruksnamn*. En medfølgende konsekvens er at svært mange navn som er registrert som bruksnavn i SSR, egentlig er gårdsnavn og bør kodes om. Kartverket har igangsatt et prosjekt med å rette opp i dette og skille gårds- og bruksnavn i SSR. I 2016 har vi fått kr 800 000 i tilleggsmidler fra Kulturdepartementet til «naudsynte oppdateringar i SSR», dvs. denne ryddejobben. Tilsvarende midler er bevilget for 2017.

Status for dette prosjektet er pr. 13. oktober 2016 (tall for hele 2016 i kursiv i parentes):

4989 gårdsnavn er etablert i SSR. Planen for 2016 er ca. 6000. (*Resultatet ble 6271.*) Det er ca. 50 000 gårdsnavn i hele landet.

- Aust-Agder fylke med 15 kommuner er ferdig.
- I Sør-Trøndelag er 19 (22) av 25 kommuner ferdig.
- I Nord-Trøndelag er 14 (15) av 23 kommuner ferdig.
- I Rogaland, Hordaland, (Sogn og Fjordane) og Møre og Romsdal er 7 (9) kommuner ferdig.
- Dette betyr at 55 (60) kommuner er ferdig.
- I snitt brukes det 8 minutter pr. gårdsnavn.

Da lovendringen kom 1. juli 2015, ventet vi en stor pågang fra grunneiere som ville benytte seg av den nye regelen i § 6 andre ledd. Vi regnet med at mange grunneiere ville begjære ny navnesak fordi de var misfornøyde med vedtaket på skrivemåten av bruksnavn fattet etter tidligere regleverk. Så langt har imidlertid bekymringen vist seg å være ubegrunnet. Pr. 16. november 2016 har vi bare 65 bruksnavn registrert i SSR med merknad «fastsatt av eier».

Eksempler på eierfastsatte skrivemåter fra Østre Toten kommune: (Det var grunneiere i denne kommunen som i 2008 kontaktet stortingsrepresentant Olemic Thommesen med spørsmål om vedtak på skrivemåten av gårds- og bruksnavn, noe som til slutt resulterte i lovendringen i 2015):

Bruksnavnet *Hveem Nordvestre* er vedtatt. (Gårdsnavnet *Kvem* er vedtatt, vedtaket er påklaget.)

Bruksnavna *Hoel Lille* og *Hoel Nordre* er vedtatt. (Gårdsnavnet *Hol* er vedtatt, vedtaket er påklaget.)

Bruksnavnet *Hammerstad nordøstre* er vedtatt. (Gårdsnavnet *Hammastad* er vedtatt, vedtaket er påklaget.)

Bruksnavna *Øvre Stabo* og *Nedre Stabo* er vedtatt. (Gårdsnavnet *Stabu* er vedtatt, vedtaket er påklaget.)

Bruksnavnet *Dyhren* er vedtatt. (Gårdsnavnet *Dyren* er godkjent, dvs. ikke behandlet etter lov om stadnamn.)

Vi finner eksempel på at skrivemåter av bruksnavn, som eier ønsker, og som ikke samsvarer med den vedtatte skrivemåten på gårdsnavnet, er i bruk som adressetilleggsnavn. I Leksvik kommune i Nord-Trøndelag står *Rosvold vestre* som bruksnavn og adressetilleggsnavn, men gårdsnavnet har vedtatt skrivemåte *Rosvoll*.

I Marker kommune i Østfold er gårdsnavnet *Tønnersrud* vedtatt (vedtak påklaget), mens *Vestre Tyndelsrud* er eierfastsatt skrivemåte på et bruksnavn. Skrivemåten *Østre Tønnersrud* på et annet bruksnavn er påklaget. Videre er gårdsnavnet *Oppsal* vedtatt (vedtak påklaget), mens *Opsal nordre* er eierfastsatt skrivemåte på et bruksnavn. Skrivemåten *Søndre Oppsal* på et annet bruksnavn er påklaget.

Bruken av gårds- og bruksnavn på Kartverkets kart:

- Småskalakart (målestokk 1:250 000) bruker gårdsnavn.
- N50 kartdata / topografisk hovedkartserie (Norge 1:50 000) bruker en blanding av gårdsnavn og bruksnavn. Ved å bruke bare gårdsnavn, mister man lett kontakten med brukene.
- Kart(data) i målestokk 1:5000 bruker stort sett bruksnavn.

Sitat fra Prop. 105 L (2014–2015): «Det er Kartverket som til kvar tid gjer kartografiske vurderingar av kva namn som skal med i ulike kartverk.»

Der bruksnavn står i N50 kartdata fra før, må vi endre i samsvar med nytt vedtak.

Anne Svanevik  
anne.svanevik@kartverket.no

## UTFORDRINGAR MED DEN REVIDERTE STADNAMNLOVA – SETT FRÅ EIT SAKSBEHANDLARPERSPEKTIV

Med endringane i lov av stadnamn vedtekne 19. juni 2015 og iverksette 1. juli 2015 fekk brukseigarar rett til å fastsetje skrivemåten av eit nedervd bruksnamn dersom eigaren kunne dokumentere at den ønskte skrivemåten hadde vore i offentleg bruk som bruksnamn (§ 6, andre ledd i lov om stadnamn). Mange aviser hadde innslag som informerte om denne endringa i lova då ho kom, m.a. hadde avisa *Nye Troms* oppslag 9. og 11. juli med bilete av to brukseigarar i Målselv kommune som budde seg til kamp, «Forbereder navnekamp» for «Brandskognes kan bli til Brannskognes», og eit bilete til avisoppslaget viste to kampklare brukseigarar framfor namneskiltet med *Brandskognes*. Ordføraren i kommunen uttalte at ho var «kritisk til at stedsnavn i Målselv kan bli endret», men ho syntest at det var positivt at grunneigarane skulle få bestemme skrivemåten av eige bruksnamn. Men ordføraren meinte at avgrensinga som er nedfelt i lova om at eigarfastsette skrivemåtar ikkje skulle leggst til grunn for t.d. skrivemåten av adresse- namn, var «bakvendt», og at prinsippet ville komplisere sakene og lage «unødvendig mye støy». Grunnen til at *Nye Troms* gjekk så nøye inn på konsekvensane av lovendringa, var at kommunen nettopp hadde fått tilrådingar frå Stadnamntenesta for norske namn i Nord-Noreg om skrivemåten av adressenamn og andre namn i kommunen. Stadnamntenesta tilrådde m.a. skrivemåtane *Brannskognes* og *Kjeldmoen*, mens grunneigarane ønskte skrivemåtane *Brandskognes* og *Kjellmoen*. Kommunen sette til sides kravet til skrivemåte etter § 4, andre ledd i lov om stadnamn, dvs. at skrivemåten skal rette seg etter hovudregelen i lova som seier at ein skal ta utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen og følge gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk. I staden vedtok kommunen at adressenamna skulle ha skrivemåtar i samsvar med dei eigarfastsette skrivemåtane av bruksnamna, altså *Brandskognesveien* og *Kjellmoveien*.

Diskusjonen om skrivemåten av stadnamn i Målselv kommune kom altså av at kommunen arbeidde med å få på plass offentlege adresser, og namnesakene var blitt reist på grunn av at kommunen hadde sendt forslag om adressenamn til Stadnamntenesta til gjennomsyn på vanleg måte, og Stadnamntenesta hadde plukka ut sakene som trong namnesak. Grunneigarane fekk dei skrivemåtane som dei ønskte, og alle var nøgde med utfallet av saka (bortsett frå Kartverket).

Den første personen som vende seg til Kartverket med ønske om å få endra skrivemåten av eit bruksnamn etter lovendringa, kom den 30. juli 2015. Det var eit bruksnamn i Herøy kommune, og bruket hadde tolv eigarar. Det viste seg at personen som vende seg til Kartverket ikkje var brukseigar sjølv –

derimot var to av eigarane døtrene til denne personen. Kartverket informerte om at det ikkje var Kartverket si oppgåve å undersøke kva for skrivemåte dei tolv eigarane ønskte; dette måtte brukseigarane sjølve finne ut av. Etter kvart kom det fram at dei tolv eigarane ikkje var samde om kva for skrivemåte som dei ønskte, og det kom mange e-brev og telefonar frå personar som var sinte på kvarandre. Kartverket informerte om at lova ikkje sa noko om kva ein skulle gjere når brukseigarane ikkje var samde, og eg foreslo at brukseigarane kunne vende seg til Kulturdepartementet for å få råd om kva for prinsipp som skulle gjelde når brukseigarane ikkje var samde om skrivemåten. Det høyrer med til historia at elleve av tolv eigarar ikkje tok kontakt. Det var altså ein utanforståande person og ein eigar som engasjerte seg. Eg foreslo også at ein kunne vente med å gå vidare med saka til den nye forskrifta var på plass – kanskje ville forskrifta innehalde prinsipp som kunne løyse problemet. Det viste seg også at personane hadde problem med å forstå at eit namn har ulike funksjonar. I dette tilfellet var det primært namnet på øya der bruket ligg (saman med eit anna bruk), som personen som først kontakta Kartverket, ønskte å få endra. At eit og same namn kan vere namn på både ei øy og to bruk, var ikkje lett å forstå. Og at ein eigar ikkje hadde rett til å bestemme over både øy- og bruksnamn, var vanskeleg å godta.

Den neste ønsket om å få på plass ein skrivemåte fastsett av ein brukseigar, kom rett før årsskiftet 2015/2016, dvs. 22. desember 2015. Også denne gongen var det eit bruk på ei øy, no i Tromsø kommune. I ei tidlegare namnesak (sak 2/2007, vedtaksdato 11. mars 2010) hadde skrivemåten av øynamnet blitt fastsett til *Gjøssøya*, men vedtak om bruksnamnet blei utsett av di ein venta på endring av lova. Grunneigar meinte at rett skrivemåte var *Ljøsoy*, men akkurat denne skrivemåten var det vanskeleg å finne i offentleg bruk, men *Ljøsoya* fanst i ein tidlegare matrikkel, så vedtaket av 18. februar 2016 blei derfor i bunden form, og grunneigar var i grunnen nøgd med det, for han var samd i at namnet blei alltid uttalt i bunden form. Også denne brukseigaren fann det merkeleg at han som åtte mesteparten av øya, ikkje skulle kunne bestemme skrivemåten av øynamnet.

Den tredje saka kom i Målselv kommune. Eit bruk hadde av ein eller annan grunn fått skrivemåten *Mittgård* i matrikkelen, og brukseigaren hadde prøvd på ulike måtar å få retta skrivemåten til *Midtgård* utan å lykkast, m.a. hadde han vendt seg til Tinglysinga i Kartverket. Vedtaket *Midtgård* blei fatta 31. mai 2016, og både brukseigar og Kartverket var vel nøgde med dette vedtaket. Den same dagen fatta Kartverket også vedtak om endra skrivemåte av eit bruksnamn frå *Nesvoll* til *Næsvold* i Lenvik kommune, denne gongen litt mindre nøgd.

Den 2. november 2016 fekk Kartverket ein telefon frå ein brukseigar i Vefsn kommune. Brukseigar hadde lagt merke til at skrivemåten på Kartverket sine kart ikkje var slik som dei pla skrive namnet tradisjonelt. Skrivemåten av bruksnamnet i SSR hadde status «vedteke» frå ei namnesak

i 1990-åra. Eg informerte om at den ønskte skrivemåten fanst i matrikkelen, og at ho hadde rett til å få gjenoppteke namnesaka (som ho ikkje hadde hørt noko om frå før av) slik at skrivemåten i matrikkelen, som eigaren ønskte, fekk status «vedteke». I det same e-brevet forklarte eg den språklege bakgrunnen til for- og etterleddet i namnet, og forklarte at språkleg sett var den vedtekne skrivemåten rett. Eg bad brukseigar om å melde frå om ho ønskte eit nytt vedtak om skrivemåten, men etter den språklege forklaringa har eg ikkje hørt meir frå brukseigaren. Derfor tolkar eg det slik at brukseigaren skifta syn på korleis bruksnamnet burde skrivast av di ho fekk ei språkleg forklaring på den fastsette skrivemåten.

Det har altså hittil (23.1.2017) blitt tre vedtak etter at fem personar har vendt seg til Kartverket om å få endra skrivemåten av eit bruksnamn. I tillegg har det komme ein del eigarfastsette skrivemåtar på grunn av at det har blitt reist namnesak knytt til adresseringsarbeidet i kommunane. Dei fleste grunneigarar svarer ikkje når dei blir tilskrivne om at det er reist namnesak om skrivemåten av namnet på eige bruk. I slike tilfelle vedtar Kartverket den skrivemåten som følger av hovudregelen i lov om stadnamn.

Ein konsekvens av endringa i lova er at prinsippet om einskap i namneverket langt på veg er blitt oppheva. Ein illustrasjon på dette fekk vi i Lurøy kommune med at *Øverkongsvik* blei vedteke som skrivemåte på matrikkelgard 45; bruk 45/1 fekk skrivemåten *Øverkongsvik* fastsett av eigaren, mens eigaren av bruk 45/4 fastsette skrivemåten *Kongsvik øvre*. Eigaren av bruk 45/5 svarte ikkje under høringa, og Kartverket fastsette skrivemåten *Øverkongsvik* etter hovudregelen i lova.

Ein viktig konsekvens av lovendringa er at regelverket er blitt meir komplisert, og det går med mykje tid til informasjon, både munnleg og skriftleg til kommunane og brukseigarar. Ein del kommunar, slik Målselv kommune er eit døme på, finn det urimeleg at ikkje eigarfastsette skrivemåtar skal leggest til grunn for skrivemåten av t.d. adressenamn. Kartverket kan i prinsippet klage på slike vedtak, men det er likevel ikkje så endeframt. Kartverket har mange saker som skal behandlast, og ein må prioritere kva ein skal bruke tida til. Det kan også vere slik at Kartverket av ulike grunnar kvir seg for å klage på vedtak som er gjorde i kommunane.

Sidan så få har vore interesserte i å nytte høvet til å fastsette skrivemåten av namnet på eige bruk, må ein spørje om lovendringa var naudsynt. Var bøndene på Toten representative for brukseigarar flest? Så langt er svaret *nei* – i alle fall i Nord-Noreg, som er min region i Kartverket. Her har altså responsen på lovendringa vore laber. Så vidt eg kjenner til, har det ikkje vore svært annleis i andre delar av landet – bortsett frå på Østre Toten.

Aud-Kirsti Pedersen,  
Kartverket  
aud.kirsti.pedersen@uit.no

## KVIFOR MÅLFØREFORMER I VEGNAMN?

I Nord-Aurdal – og dei fem andre Valdres-kommunane – har det gjennom mange år vore brukt målførenære former i vegnamn og andre stadnamn. Då sentrale styresmakter bad kommunane om å gje adresse til alle hus og hytter innan utgangen av 2014, var det særleg vegnamn i fjellet som stod att i vår kommune. Eg har vore med i arbeidet i stadnamnemnda sidan 2011 – frå 2015 som leiar.

Våren 2015 var me så å seia i mål med adresseringsprosjektet, men fekk nokre ekstrarundar med klager frå hytteeigarar som ikkje hadde vore merksame på høyringsfristen. Berre éi klage handla om at vegnamnet var skrive dialektnært: Klagaren ønskte *Ragnhildstølvegen* i staden for *Ragnillstølvegen*. Dei andre klagene gjekk på at klagarane ville ha eit anna namn, eller at dei ønskte ei anna inndeling av vegtraseane. At Nord-Aurdal kommune ikkje hadde sendt namneframlegga til stadnamntenesta i Språkrådet til vurdering, var òg ein grunn til at me tok sakene opp att.

Det me lærte av klagesakene, var at ein må samtala meir med lokalkjende og få meir blest om namn som blir lagde ut til høyring. Dessutan har me forbedra rutiane for kven som skal høyrast – ikkje minst stadnamntenesta i Språkrådet.

### Stadnamnemnd frå 1972

Nord-Aurdal kommune har hatt ei stadnamnemnd heilt frå 1972. Ho vart oppretta på initiativ frå Nord-Aurdal Mållag. Lektor Ivar Aars var leiar for nemnda frå 1972 til 2015, og nemnda la ned eit stort arbeid med stadnamna i det som gjerne vart kalla økonomisk kartverk (kart med målestokk 1 : 5 000, til dels 1 : 10 000). I dette arbeidet som i vegnamnarbeidet vart stadnamna skrivne meir dialektnært enn det som er vanleg i overordna kart.

Tanken med å skrive namna meir dialektprega enn det som er mogleg etter gjeldande rettskriving, er at me vil ta vare på stadnamn som kulturminne og lokal uttale som ein levande kulturarv. Eit døme på eit namn som lett endrar uttale på grunn av nasjonale vegskilt, er /Fødnes/. På skiltet til Vegvesenet står det *Fodnes*, medan vegnamnet er *Fødnesvegen*, i samsvar med lokal uttale. Andre døme på at den normaliserte forma kan påverke uttalen av eit namn slik at det høyrast ganske annleis ut, er namnet *Hovsjøen*. Det blir ofte uttala /Hov`sjøen/ på grunn av at det står *Hovsjøen* på sentrale kart, men i lokalt talemål lyder namnet /Høfs`sjøen/.





Eitt av mange døme på ulik skrivemåte av same stadnamn. (Foto: Helge Gudheim, avisa Valdres)

Vatnet som strekkjer seg frå Leira forbi Fagernes til Ulnes, blir av Kartverket skrive *Strondafjorden*. Denne skrivemåten har aldri slått gjennom, og dei fleste skriv i staden *Strandefjorden*. Truleg hadde den dialektnære skrivemåten *Strøndafjorden* fått større gjennomslag fordi mange – både lokale og tilreisande – har sans for valdresdialekta.

### **Kven bestemmer?**

Det er Kartverket som bestemmer skrivemåten av naturnamn, gards- og bruksnamn, etter retningslinjer i stadnamnlova og forskrifta til stadnamnlova. Den aktuelle kommunen og stadnamntenesta i Språkrådet er høyringsinstansar. Ifølgje lovverket er det kommunen som bestemmer skrivemåten av namn på tettstader, grender, vegar, hyttefelt og bustadfelt, kommunale skular, sjukeheimar, idrettsområde, og dessutan bruer, tunnelar og vegkryss på det kommunale vegnettet. Folk i kommunen og stadnamntenesta i Språkrådet er høyringsinstansar.

I Valdres-kommunane – og truleg i andre kommunar med – har ein tolka paragraf 4 i stadnamnlova slik at stadnamn kan skrivast noko meir dialektnært enn det gjeldande rettskriving opnar for. Paragrafen lyder slik:

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk.

Det er formuleringane «den nedervde lokale uttalen» og «gjeldande rettskrivingsprinsipp» som opnar for ei slik tolking. Kva som er meint med

rettskrivingsprinsipp, er litt uklart; det kan for eksempel tolkast som at det er den aksepterte skrivemåten av ein lyd, og ikkje nødvendigvis at det er gjeldande rettskriving.

I Valdres blir lyden som svarar til norrøn kort *o* og *ø*, uttala /ø/, nett som ø-lyden som blir skriven *ø* i normalisert rettskriving. Dermed kan ein seia at me følgjer gjeldande rettskrivingsprinsipp når me gjev att denne lyden med bokstaven *ø* og skrive *ødde* i staden for *odde*. Likeins har Valdres tjukk *l*. Normalisert skrift har ikkje noko enkeltteikn for tjukk *l*, men brukar *l* eller *rd*, alt etter kva posisjon lyden har. Det prinsippet har me følgd i skrivemåten av stadnamn, sjølv om me elles skriv dialektnært. Eit døme på det er *Vardaknattlykkja*.

### Prinsipp for val av vegnamn

Arbeidet med å setja namn på lokale vegar kan vera organisert på ulike måtar. Nokre kommunar oppretta ei nemnd for å ta seg av adresseringsprosjektet, medan Nord-Aurdal altså har hatt ei stadnamnemnd i 45 år. Språkrådet har utarbeidd ein brosjyre (Språkrådet 2012) med rettleiing til kommunane om kva dei bør ta omsyn til når dei set namn på vegar. Der har dei rekna opp dei viktigaste prinsippa for val av namn:

- Vegnamn bør byggje på lokale stadnamn.
- Bruk namn som alt finst, om mogleg.
- Same vegnamn kan ikkje brukast to stader i same kommune.
- Bruk i minst mogleg grad same forledd i fleire namn.
- Bruk gjerne andre etterledd i vegnamnet enn *-vegen*.

Ifølgje stadnamnlova skal stadnamn – og vegnamn – byggje på lokal uttale. Stadnamnlova har i dag ei forskrift om skrivemåten av stadnamn, og til forskrifta er det laga ei «rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. om stadnamn». Den rettskrivinga som ligg nærast talemålet på staden, er utgangspunktet, men nokre få dialektale avvik er tillatne. For Valdres har det vore viktig at me kan skrive *-e* i bestemt form av sterke hokjønnsord: *bygde*, *myre*, *vike*, *lie* i staden for *i*-målet som tidlegare var ein del av nynorsk rettskriving. I den siste forskrifta er *e*-ending oppført som norm i slike ord. Derimot kjennest det framandt å bruke fleirtalsforma *-an*; i Valdres blir det opplevd som ei trøndersk form.

Stadnamnlova vart som kjent revidert noko i 2015, og ei ny forskrift var ute på høyring i 2016. Den nye forskrifta kjem truleg ikkje til å ha ei rettleiing om skrivemåte knytt til seg direkte. Det skal likevel utarbeidast ei rettleiing som blir retningsgjevande for Kartverket, stadnamntenesta og stadnamnemndene i kommunane.

Dei fleste som driv med namnsetjing lokalt, er nok medvitne om at stadnamn er kulturminne som me bør ta vare på. Men dei er òg medvitne om at

uttala av namna er immateriell kulturarv som kan overleva berre dersom uttala blir brukt. Dersom skilt og kart har ein skrivemåte av stadnamna som skil seg frå uttala, har den skrivemåten lett for å påverke uttala. Ikkje minst i eit turistområde som Valdres lèt også dei fastbuande seg påverke av det som innflyttarar og turistar seier. Difor er det ikkje uvanleg å høyre valdrisar seia /Ryfoss/, /Rogne/ og /Fodnes/ – etter påverknad frå vegskilt, overordna kart og tilreisande.

### Dialektnære former i Valdres

Dei prinsippa som har utkrystallisert seg i stadnamnarbeidet i Valdres, kan oppsummerast slik:

- *ø* for gammal kort *o* og *o* (*strønd*, *høvda*, *ødde*)
- *-in* i bestemt form av svake hankjønnsord (*bakkin*, *brøtin*)
- *dn* for norrøn *rn* (*hødn*, *kødn* og fleirtal *bakkadn*, *markidn*, *brekkudn*)
- I tillegg brukar me: *nørre*, *sørre*, *nerre*

I Nord-Aurdal har kommunestyret vedteke retningslinjer for stadnamnemnda. Der er det nemnt spesielt at nemnda skal følgje dei tre fyrste av desse punkta.

Nokre døme på korleis prinsippa slår ut i praksis, kan nemnast her: Forbi det som på norgeskart.no heiter *Holstølen*, går *Hølstølvegen*, og til *Hovsjøen*, med lokal uttale /Høfs`sjøen/, går *Høvssjøvegen*. Til det norgeskart.no kallar *Bjørnhovd*, går *Bjødnhøvdvegen*, og til *Valtjern* går *Valtjednvegen*. Bestemt form i svake hankjønnsord i eintal kjem fram i namn som *Oskarsbakkin* og *Tingnesøddin*, medan bestemt form i fleirtal kjem fram i eit namn som *Vasetbakkadn* (Vestre Slidre).

Sjølv om Valdres-kommunane ikkje har hatt noko felles vedtak om korleis stadnamn skal skrivast, har dei i stor grad følgt same praksis. I Etnedal finn me til dømes *Bjødnabakkin* og *Kølplassbakkin*, i Sør-Aurdal *Lusetjednvegen* og *Heiebrøtabakkatn*. Øystre Slidre har *Bjødnahølet* og *Tøllbakkin*, medan Vestre Slidre har *Brekkudn* og *Lehøvdbakkin*, og Vang har *Gamle Tørtidn* og *Ryføssvegen*.

### Spenningsmoment framover

Høyringsfristen for forskrifta til den reviderte stadnamnlova var 19. august i 2016. Valdres-kommunane spela inn sine «prinsipp» i høyringa, og føreslo at det skal bli lov med skrivemåtar som *ødde*, *jødn*, *bakkin* og *bakkadn*. Frå før er det som nemnt lov å skrive sterke hokjønnsord med endinga *-e*, og me veit at Sunnhordland ønskjer å få inn si form av hokjønnsord i bestemt form: *-o* (*bygdo*, *flato*).

Signal i høyringsbrevet (Kulturdepartementet 2016) tyder på at det kan bli aksept for fleire lokalt forankra skrivemåtar. Det er likevel viktig å understreke at me som ønskjer å kunna skrive stadnamn noko meir dialektnært, ikkje nødvendigvis ønskjer at ein kan skrive namna heilt ortofont. Framleis

bør gjeldande rettskriving liggje til grunn, men så kan ein opne for nokre unntak – eller utvidingar, kan ein kanskje kalle dei. I Valdres har me fått mykje positive reaksjonar på at namn til ein viss grad blir skrivne dialektnært, og svært få negative. Kanskje kunne ein opne for at alle regionar kan ta i bruk nokre få målmerke som kjennest sentrale for dei, men som ikkje har plass i rettskrivingsnormalane.

Dialektlinja i normering av stadnamn er elles ikkje ein «moderne» tanke. Botolv Helleland (1998) har vist at det har vore ulike syn på korleis stadnamn skal normerast, og at dialektsynet har vore med som eit alternativ heilt frå 1800-talet.

Dersom det ikkje er råd å få gjennomslag for dialektnære former på nasjonale kart, bør det vera mogleg å ha dialektnære former på lokale vegnamn og på kart i målestokk 1 : 5000 og 1 : 10 000, sjølv om ein brukar dei innarbeidde reglane på overordna kart. Det er ikkje noko stort problem at det står eit gult skilt med *Fodnes* og eit kvitt vegnamnsskilt med *Fødnesvegen* ved sida av kvarandre. Dei dialektnære formene vekker ofte nysgjerrigheita hjå folk, og kan gjera folk flest meir medvitne om namn og namnetradisjon enn eit standardisert namn kanskje ville ha gjort.

## Litteratur

- Helleland, Botolv. 1998. Dialektsynet i norsk stadnamnormering. I *Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes 27. desember 1998*. Red. Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik. Bergen, s. 147–162.
- Kulturdepartementet. 11.5.2016. Høyring om endring i forskrift om stadnamn. Henta 10.11.2016 frå <[www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-om-endring-i-forskrift-om-stadnamn/id2499821/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-om-endring-i-forskrift-om-stadnamn/id2499821/)>
- Lov om stadnamn. Sist endra 19.6.2015. Henta 10.11.2016 frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11?q=lov%20om%20stadnamn>
- Språkrådet. 2012. *Namnsetjing av gater og vegar*. Oslo.

Aud Søyland  
aud.soyland@bbnett.no

## KVAR KOMMUNE – SI STADNAMNNORMERING?

### Om endringa i stadnamnlova

Eg sat på galleriet i Stortinget da den siste endringa i stadnamnlova vart behandla den 11. juni 2015. Forslaget gjekk ut på at grunneigaren skulle få rett til å bestemme over skrivemåten av namnet på eigen eigedom, det vi kallar bruksnamnet. Vilkåret var at grunneigaren kunne dokumentere at den ønskete skrivemåten hadde vore i offentleg bruk som bruksnamn.

Det var sambygdingane mine som hadde drege i gang denne lovendringa, og det gjorde det jo ekstra fortvila å følgje debatten i Stortinget. Men trass i alt var det ei trøyst å høyre følgjande presisering som statsråd Thorhild Widvey kom med i hovudinnlegget sitt:

Jeg er glad for at komiteen har merket seg at endringsforslaget bare gjelder bruksnavn, altså navn på privat eiendom eller gårdsbruk. Endringen gjelder ikke omgripende gårdsnavn eller andre stedsnavn. Forslaget innebærer en liberalisering som tilgodeser grunneieren på sin lille teig, men den eierfestsatte skrivemåten skal ikke gis innflytelse på skrivemåten av den mengden av stedsnavn som kommunen, fylkeskommunen og staten vedtar skrivemåten for. For å være konkret: Dersom bruksnavnet skal inn i en gateadresse som kommunen vedtar, legges offentlig normering til grunn.<sup>1</sup>

Det var spesielt denne siste setninga eg merka meg, om at skrivemåten av namn som inngår i adresser, skal fastsettast etter same reglar som før. Dei eigarfastsette bruksnamna skulle altså ikkje inn i adressenamna.

Medan eg høyrde Widvey snakke frå talarstolen i Stortinget, tenkte eg på dei mange vegskilta som hadde kome opp på Østre Toten. I samband med adresseringsprosjektet hadde Østre Toten kommune vedteke mange nye vegnamn i 2009, og dei fleste vegskilta kom opp i løpet av 2011. På fleire av desse skilta var det skrivemåtar som nettopp var i samsvar med skrivemåtane på bruksnamna som grunneigarane etter lovendringa nå hadde tilkjempa seg retten til å bestemme over. Skilta var altså i strid med reglane i stadnamnlova. Og med utgangspunkt i det som Widvey hadde uttala, var det rimeleg å tenkje seg at desse vegskilta nå måtte bli bytte ut med skilt som har namneformer i tråd med stadnamnlova.

### Adresseringsprosjektet i Østre Toten kommune

Medan adresseringsprosjektet vart gjennomført i Østre Toten kommune, hadde gardsnamnstriden stilna, men den harde striden sette utan tvil preg på

---

<sup>1</sup> Møtereferat, Stortinget 11. juni 2015. Sak 10, om endringar i lov om stadnamn, side 4119. <[www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2014-2015/s150611.pdf](http://www.stortinget.no/globalassets/pdf/referater/stortinget/2014-2015/s150611.pdf)>

adresseringsarbeidet. Mange vegnamn vart til ved at namnekomitéen tok utgangspunkt i gardsnamna. Dei hekta i mange høve på ein «s» og deretter «veg», «linne» eller «gutu», og gardsnamna vart i denne samanhengen ofte skrivne slik grunneigar ville at dei skulle skrivast, dvs. det vart nytta ein skrivemåte som var i samsvar med måten slektsnamna vart skrivne på. Dermed fekk vi mellom anna *Hveemsvegen* i staden for *Kvemsvegen*, *Huusegutua* i staden for *Husegutua*, *Dyhrefgutua* i staden for *Dyrefingutua*, *Kihlehagen* i staden for *Kilehagen*, *Hombsgutua* i staden for *Homsgutua*, *Hammerstadgutua* i staden for *Hammastadgutua*, *Gårdløsgutua* i staden for *Gardlausgutua* og *Sullestadvegen* i staden for *Sulustadvegen*. Og når det gjeld Sulustad, vart det for nokre år sidan skilt ut to bustadfelt frå denne garden. Bustadfeltene fekk namna *Sullestadtunet* og *Sullestadfeltet*. Om namneformene kunne godkjennast eller ikkje, var kommunen mindre opp-teken av. Namna vart vedtekne i kommunestyret, høyring vart gjennomført, og adressenamnskilta vart sette opp.

Dei fleste innbyggjarane i kommunen har for lengst vorte fortrulege med den bustadadressa dei har fått. Dei som har vakse opp på Toten, og som er trygge dialektbrukarar, seier sjølv sagt framleis *Kvem*<sup>2</sup> og *Sulustad*, men om ikkje dei nåverande adressenamna blir endra, vil dei nedarva uttaleformene *Kvem* og *Sulustad* m.fl. bli borte innan nokre tiår.

### **Kva skjer med stadnamnlovgevinga og -forvaltinga?**

Kva som nå kjem til å skje med stadnamnlovgevinga og -forvaltinga, er vi i Toten dialekt- og mållag spente på. Vi vart som sagt roa av det daverande kulturminister presiserte i Stortinget, men da vi sommaren 2016 oppdaga at forskrifta til den reviderte stadnamnlova hadde kome på høyring, fann vi fort ut at det slettes ikkje berre handla om å tilpasse forskrifta til lovendinga. Det vi i fyrste omgang reagerte på, var framlegget til ny § 1 i forskrifta. I andre ledd tredje punktum i forskriftsutkastet står det:

Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd.<sup>3</sup>

<sup>2</sup> *Kvem* skal uttalast med lang vokal, noko som ikkje går fram av skrivemåten. Men er det råd å finne ein skrivemåte som kan markere den lange vokalen i dette namnet? Ikkje med mindre vi går på akkord med rettskrivingsreglane. Men unntaksvis kan kanskje «Kvehm» eller «Kve:m» akseptast? Eller kva med å ta i bruk den gamle uttaleforma «Kveim» som skriftform?

<sup>3</sup> Kulturdepartementet. Høyringsnotat om revisjon av forskrift om skrivemåten av stadnamn, s. 9.

<[www.regjeringen.no/contentassets/8d40ff830cb04e5a93f2a9d0bb2a4f2b/notat\\_stadnamnhoyring\\_16-1748.pdf](http://www.regjeringen.no/contentassets/8d40ff830cb04e5a93f2a9d0bb2a4f2b/notat_stadnamnhoyring_16-1748.pdf)>

Dersom denne paragrafen blir vedteken, må det vel bety at det blir fritt fram for å ta i bruk att skrivemåtane som vart festa til papiret gjennom 1600-, 1700- og 1800-talet. Gardsnamna *Hveem*, *Huuse*, *Homb* og *Sullestad* med fleire blir i så fall fullt lovlege skrivemåtar. Dei mange gardsnamna som på Østre Toten, og også i mange andre kommunar, er skrivne i tråd med slektsnamna, med t.d. doble vokalar for å markere lang vokal, og med stumme konsonantar som ikkje høyrer heime i moderne norsk, blir i så fall fullt lovlege skriftformer att. Det er underleg at departementet vil gi rom for desse meir og mindre tilfeldige skrivemåtane som oppstod under dansketida, og som offentlege styresmakter gjennom nærare to hundre år har arbeidd for å byte ut med skrivemåtar i tråd med norsk rettskriving. Det ser nærast ut til at det kan vera ein bevisst politikk at dei eldgamle nedarva namneformene skal gå i gløymeboka! Dei gamaldanske skriftformene vil uansett leva vidare i slektsnamna, medan dei gamle namneformene som bygger på nedarva uttale, kjem til å bli borte. Kva meiner eigentleg departementet med å ta vare på «stadnamn som kulturminne»?

Det går som ein raud tråd gjennom framlegget til revidert forskrift at stadnamnlovgevinga bør bli meir liberal. Departementet ønskjer å gi vedtaksorgana større spelerom og større innverknad på skrivemåten av stadnamn. Rett nok står det at dette skal skje innanfor rammene av lova. Men det står også at departementet, etter høyringa, vil «... vurdere om det er behov for fleire endringar i stadnamnlova enn det som vart gjennomført i 2015».<sup>4</sup> Da spørst det kva som blir att av stadnamnlova!

I Toten dialekt- og mållag er vi oppriktig bekymra over at kommunane skal få bestemme meir over skrivemåten av stadnamna. For det er vel ikkje berre i Østre Toten kommune at det er mangel på stadnamnfagleg kompetanse? Dermed blir det stemninga i kvar enkelt kommune som kjem til å avgjera kva slags skrivemåtar stadnamna vil få. På Østre Toten er det mange som språkleg sett, anten dei er klar over det eller ikkje, ønskjer seg attende til dansketida. I somme andre kommunar er det gjævt å ta vare på gamle dialektformer når stadnamna skal festast til kart og vegskilt.<sup>5</sup> Toten dialekt- og mållag er ikkje imot at det skal kunne gjerast unnatak frå hovudreglane i stadnamnlova. Det bør vera eit visst rom for å utøve skjøn i enkeltsaker. Men det bør vera ein einskapleg normeringspraksis som gjeld alle norske stadnamn. Tilreisande skal også kunne forstå kva som står skrive på kart og på vegskilt. Og da lyt namna vera enkle å skrive og enkle å uttale. I all hovudsak bør da norske rettskrivingsreglar (bokmål eller nynorsk) og norske rettskrivingsprinsipp følgjast.

---

<sup>4</sup> Kulturdepartementet. Høyringsnotat om revisjon av forskrift om skrivemåten av stadnamn, s. 3.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/8d40ff830cb04e5a93f2a9d0bb2a4f2b/notat\\_stadnamnhoyring\\_16-1748.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/8d40ff830cb04e5a93f2a9d0bb2a4f2b/notat_stadnamnhoyring_16-1748.pdf)

<sup>5</sup> Valdres-kommunane brukar bevisst dialekt når dei lokale stadnamna skal skriftfestast.





Totens Blad, 5. oktober 2006. I samband med gardsnamnstriden på Østre Toten stod grunneigar Ann Sullestad Tolpinrud på Sulustad fram og fortalde at namnet skulle vera *Sullestad*. Ho hadde funne denne skrivemåten «heilt» tilbake til 1700-talet. Der gardsvegen tek av frå fv. 33, ligg steinen med inskripsjonen «Sullestad», og i privat samanheng er det sjølvsagt opp til grunneigaren å velja denne skrivemåten. Men kor mykje skal grunneigaren få bestemme over dei namna som er avleidde frå gardsnamnet *Sulustad*?



Nå er det ikkje lenger berre grunneigaren som meiner noko om namnet *Sulustad*. I dette nyoppretta byggefeltet er det mange som i løpet av dei siste åra har fått bustadadressa *Sullestadtunet* og som er nøgde med adressa si. (Foto: Jorunn I. Aarsby)

Jorunn Ingeborg Aarsby  
leiar i Toten dialekt- og mållag  
jori-aar@online.no

**SPRÅKSAMLINGANE I LYS AV DEN NYE STADNAMNLOVA**



### **Utfordringane i stadnamnlova – kva slags?**

Dei utfordringane som den nye stadnamnlova skaper, er knytt til skilnaden mellom gardsnamn og bruksnamn. Grunneigarane får større makt over skrivemåten av bruksnamna; dette skaper ein tendens til sterkare privat normering. Konsekvensen er at det norske namnetilfanget får ei større variantmengd. Dette skaper større trong for dokumentasjon, og Språksamlingane vil då få ein avgjerande posisjon som dokumentasjonsressurs for norske stadnamn. Den største av namnesamlingane vart utvikla ved Universitetet i Oslo, men det finst òg namnesamlingar ved andre norske universitet, mellom anna ved Universitetet i Bergen (UiB), dit samlingane frå Universitetet i Oslo no er flytta. Ved UiB har dei fått namnet «Språksamlingane», og desse samlingane omfattar fysisk og digitalt materiale på områda leksikografi, målføre og stadnamn.

### **Språksamlingane ved Universitetet i Oslo er flytta til UiB**

Bakgrunnen for at Universitetet i Oslo la ned arbeidet med samlingane, skulle vera godt kjend og ikkje turvande å gå inn på her i denne samanhengen. Etter ein lengre fagpolitisk og politisk prosess for å finna ei løysing for at samlingane kunne vidareførast, fekk UiB i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å ta det nasjonale ansvaret for samlingane i november 2015. Samlingane i leksikografi og namnegransking var eksplisitt nemnde i oppdragsbrevet.

Etter ein planleggingsfase vinteren og våren 2016 vart den fysiske flyttinga gjennomført mellom mai og august 2016. Mellom 70 og 80 tonn arkivmateriale vart då transportert til Bergen og mellombels installert i ein betongbygning som alt var seld. Dette førte med seg mykje rydding, sortering og inventering under leiing av fagpersonale ved UiB. Det skal gjennomførast ei ny flytting og fysisk omorganisering våren 2017. Konsekvensen av dette er at tilgangen til materialet er praktisk vanskeleg, særleg gjeld dette namnesamlingane.

For å finansiera drifta av samlingane har det komme ei rammeløyving frå Kunnskapsdepartementet på 6 millionar kr pr. år. Denne summen dannar ei grense for kva UiB kan gjera, etter prinsippet om at «oppdraget begrenses til det vi får betalt for». Oppdraget gjeld eit klårt definert nasjonalt ansvar for språkressursane i namnegransking og leksikografi. Det er eit forvaltingsansvar og omfattar ikkje forskning. Innanfor rammeløyvinga skal UiB dekkja alt frå stillingar til husleige.

### **Driftsmodellen for samlingane**

Samlingane vert organiserte som ein seksjon ved UBB med fagleg stab. IT-drifta er lagd til IT-avdelinga I 2017 er det på plass ein mellombels dagleg leiar, to dataingeniørar, éin leksikograf i fast stilling og éin mellombels

arkivar. To vitenskaplege medarbeidarar ved Universitetet i Oslo er knytte til samlingane gjennom bistillingar i ein overgangsfase.

Det ligg ingen formelle driftsoppgåver for språkforskarar ved Det humanistiske fakultetet i samlingane. Premissen for at Universitetet i Bergen fekk oppdraget, var likevel at samlingane skulle liggja nær eit språkfagleg forskingsmiljø, eit kringliggjande fagmiljø som kan arbeida strategisk med utvikling av samlingane og som kan gjera seg nytte av samlingane i forskning og undervisning. Dette vert den store permanente utfordringa for fagmiljøet i ei tid med budsjettstagnasjon på alle baugar og kantar. Ein start på dette er at det er oppretta ei fagleg referansegruppe med personar frå fagmiljøet. Det er planen at denne gruppa skal utvidast til å vera ei nasjonal gruppe.

### **Utfordringar for namnesamlingane**

Samlingane skal vera eit ressurscenter for ei brei brukargruppe. Namnesamlingane vil vera nyttige for m.a.

- Språkrådet
- Namnekonsulenttenesta
- Kartverket
- Kommunesektoren, ikkje berre på Vestlandet (jf. våre lokale samlingar)
- Eit namneinteressert publikum
- Skuleverket
- Forskarar (?)

Skal samlingane verta den nasjonale ressursen ein ser for seg, er det mange utfordringar som må løysast både på kort og på lengre sikt.

På kort sikt er det viktig å få samlingane permanent på plass fysisk. Staben er p.t. mellombels, men under fast tilsetjing, så dette fell snart på plass. På litt lengre sikt må arbeidet med dei digitale ressursane prioriterast. Svært mykje av merksemda har vore samla om det fysiske (papir)materialet, vekt i tonn og volum i trailerlass. Men det ligg ein namnedatabase med 700 000 namn i porteføljen i tillegg til andre digitale ressursar, desse er òg flytteobjekt. Og på lengre sikt må digitaliseringsgraden i materialet hevast, dette er eit vilkår for at materialet kan gjerast tilgjengeleg for bruk av det store publikumet. Mykje av merksemda om digitalisering har samla seg om Norsk Ordbok, men dette er eit minst like stort problem for namnesamlingane.

Eitt problem kan Språksamlingane ikkje løysa: Norsk namnegransking på universitetsnivå har det ikkje bra og er snart avgått med pensjon. Det vil dermed mangla eit kringliggjande fagmiljø.

### **Prioriteringar 2016–17**

Leiinga for Språksamlingane har definert åra 2016 og 2017 som ein prosjektperiode. Ved utgangen av denne perioden skal det vera på plass ein fagleg stab og ei fagleg leiing. Vi kan skilja ut tre prioriterte mål:

- Nettordbøkene er no i drift og klare på nettet. Det er gjort driftsavtale med Språkrådet, og ein fast leksikograf med ansvar for ordbøkene er på plass i desse dagar.
- Det skal gjennomførast ein prosess med fysisk reflytting, ordning og rydding. Eitt årsverk som arkivar er sett av til dette formålet, og i løpet av sommaren 2017 skal det meste vera ordna.
- Stillinga som dagleg leiar skal lysast ut med verknad frå 1. januar 2018, og då vil ein ha ein stab på rundt fem stillingar på permanent grunnlag. To av desse er IT-spesialistar.

Dette vil altså seia at statusen for den namnefaglege delen av staben førebels er uavklåra og noko ein må diskutera. Det finst viktige sørvisfunksjonar som førebels ikkje er tilfredsstillande varetekne. Dette problemet må ein m.a. snakka nærare med Språkrådet om.

### **Løysing: infrastrukturmidlar?**

All fagleg aktivitet ved samlingane må finansierast gjennom særskilde prosjekt. I motsetnad til ordboksdelen, som er nedfelt i ein eigen avtale mellom Språkrådet og Universitetet i Bergen knytt til nettordbøkene, ligg det ikkje føre nokon avtale om fagleg drift med andre aktørar. Ei av fleire mogelege finansieringskjelder er NFRs infrastrukturprogram. Det vart gjort ein freistnad hausten 2016 på å utvikla eit prosjekt innanfor rammene av søknaden ClarinoPlus, som LLE står ansvarleg for. Sjølv om ikkje dette lukkast i denne omgangen, vart det laga ein sær sær viktig rapport om digitalisering av norsk namnetilfang. Rapporten er skriven av Peder Gammeltoft ved Københavns universitet (2016) og er eit sær viktig grunnlagsdokument fram mot nye søknader. NFRs infrastrukturprogram har etter det vi veit, ny utlysing i 2018. For namnedelen av samlingane vert dette ein sær viktig frist å vera merksam på.

### **Revitalisering av norsk namnegransking?**

Det er eit godt kjent faktum at namnemiljøet ved norske universitet og høgskular skrantar, særleg gjeld det stadnamnmiljøet. Demografien går feil veg: Forskarar pensjonerer seg, rekrutteringa har svikta, stadnamnoppgåver utgjer ikkje lenger eit så markant innslag i nordiskstudiet som dei lenge gjorde. Det må altså til ein revitaliseringsdugnad, og det ansvaret kan ikkje Språksamlingane ta. Det har knytt seg store voner til at samlingane skal ta dette ansvaret, men det er urealistisk i seg sjølv. Språksamlingane kan nok vera ein katalysator og eit tildriv i dette arbeidet, men revitalisering av norsk

vitskapleg namnegransking må dei faglege fakulteta og institutta ved norske universitet ta seg av. Fleire slike fakultet slit i dag tungt med utflating av budsjett og tendensar til nedbemanning – t.d. kan Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Bergen truleg ikkje rekna med meir enn 75 prosent retilsetjing i vitskaplege stillingar dei næraste åra, og tevlinga mellom fagområde vert såleis hard.

Konjunkturane var med andre ord ikkje dei beste for å føra samlingane til Bergen, men Det humanistiske fakultetet har teke konsekvensen av flyttinga og tildelt fagmiljøet ein rekrutteringsheimel som universitetsstipendiat. Ein stadnamngranskar tek til i denne stillinga 1. april i år, og kanskje kan denne tilsetjinga markera at også grunnforskinga i namn kan få ein ny vår.

### Referansar

Gammeltoft, Peder. 2016. *Forskningsinfrastruktur for Namnesamlinga. En analyse af Navnearkivet ved UiBs utviklingspotentiale som forskningsinfrastruktur*. Rapport, Språksamlingane, UBB.

Språksamlingane. Språkinfrastruktur for norsk språk og norske namn. <<http://www.uib.no/ub/101277/språkinfrastruktur-norsk-språk-og-norske-namn>>

Johan Myking  
johan.myking@uib.no

## SPRÅKRÅDET OG DEN NYE STADNAMNLOVA

### 1. Innleiing

Dette bidraget er den skriftlege versjonen av eit innlegg frå årskonferansen til Norsk namnelag i Oslo 18. november 2016. Innlegget tok føre seg Språkrådets arbeid med stadnamn og rammevilkåra for dette arbeidet. Språkrådet er statens forvaltningsorgan for språk, og arbeidsfeltet vårt gjeld særleg norsk språk (med skriftspråka bokmål og nynorsk) og minoritetsspråka kvensk, romanes og romani. I tillegg arbeider me med norsk teiknspråk.

Stadnamn er ein del av språket vårt og ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Som språket elles har stadnamna krav på god forvaltning og vern. I ei undersøking om haldningar til norsk språk og Språkrådets tenester gjennomført av Opinion for Språkrådet hausten 2016 undersøkte me m.a. haldningar til å ta vare på stadnamn som kulturminne. Så mange som 86 prosent av respondentane meinte dette er ei viktig oppgåve, og det er god dokumentasjon på den sterke oppslutnaden det er om stadnamnarbeid i den norske befolkninga.

## 2. Endringane i stadnamnlova

Stadnamntenesta gjev råd om skrivemåten av stadnamn, og tenesta gjev dessutan råd om namnsetjing og svarer på spørsmål om stadnamn meir generelt. Den norske og den kvenske stadnamntenesta er administrativt underlagde Språkrådet, medan den samiske stadnamntenesta høyrer inn under Sametingets språkavdeling.

Offisiell normering av skrivemåten til stadnamna er det viktigaste lovfeste vernetiltaket me har for å sikra stadnamna som felleseigde kulturminne. Då utkastet til endringar i lov om stadnamn var ute til høyring sommaren 2014, kom Språkrådet difor med følgjande fråsegn: «Vi er sterkt kritiske til hovudendringa – at eigaren av eit gardsbruk skal bestemma skrivemåten av bruksnamn» (høyingsfråsegn til ny stadnamnlov, 1.9.2014). For Språkrådet var det vanskeleg å sjå ei eintydig retning i endringsframlegget, fordi fleire av framlegga til endring av lovteksten faktisk tydeleggjorde verdien av stadnamna som felleseige og som felles kulturminne. Å samstundes gje avgjerdsretten om skrivemåte til grunneigar ville etter Språkrådets meining komma i konflikt med dette overordna felleseigeprinsippet.

Lovendringa som førte til at grunneigar overtok retten til å fastsetja bruksnamn, blei vedteken 17. april 2015. Sjølv om stadnamn grunnleggjande kan seiast å vera eit nabofenomen (det er som regel andre enn ein sjølv som har behov for å namngje staden ein bur på), viser endringa at det kan vera vanskelegare å sjå den felles eigedomsretten til immaterielle kulturobjekt enn til tilsvarande materielle kulturminne. Samfunnet ville oppfatta det som uakseptabelt om ein grunneigar med ein runestein på tomta tok fram hoggjernet og endra eller moderniserte inskripsjonen etter eigen smak eller språklege preferansar.

Ein praktisk konsekvens endringa i lov om stadnamn har ført med seg, er at to eller fleire skrivemåtar av same stadnamn nå kan oppnå offisiell status. Dette kan skapa forvirring om kva som er rett skrivemåte av namnet i ulike funksjonar, og er difor uheldig. Ei meir prinsipiell innvending tek utgangspunkt i at den nedervde, lokale uttalen av eit namn er den språkforma som har størst verdi i kulturminnesamanheng. Me veit at skriftbiletet i sterk grad pregar folks oppfatning av kva som er «korrekte» språkformer. Ein stadig sterkare skriftkultur gjer at forma eit stadnamn får i skrift, raskt vil føra med seg endring også i den primære, munnlege forma av namnet.

Endringa i lov om stadnamn bidrog til ei viss klårgjering av paragraf 3, som gjeld namnsetjing og namnevern. Denne klårgjeringa er òg tydeleggjord i framlegget til nye forskrifter til stadnamnlova. Der er namnsetjing integrert i framlegget til ny § 1, første ledd: «Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør ein byggje på lokale nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.» Dette er godt nytt for bevaring av lokal namnetradisjon i eit samfunn der endringane i namnelandskapet har skjedd raskt gjennom dei siste hundre åra.

### 3. Status på stadnamnfeltet i 2016 og åra framover

Stadnamntenesta og Statens kartverk hadde sitt årlege samarbeidsmøte i oktober 2016. På møtet var fellesinntrykket at lovendinga som gjeld avgjerdsretten grunneigar nå har fått til i fastsetjinga av skrivemåte for bruksnamn, førebels ikkje har hatt særlig store praktiske konsekvensar. Det er så langt få døme på at det er reist saker der grunneigar ønskjer ei anna namneform enn den som byggjer på nedervd lokal uttale.

Det er under utarbeiding nye forskrifter til lov om stadnamn, og utkastet var ute på høyring med svarfrist i august 2016. I samband med dette forskriftsarbeidet er det òg sett i verk eit større arbeid med revisjon av retningslinene for skrivemåten av namn, der omsynet til dei to norske rettskrivingane og til lokale og regionale namneformer skal balanserast opp mot kvarandre. Etter planen skal desse skrivereglane ikkje lenger vera ein integrert del av forskriftsteksten.

I tillegg har det skjedd endringar i infrastrukturen for forskning på og forvaltning av stadnamn. Sommaren 2016 blei dei store norske stadnamnsamlingane (tidlegare *Norsk stadnamnarkiv*) flytte frå Universitetet i Oslo til Universitetet i Bergen (UiB). Flyttinga omfatta setelarkiv med namneopplysningar frå heile landet (landsregister, bustadnamnregister, seternamnregister etc.), kart og ei rekkje digitale samlingsressursar, saman med det store fagbiblioteket for namneforskning. For Språkrådet er det viktig at samlingane etter denne flyttinga blir enklare tilgjengelege for forskning og forvaltning i stadnamn, og ikkje minst er det òg viktig for samfunnsrelevansen til fagfeltet at samlingane også blir meir tilgjengelege for den interesserte ålmenta. Det er vidare vesentleg at samlingane er dynamiske og at UiB utviklar dei vidare med nytt tilfang og tilfang frå andre lokale samlingar frå andre stader i landet.

Frå og med 2015 har Språkrådet forvalta ei ny statleg tilskotsordning for innsamling av nytt stadnamntilfang. Føremålet med tilskotsordninga er å sikra innsamling av stadnamn og dermed berga ein del av den immaterielle kulturarven som er i ferd med å bli borte. Med utgangspunkt i dette blir det i tildelinga gitt prioritet til innsamlingsinitiativ frå dei områda av landet som er dårlegast dekte frå tidlegare innsamlingar. Lokale aktørar (anten dei er kommunale, fylkeskommunale eller private) som samarbeider med lokale lag og foreiningar, kan søkja om tilskot frå denne ordninga. I 2016 blei det delt ut midlar til ti ulike tilskotsmottakarar.

Av anna arbeid på stadnamnfeltet er det ikkje minst viktig å løfta fram eit nytt ph.d.-arbeid om namnsetjing rådgjevar Ingvil Nordland i Språkrådet er i gang med. Dette forskingsprosjektet skjer i samarbeid med Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og skal etter planen gje ny kunnskap om korleis namnearbeidet er organisert kringom i kommunane. Ph.d.-arbeidet omfattar også ei undersøking av haldningar til namnsetjings- og namne-

vernprosessane og av korleis regelverket blir handheva lokalt. Ei djupare innsikt på dette feltet vil gje Språkrådet og stadnamntenesta viktig kunnskap til forbetra rettleiing og oppfølging av kommunane i spørsmål om namnsetjing og namnevern.

### **Sluttord om fagfeltet namnegransking**

Med lovendringa av 17. april 2016 og nye forskrifter til lov om stadnamn på trappene er det i ferd med å skje viktige endringar på forvaltningssida. Språkrådet er samstundes uroa over at stadnamnforskinga ikkje lenger er varetatt gjennom eit stabilt, institusjonalisert forskingsmiljø ved ein av dei norske forskingsinstitusjonane. Eit levande forskingsmiljø er naudsynt for ei god forvaltning av lov om stadnamn og den felles kulturarven som ligg i namneverket vårt. Forskingsmiljøet trengst for å kunna levera kvalifiserte medarbeidarar til forvaltningsarbeidet og for at forvaltninga av stadnamnverket skal kunna byggja på mest mogleg oppdatert forskingsbasert innsikt i stadnamna som språklege og kulturelle fenomen. I tillegg er forskinga viktig for arbeidet med formidling av denne delen av kulturarven til ålmenta. For å få dette til trengst det eit fagmiljø som er sterkt nok til å driva systematisk forskning i onomastikonet og samstundes tilby undervisning og rettleiing på alle nivå i gradssystemet. For at faget skal ha relevans i framtida, trengst det fornying, ikkje minst gjennom meir dialog med andre språkforskingmiljø. Det vil tydeleggjera relevansen av forskings- og forvaltningsinfrastrukturen for stadnamn også for den større forskarfellesskapen.

Åse Wetås  
direktør i Språkrådet  
ase.wetas@sprakradet.no

## OPPSUMMERING AV KONFERANSEN

De ti innleggene som ble holdt på årsmøtet i Norsk namnelag, var alle knyttet til den reviderte navneloven og de utfordringene som den reiser.

Det innledende foredraget av Botolv Helleland var et historisk riss av navnekonsulentenes plass i historien om normering av norske stedsnavn. Som veteran i denne virksomheten er han i dag den som kjenner oppdraget og arbeidsgangen best, og oversikten er nyttig for å sette virksomheten i språkpolitisk og navnehistorisk i perspektiv. I og med at den nåværende ordning er satt i spill, hadde det nok vært nyttig med et avsnitt om den nåværende ordning og dets fordeler og ulemper.

De aller fleste innleggene tar for seg lovendringen som gir eier/bruker rett til å fastsette navn og skrivemåte av navn på egen eiendom/bruk og de konsekvenser det medfører. Anne Svanevik gir en punktvis og oversiktlig oppstilling av Kartverkets arbeidsgang når det gjelder disse eier-/brukerbestemte navnene. Hun gir noen eksempler på slike eierbestemte navn og redegjør for den opprydningsaksjonen som foregår i Kartverkets SSR for å klargjøre skillet mellom gårdsnavn og bruksnavn.

Eksempler på eier-/brukerbestemte navn gir også Aud Kirsti Pedersen fra sitt område, og i likhet med andre innledere reiser hun spørsmålet om denne lovendringen virkelig er et sterkt ønske rundt omkring.

Innleggene til Jorunn Ingeborg Aarsby og Aud Søyland handler om lokalt navnearbeid i deres respektive kommuner, men med vekt mest på veinavn. I Nord-Aurdal har den lokale stedsnavnemnda arbeidet systematisk med adresseringsprosjektet og har utarbeidet noen prinsipper for valg av stedsnavn. De har gått inn for dialektnære former, men er samtidig klar over de spenningsmomenter som ligger i det videre arbeid i avveiningen mellom navnenormering etter gjeldende rettskrivning og det som litt upresist kan kalles en dialekt nær linje.

Erfaringene fra Østre-Toten er annerledes. Der var arbeidet med veinavn i gang før den nye loven kom på plass, og resultatet er at mange veinavn har fått eldre dansk-norske skrivemåter i førsteleddet. Spørsmålet blir så hvor liberale de nye forskriftene blir, og med hvilken kompetanse navnearbeidet skal forvaltes i kommunene. Østre Toten dialekt- og mållag ønsker en enhetlig normeringspraksis som gjelder alle norske stedsnavn, nemlig at «... namna [lyt] vera enkle å skrive og enkle å uttale».

Johan Myking gjorde rede for overflyttingen av Språksamlingane til Universitetet i Bergen. Han kom også med en kort omtale av driftsmodell og om de faglige utfordringene navnedelen av Språksamlingane står overfor. Men noe klart budskap om prioriterte stillinger for navnedelen kom han ikke med. På samme måte som direktøren i Språkrådet var han opptatt av spørsmålet om revitalisering av norsk navnegransking, uten å kunne komme



med klare løsninger på de institusjonelle og navnefaglige problemer og utfordringer som venter på autorative og forpliktende svar.

I sitt innlegg tok Åse Wetås opp Språkrådets rolle i forbindelse med endringene i stadnamnlova. Språkrådet har gått imot forslaget om eier-/brukerbestemt navnerett. Det vil være særlig uheldig at ett og samme navn kan komme til å opptre på samme kart i ulike former. Samtidig omtalte hun «eit større arbeid med revisjon av retningslinene for skrivemåten av namn, der omsynet til dei to norske rettskrivingane og til lokale og regionale namneformer skal balanserast opp mot kvarandre». Hun kom også inn på den nye innsamlingsgiven som Kulturdepartementet bekoster, og som Språkrådet forvalter.

Christian-Emil Ore skisserte en distribuert stedsnavnbase som en mulig modell for det videre arbeidet med å samkjøre de mange samlingene som finnes ved ulike institusjoner. Denne måten å organisere kildematerialet har vært brukt med stort hell i ordboksprosjektet Norsk Ordbok 2014.

Et uvanlig, men utfordrende perspektiv på stedsnavnnormering fikk vi av Trond Fjellum, som viste hvor viktige stedsnavnene er i alminnelighet, og spesielt hvor viktig det er med entydige stedsnavn for nødtjenestene, både i urbane strøk og på bygdene. Han understreket at navnene må være lett å uttale, og at de må følge det han karakteriserer som «logisk oppbygging».

Ole-Jørgen Johannessen  
ole-jorgen.johannessen@uib.no

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### **REAKSJONER PÅ ENDRING AV FORSKRIFT TIL LOV OM STADNAMN**

Etter at høringsfristen gikk ut, har rundt 50 instanser tilbakemeldt synspunkter på forslagene om revisjon av forskrift om skrivemåten av stedsnavn. Respondentene kan inndeles i noen hovedgrupper: 1. Statlige og kommunale instanser, 2. Foreninger og lag med interesse for språk- og kulturminnesaker, 3. Representanter for stedsnavntjenesten og det språkfaglige miljøet.

En del statlige etater (som flere departement, Meteorologisk institutt og NVE) har ikke kommet med merknader. Av de merknadene som har kommet inn, kan størstedelen grovt sett sorteres i disse fire typene: 1. Kommuner som ønsker flere dialektformer, 2. Instanser som ønsker å basere skrivemåten på skriftradisjon, 3. Språk- og navnerelaterte organisasjoner som ønsker å beholde nåværende forskrift uten store endringer, 4. Respondenter med ymse merknader av mer formell karakter.

Et gjennomgående trekk i flertallet av uttalelsene er stor grad av tilfredshet ved nåværende forskrifter, kanskje særlig i normeringsspørsmål, men også i betydelig grad når det gjelder organisering av tjenesten, selv om mange – og ut fra ulike motiv – argumenterer for større lokal innflytelse i vedtaksprosessen. Noen ønsker enda flere dialektformer, andre advarer mot liberalisering. Få uttrykker ønske om at hensynet til skriftradisjon bør tillegges større vekt.

Av de kommunene som har uttalt seg, er det verdt å nevne spesielt fem kommuner i Valdres i Oppland: Nord-Aurdal, Vang, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Etnedal som hver for seg har gitt en fyldig uttalelse som uttrykker det samme ønsket om å kunne benytte dialektformer. Vestre Slidre kommune anser det som svært viktig at veiskilt og kart har skriftformer som er uttalenære slik at de bidrar til å føre nedarvet uttale videre. I uttalelsen fra Nord-Aurdal kommune heter det:

I Valdres har kommunane følgt ein sams praksis når det gjeld skrivemåten av vegnamn. Nord-Aurdal kommune har vedteke retningslinjer som seier at me stort sett følgjer nynorsk rettskriving, men med fem avvik som tek vare på viktige målføreformer:

1. *-e* som ending i sterke hokjønnsord bestemt form: *myre, bygde* (tillate også etter dagens retningslinjer for skrivemåten av stadnamn);
2. *ø* for gammel kort *o* og *o* med kvist: *øddin, brøtin, strønd, ørm* ofl.;
3. *dn* for *rn*: *tjedn, bakkadn, bygdidn*;
4. *-in* som ending på hankjønnsord i bestemt form eintal: *bakkin, brøtin*
5. formene *sørre* og *nørre* i staden for dei normaliserte formene *søre/ syndre* og *nørdre*.

Deretter følger en nærmere begrunnelse der det blant annet heter:

Særleg meiner me det er viktig å kunna skrive *ø* for gammel kort *o* og *o* med kvist. Det at *Strøndafjorden* har vore skrive *Strondafjorden* på offisielle kart, har ført til skrivemåten *Strandefjorden*, fordi *Strondafjorden* er heilt framandt både for valdrisar og utanbygds folk. I neste omgang fører skrivemåten *Strandefjorden* til at folk seier /Strandefjorden/ (s. 3).

Litt av de samme signalene har kommet fra Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som har bedt Kulturdepartementet om å vurdere å gi kommunene større medbestemmelse i endelig fastsettelse av skrivemåte, slik at en unngår at rettskrivningsreglene stenger for å skrive i samsvar med lokal nedarvet uttale. I Hordaland er det flere kommuner, Fitjar, Stord og Tysnes, som ønsker adgang til å kunne bruke *o*-endelser i hankjønnsord, som f.eks. *Morkjo, Sandvikjo*.

Når vi ser bort ifra et par samkjørte forslag for konkrete dialektformer, kan vi ikke si at det såkalte «dialektsynet» har en sterk framtoning i bunken av uttalelser. Riksantikvaren skriver at friheten til å kunne velge dialektformer er positivt for å kunne sikre lokale uttalevarianter, men at en slik åpning for dialektformer også kan undergrave hensynet til kildeverdi og enhetlige navneformer. Vi finner en rekke respondenter som på et liknende grunnlag advarer mot en økt liberalisering. Fra Nordland fylkeskommune heter det bl.a.

Vi vil [...] åtvare mot å bruke lydrette former som for mange vil oppfattast som uklåre språkelement, t.d. *håjen = hågen* [...] og *hølmen = holmen* [...]. Meir utstrekt bruk av slike former vil kunne undergrave autoriteten til normerte namn, som er hovudregelen i forskrifta.

Fra Trondheim kommune heter det at den lokale uenigheten om hvilken form som er riktig, kan være stor og langvarig. «Det har vært et problem at historielag endrer medlemsbesetning underveis og dermed også mening om navn over tid.» Toten dialekt- og mållag ser det på samme måten som uheldig hvis normeringsforskriften blir så liberal at tilfeldige stemninger i kommunene skal komme til å avgjøre skrivemåte. Til liks med det språkfaglige miljøet oppfatter Noregs Mållag forskriften § 1 «Skrivemåten av stadnamn kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp dersom skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd» som «ei ytterlegare svekking av normering etter gjeldande rettskrivingsprinsipp» og foreslår denne setningen strøket. Noregs Mållag skriver videre:

Det som gjer stadnamna særleg verneverdige, er dei nedervde lokale uttaleformene som er siste lekken i ein ubroten samanheng attende til den tida namna voks fram. Skriftradisjonen er i så måte oftast mykje meir tilfeldig. [...] For å halda oppe kulturminneverdien i stadnamntilfanget vårt er det difor viktig å få fastsett skrivemåtar som byggjer direkte på nedervd lokal uttale, opphav og gjeldande moderne rettskriving. Den munnlege traderinga mellom generasjonane er svekt i vår tid, og namna blir i stadig sterkare grad lært etter skrifta, frå kart, skilt og andre kjelder. Dei skriftformene som blir fastsette til offentleg bruk, vil dermed bli grunnlaget også for dei munnlege formene som vil leva i framtida. Dette er eit område der vi faktisk har stor sjanse til å lukkast i å styra språkutviklinga i den leia vi ønskjer.

Navnekonsulentene og flere andre har kritiske kommentarer til det samme framlegget om å fravike gjeldende rettskriving. Kjell Erik Steinbru i stedsnavntjenesten for Vestlandet skriver: «Det vil vera svært uheldig om det blir fastsett ein slik regel for alle typar stadnamn. Regelen bør avgrensast til å

gjelda bruksnamn og «namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar.» Uttalelsen fra Riksmålsforbundet er mer positiv. De poengterer navnenes praktiske funksjon som skaper behov for entydighet, de praktiske vanskene med et kostbart konsulentapparat og problemene i forbindelse med formuleringen og begrepet «lokal nedarvet uttale». Formuleringene er her likevel forsiktige. Den instans som stiller seg mest entydig positiv til forslaget om å «fråvike gjeldande rettskriving», er Bokmålsforbundet, som er kritiske til «at Statens Kartverk ofte griper inn og vil forandre vel innarbeidede skriftformer som har vært i bruk, gjerne i flere hundre år.» Bokmålsforbundet mener i det videre at naturnavn skal kunne skrives i ubestemt og bestemt form, i likhet med bebyggelsesnavn o.a., og at bestemmelsen bør komme inn i forskriften.

Kvensk Institutt skriver i sin uttalelse at det støtter et forslag om å ta inn et nytt andre ledd i § 5 om å kunne velge regionale samleformer eller reine dialektformer når særlige grunner taler for det. Kvensk stedsnavntjeneste ønsker klarere regler for skrivemåten av lydlig overførte stedsnavn i flerspråklige områder. Et kvensk navn skrevet *Lathari* brukes som et eksempel. Med kvensk normering vil det bli *Laattari*, på norsk *Latari*. På samme måten påpekes den uheldige norske skrivemåten «Hjemmeluft», lydlig overført fra samisk *Jiepmaluokta* (sjøsamisk dialektform antas å ha vært *Jiemmaloufta*). Den riktige norske skrivemåten burde ha vært *Jemmeluft*.

Fra noen instanser er merknadene av mer formell karakter. Kåfjord kommune skriver at det i flerspråklige kommuner er viktig å synliggjøre flerspråkligheten gjennom flerspråklige skilt og støtter forslaget om at den enkelte kommune fastsetter rekkefølgen av navnene. Statens vegvesen Midtre Hålogaland mener det er en mangel ved lovverket at det ikke har noen klar veiledning for rekkefølgen av navn på skiltene i trespråklige områder utenfor de samiske forvaltningsområdene. Kartverket mener at rekkefølgen av navn på veiskilt ikke bør variere innenfor én og samme kommune.

Noe mange framhever, er viktigheten av lokal innflytelse. For kommuner som Fitjar, Stord og Tysnes er ønsket om dialektnære skrivemåter et hovedargument. Hos andre kan motivet være et helt annet, et ønske om å få inn mer skriftbaserte former. Men det samme standpunktet blir også brukt av enkelte som betrakter det hele ut fra reint forvaltningsmessige prinsipper, uten noe normeringssyn i det hele tatt. Slik kan vi tolke uttalelsene fra Norges bondelag – likeledes fra Averøy kommune, der kommunestyret og et enstemmig formannskap vil «at bestemmelsen om stedsnavn skal vedtas av lokale myndigheter, og etter innspill fra lag og organisasjoner, grunneiere og lokalbefolkning for øvrig».

Klagenemnda for stedsnavnsaken etterlyser i sin uttalelse en presisering av hvorvidt en grunneier har klagerett på det overordnede gårdsnavnet når han/hun har fått innvilget eierfastsatt skrivemåte av sitt bruksnavn. Ellers skriver klagenemnda bl.a. at det ville være hensiktsmessig med en definisjon av hva som menes med språkkyndig, når det står at det i denne nemnda skal

oppnevnes en språkkyndig person for bokmål og en for nynorsk. Nemnda etterlyser en plan for den videre organiseringen av stedsnavntjenesten, og da på grunnlag av det forslaget mange i språkmiljøet har stilt seg kritisk til, nemlig at stedsnavntjenestens rolle er foreslått tatt bort fra stadnamnlova § 14.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uia.no

## ALT FLYTER

«Panta rei» er kanskje den setningen den greske filosofen Heraklit er mest kjent for. På norsk lyder det «alt flyter». Jeg må innrømme at denne uttalelsen har kommet sterkt for meg når jeg ser hva som skjer innenfor det navnefaglige miljøet – i det 25. jubileumsåret for iverksetting av lov om stadnamn.

For hva skjer innenfor universitetsmiljøet? «Vi ønsker å prioritere annerledes innenfor de økonomiske rammene vi rår over», har instituttleder Kristian Emil Kristoffersen uttalt til forskning.no og mener altså at språksamlinger ikke er å regne som sentrale oppgaver for fremtiden. Det hjalp åpenbart ikke at Språkrådet i et notat til Kulturdepartementet allerede i 2014 skrev at

Universitetene i Bergen, Trondheim og Tromsø har alle hatt språksamlinger knyttet til målføredokumentasjon og stedsnavn. Ved alle tre institusjoner er virksomheten nedprioritert og delvis omorganisert i dag. (...) I 1992 mistet språksamlingene den skjermede statusen som eget institutt med uttrykt formål gav. Siden har tallet på vitenskapelige og administrative stillinger knyttet til språksamlingene ved UiO stadig blitt redusert som følge av naturlig avgang og manglende tilsetting.

Til nettavisen forskning.no heter det videre at Språkrådet støtter seg til samlingene når det skal gi råd om språk, og Kartverket bruker ekspertene bak navnesamlingene for å fastsette stedsnavn. «Har vi ikke forskning på stedsnavn på universitetsnivå, får jeg ikke gjort jobben min», sier Marit Halvorsen i Klagenemnda for stedsnavn til Dag og Tid.

Nå skal det rett nok sies at enden på visa har blitt at språksamlingene fra Universitetet i Oslo er flyttet over fjellet til Universitetet i Bergen. Skjønt det er verdt å merke seg Språkrådets uttalelse angående status og stillinger. Som så visst ikke bare gjelder Oslo. Det er således neppe noen tvil om at det språkfaglige miljøet, som er vesentlig i arbeidet med stedsnavn, er svekket.

Det helt vesentlige spørsmålet blir da: Vil det på sikt i det hele tatt finnes navnefaglig kompetanse til å kunne yte bistand i stedsnavnfaglige spørsmål? Vil det i det hele tatt finnes noen å oppnevne til statens navnekonsulenter som skal bistå Språkrådet i å komme med faglige tilrådinger i formelle navnesaker?

Et annet «flytende» forhold kan angis med stikkordet stedsnavnregister. Muligens det er typisk norsk. Det er i alle fall en kjensgjerning at det fins en mengde lokale og regionale stedsnavnregistre eller databaser – oppbygd i like mange varianter, uten noen direkte mulighet for kobling eller utveksling av data. Når så lov om stadnamn ga hjemmel for etablering av et offentlig Sentralt stedsnavnregister (SSR), utviklet og driftet av Statens kartverk på vegne av Kulturdepartementet, skulle en kanskje tro at vi var på rett vei i å kunne samle Norge til ett stedsnavnregisterrike? Et SSR som skal inneholde alle stedsnavn med formelt *vedtatt* skrivemåte, foruten å kunne motta alle andre stedsnavn. Blant annet fra alle Kartverkets kart, men også fra såkalte massivinnsamlinger på lokalt/kommunalt nivå. Aldeles ikke utenkelig fremover å kunne få innlastet her navn fra den store mengden av lokale registre (og bøker!) som allerede finnes. Men akk! Det er bestemt at Språkrådet skal utvikle en egen navnedatabase. I tillegg til SSR og de ørten varianter som finnes fra før. Særlig tilrettelagt for såkalte massivinnsamlinger lokalt.

Altså vil stedsnavn for de kommuner i Agder hvor dette ennå ikke er gjennomført, havne i dette registeret. Noen kommuner i Agder, bl.a. Kristiansand, har allerede en lokal løsning knyttet til deres nettside og bare der. Mens Valle og Bykle, samt deler av Vennesla, Audnedal, Marnardal og Grimstad har fått lagt inn sine massivinnsamlede navn i SSR.

Det er da grekerens ord kommer i mine ører: Alt flyter. Kunne det ikke vært mulig med en smule samordning? I det minste med Kartverkets SSR som allerede fins. Som selvsagt bør kunne utvikles videre. Fremfor å etablere nok et stedsnavnregister.

Det er ikke sikkert Heraklit ville vært helt enig i bruken her av hans *Panta rei*. Så kanskje sørlendingen heller ville si: *Vi syns ikke dette er no' greit*.

Finn E. Isaksen  
stedsnavnansvarlig i Kartverket  
for Vestfold, Telemark og Agderfylkene  
finn.isaksen@kartverket.no

## **OVERHALLA-SAKA – AVVIKLING AV VERN AV STEDSNAVN?**

### **Bakgrunn**

Denne artikkelen er en oppfølging av mine to artikler om «Overhalla-saka» i *Nytt om namn* nr. 59/60 (2014), s. 29, «Stadnamnlova og vern av steds-

navn», og nr. 61/62 (2015), «Overhalla-saka. Feil fakta og/eller feil juss i klagesak?»

Dessverre er det god grunn for å følge opp disse artiklene med informasjon om status i saka samt om urovekkende signaler fra regjeringen ved Kulturdepartementet (KUD).

### **Resultater så langt**

Klagenemndas to vedtak om at korrekte navn er hhv. *Hunn* og *Ranemsletta*, er fulgt opp av Statistisk sentralbyrå i forbindelse med publisering av tettstedsdata fom 2015. Det siste som har skjedd, er at Statens kartverk har tatt ut navnet *Overhalla* som bygdenavn fra kartet. Det sto inntil endringen på samme sted på kartet som navnet *Ranemsletta*. Kartverket har feilaktig registrert navnet *Overhalla* som bygdenavn i tillegg til navn på kommunen. Bygdas navn er *Ranem*, dvs. det samme som det tidligere kirkesognet. Vi har opplyst dette til Kartverket, og svaret var at det i så fall må reises ny navnesak. Erfaringene fra saken med navna *Hunn* og *Ranemsletta* tilsier at få vil være fristet til å igangsette en ny prosess hvor myndigheter ikke respekterer lovgivning og statlige vedtak. Nok om det.

I tillegg har Kartverket etter snart to års dialog endelig akseptert å flytte bygdenavnet *Skage* et kort stykke bort fra tettstedet Hunn slik at det fremgår klarere av kartene hva som er stedets navn, og slik at det blir noe redusert fare for misforståelser m.v.

### **Manglende oppfyllelse/etterlevelse av Klagenemndas vedtak**

To sentrale aktører følger ikke nemndas vedtak. Det er Overhalla kommune og Statens vegvesen. Dette til tross for at Statens vegvesen i et par tilfelle har gitt skriftlig uttrykk for at de ville foreta omskilting. Kommunen ved ordfører Per Olav Tyldum har derimot konsekvent bestridt at de vil følge vedtakene. Noen seriøs rettslig argumentasjon har ingen av dem fremført. For kommunens del koker det nok ned til at kommunen vil bestemme selv.

### **Sivilombudsmannen og Kulturdepartementet**

Aksjonsgruppa for korrekt bruk av stedsnavn i Overhalla klaget kommunen inn for Sivilombudsmannen (SOM) ved undertegnede ved brev av 21. april 2016. SOM sendte brev til kommunen den 30. november 2016 (ref. 3016/3406), og kommunen svarte ved brev av 13. desember 2016 at de «... mener kommunestyrets vedtak ... fortsatt er et gyldig vedtak ...». Kommunen anerkjenner med andre ord ikke stadnamnlovas bestemmelser om Klagenemnda. Det er svært «frirettslig».

Den 22. desember 2016 sendte SOM brev til Kulturdepartementet og ba om svar på noen spørsmål herunder «... hvilken plikt en kommune har til å etterleve vedtak fra Klagenemnda for stedsnavnssaker», og

... hvilke muligheter en kommune eventuelt har til lovlig å få endret et stedsnavn etter at saken har vært til behandling i klagenemnda, for eksempel ved å reise ny navnesak.

KUD svarte ved brev av 17. mars 2017 ikke direkte på første spørsmål. Derimot viste KUD til at departementet hadde mottatt meldinger fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KOM) og fra Samferdselsdepartementet (SD) om at begge departement

För att finansiera fortsatt underhåll av webbplatsen föreslog den avgående kommittén att man möjligen använder stipendiet för detta ändamål, men också att en mindre avgift kan införas i samband med symposiedeltagande (som symposiekommittén överför till NORNA-sekretariatet).

Vidare föreslogs att den nya kommittén överväger att bilda en nordisk «sommarkurs» (eng. *summer school*) i namnforskning för att uppmuntra nya studenter i ämnet, vilken exempelvis kan genomföras i samband med ett symposium. Förlagschef Katharina Leibring redogjorde för utkomna NORNA-rapporter under perioden 2012–15 och bekräftade att det skett en drastiskt minskande försäljning de senaste åren. Kassör Agneta Sundström presenterade räkenskaperna för perioden och konstaterade att ekonomin är i sin ordning.

Den nyvalda NORNA-kommittén för perioden 2016–21 består av:

Danmark: Rikke Steenholt Olesen och Birgit Eggert (suppl.)

Finland: Pamela Gustavsson och Väinö Syrjälä (suppl.)

Færøerne: Anfinnur Johansen och Kristin Magnussen (suppl.)

Grönland: platserna vakanta

Island: Hallgrímur J. Ámundason och Birna Lárusdóttir (suppl.)

Norge: Gunnstein Akselberg och Aud-Kirsti Pedersen (suppl.)

Sverige: Per Vikstrand och Leila Mattfolk (suppl.)

Som ordförande för den nya kommittén valdes Per Vikstrand, Sverige. Som vice ordförande valdes Rikke Steenholt Olesen, Danmark. Som sekreterare valdes Emilia Aldrin, Sverige och NORNA:s sekretariat placeras därför i Halmstad. Som revisorer för den kommande perioden valdes Minna Nakari, Finland, och Elin Pihl, Sverige. En ny kassör kommer att utses under hösten då nuv. kassör Agneta Sundström, Sverige går i pension.

Kommittén håller nästa möte i Uppsala, den 21 november 2016.

Emilia Aldrin  
emilia.aldrin@hh.se

## FLEIRTALSFORMER I STADNAMN

Den 6.–7. oktober 2016 arrangerte Kungl. Gustav Adolfs Akademien eit symposium om fleirtalsformer i stadnamn (plurala ortnamn). Symposiet vart halde i lokala til Akademiet i Klostergatan 2, Uppsala.

## NORNA-SYMPOSIUM NR. 47

NORNA-symposium nummer 47 har fått tittelen *Bebyggelsenamnens dynamik* og vart halden i Lund 11.–12. mai 2017. Emnet er busetnadsnamn og endringar i busetnadsnamnskikken. Symposiet er eit samarrangement mellom Institutet för språk och folkminnen og Nätverket för bebyggelsenamnsforskning. Per Vikstrand er ansvarleg, og han kan nåast på denne e-post-adressa: per.vikstrand@sprakochfolkminnen.se.

## NY NORNA-RAPPORT OM NAMN I BYMILJØ

*Namn i stadsmiljö* inneheld føredraga frå NORNAs 42. symposium i Helsingfors 10.–12. november 2011. Her finn ein artiklar om både personnamn og stadnamn knytte til ulike bymiljø i dei siste hundreåra. Boka er redigert av Leila Mattfolk, Maria Vidberg og Pamela Gustavsson og er utgjeven som nummer 90 i serien NORNA-rapporter. Boka finst òg som digital utgåve og er tilgjengeleg på denne nettstaden: <[www.sprakinstitutet.fi/namn\\_i\\_stadsmiljo](http://www.sprakinstitutet.fi/namn_i_stadsmiljo)>.

## ICOS-NYTT

## ICOS-KONFERANSE

Den 26. internasjonale namnegranskarkongressen i regi av ICOS (International Council of Onomastic Sciences) skal haldast ved Universitetet i Debrecen, Ungarn, 27. august–1. september 2017. Hovudemnet er den språklege stoda til namn i ei globalisert verd. Sjå meir om kongressen på denne nettsida: <http://icos2017.unideb.hu/en/welcome/>.

ANNA MELDINGSSTOFF

**ODDVAR NES (1938–2016)**

Oddvar Nes (t.v.) saman med Jarle Bondevik og Terje Aarset i Ørsta 9. april 1994 ved presentasjonen av *Målsamlingar frå Sunnmøre av Ivar Aasen*.

Kvass i penn og venesæl i framferd kan ein seia om Oddvar Nes. Han døydde 18. september 2016, knapt 78 år gammal. Når han no har lagt pennen ned for godt, har Språk-Noreg vorte ei skrivande hand fattigare. Han lèt etter seg ein mangfaldig og djuptpløyande produksjon innanfor ordgransking med særleg vekt på stadnamn. Og han har lagt ned eit mødesamt arbeid med å gje ut eldre skrifter. Varemerket hans har vore grannsemd og fagleg fordjuping.

Oddvar Sigmund Nes var fødd 27. desember 1938 i Volda. Der gjekk han på realskule og gymnas. Tidleg fekk han interesse for språk, og den næraste vegen vidare var å byrja på filologistudiet ved Universitetet i Bergen. Etter førebuarde prøver tok han til på magistergraden i germansk språkvitskap. Avhandlinga fekk tittelen *Studiar i dei eldste nordvestlandske fjordnamna* og låg føre i 1967. Alt året før hadde han i *Maal og Minne* fått prenta artikkelen «Fensleg. Eit sunnmørsk dialektord». I studietida var Nes vitskapleg assistent, fyrst ved Tysk institutt og seinare ved Nordisk institutt. Han var òg universitetsstipendiat i eitt år frå 1969 til 1970, deretter tilsett som amanuensis ved Nordisk institutt med særleg ansvar for stadnamnsamlinga, frå 1987 som professor same stad. I desse åra arbeidde han vidare med språkhistorie og utgjevingsarbeid. Han samla inn målføretilfang og gav ut ein studie av eldre og yngre voldamål. Og ikkje minst samla han inn og granska stadnamn. Det emnet skulle han gje ny næring til.

Eitt av fagfelta Nes arbeidde med som vitskapleg assistent, var fagbiblioteka. Med sin sterke sans for systematikk fall det naturleg for han å driva bibliografisk arbeid. Såleis gav han ut ein bibliografi over arbeid i norske målføre på heile 2600 titlar. Han var ein kunnig fonetikar og arbeidde mykje med ulike lydskriftsystem. Sjølv om han var oppvaksen i tradisjonen med Storms lydskrift, vart han ein talsmann for den internasjonale lydskriftsystemet IPA. Eit viktig arbeid i den samanhengen er *Storms norske lydskrift (med tillegg). Definert ved hjelp av IPA's lydskriftsystem*.

Oddvar Nes markerte seg som ein av dei fremste etymologane i landet og hadde såleis eit sterkt namn innanfor leksikografi. I dei mange publikasjonane hans har den grunnleggjande ordkunnskapen hans kome til uttrykk. Han har gjeve ut eller vore konsulent for fleire ordbøker og ordsamlingar. Saman med Jarle Bondevik og Terje Aarset har Oddvar Nes stått bak Ivar Aasen-selskapet, og dei tre har sidan 1992 utført eit omfattande vitskapleg arbeid med å gje ut dei etterlatne skriftene til Ivar Aasen.

Dei som kjenner til tidsskrifta *Maal og Minne* og *Namn og Nemne*, vil ofte ha møtt namnet Oddvar Nes. I fleire år var han òg redaktør av det sistnemnde. Mange artiklar gjeld stadnamn, det feltet han konsentrerte seg mest om i seinare år. Han har skrive 170 artiklar i *Norsk stadnamnleksikon*, mange om dei eldste naturnamna våre. Då lov om stadnamn kom i 1990, var han den sjølvsgagne representanten for nynorsk i stadnamntenesta for Vestlandet. Dette ombodet hadde han til det siste. Mange vil sakna han som ein omsynsfull lærar og god kollega.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## KONGENS FORTENESTMEDALJE TIL NAMNEGRANSKAR

Den 20. oktober 2016 vart Kongens fortенestemedalje tildelt filologen og namnegranskaren Terje Larsen. Ordføraren i Øvre Eiker, Anne Sire Fjerdingsstad, stod for overrekkinga av medaljen og det tilhøyrande diplommet.

Larsen fekk medaljen for mangeårig innsats i stadnamngransking og stadnamnbruk. Han har hatt mykje å seia i arbeidet med å utforma detaljane i regelverket for skrivemåten av stadnamn, og han har medverka aktivt til å setja stadnamnlova ut i praksis, både i sitt daglege arbeid som konsulentsekretær og ikkje minst gjennom ei omfattande kursverksemd rundt om. Ved sida av dei daglege pliktene utarbeidde han ein stadnamnbibliografi som har vorte ein viktig reiskap i namnegransking. Han har sjølv publisert ei rekkje namnefaglege artiklar, mange av dei om stadnamnormering.

Terje Larsen byrja sin namnefaglege karriere i 1971, då han fekk i oppdrag å ekserpera namn i faglitteratur på Norsk Stadnamnarkiv, som det heitte den



gongen. I 1973 vart han engasjert som den fyrste sivilarbeidaren ved Stadnamnarkivet. To år seinare tok han historisk-filologisk embetseksamen med hovudoppgåva *Noko om stadnamn frå Nord-Dovre med Dovrefjell*. Same året vart han engasjert som kontorassistent ved Stadnamnarkivet med personleg løn som vitskapleg assistent, med særleg ansvar for biblioteket. Fram til 1981 vikarierte han som amanuensis, men hadde òg ein periode stipend frå Noregs forskingsråd for å fullføra stadnamnbibliografien. Frå 1981 til 1991 arbeidde han som lektor i Skotselv og Hokksund.

Ein ny periode i karrieren hans starta i 1991, då han vart tilsett av Kyrkje- og kulturdepartementet som sekretær i stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka, samstundes som han samordna arbeidet i dei andre konsulenttenestene. Han var òg sekretær for klagenemnda for stadnamnsaker. Etter nærare tjuve år i denne stillinga gjekk han atter inn i ei undervisningsstilling, og då ved Akademiet vidaregåande i Drammen. Både i denne tida og etter at han vart pensjonert i 2015, har han vore engasjert på timebasis av Språkrådet for å arbeida med namnepolitiske spørsmål.

*Nytt om namn* gratulerer Terje med fortенestemedaljen.

Red.

### **ROB RENTENAAR (1938–2016)**



Efter kun få ugers sygdom afgik Robert Rentenaar ved døden den 9. maj i år. Han blev 77 år gammel. Rob – som vi alle kaldte ham, og som han også almindeligvis selv i sine trykte arbejder kaldte sig – var i den nordiske navneforskning noget så sjældent som en indført kulturplante. Siden den internationale navneforskerkongres i Bulgarien i 1972 eller deromkring udgjorde han par med den danske navneforsker Vibeke Dalberg, og det blev

retningsgivende for en betydelig del af hans forskning lige frem til hans alt for tidlige død.

På det nordiske område og med tydeligt dansk sigte debuterede Rob i 1976 med en perspektivudvidende artikel i det amerikanske tidsskrift *Names* om navnet *Tivoli* med den bevidst provokerende titel *How Danish is Tivoli?* Artiklen belærer os om spredningen af et enkelt antikt navn, og om at Tivoli i København er periferi og ikke centrum i denne spredning. Samtidig viser den Robs allerede da meget brede orientering i den europæiske navneforskning og ikke mindst hans faglige opvækst tæt på grænsen mellem de romanske og de germanske sprog. Artiklen peger også direkte frem mod Robs hovedværk, disputatsen om opkaldelsesnavne fra 1984 (*Vernoemingsnamen. Een onderzoek naar de rol van vernoeming in de nederlandse toponymie*), der, som undertitlen meddeler, koncentrerer sig om opkaldelsens rolle i nederlandske stednavne, men som i praksis når både territorielt og teoretisk meget vidt omkring. Tankevækkende nok hedder første kapitel i disputatsen således i dansk oversættelse: Lokkeråbet fra prærien (Nordamerika).

Fra 1970'erne og til sin død deltog Rob aktivt i det nordiske navneforskningsmiljø, både som foredragsholder og som ivrig diskussionsdeltager, og meget tidligt på et velformet dansk. Hans skriftlige produktion tager så godt som altid udgangspunkt i det nederlandske sprog- og kulturområde, der derved er blevet formidlet tættere mod den nordiske navneforskning, blandt andet på kystkulturens område.

Det seneste arbejde, der bærer Robs navn, udkom en uge før hans død. Det er skrevet sammen med Vibeke Dalberg og et meget smukt eksempel på ægtefællernes faglige symbiose og livslange stræben efter terminologisk skarphed. Artiklen handler om termen *imperativnavn* og er et bidrag til *Ebbas Danske Ordbog*, et festskrift til ordbogsmennesket Ebba Hjorth på hendes 70-årsdag den 2. maj 2016.

På det fagligt-praktiske plan var Rob involveret i forskellige sider af det internationale navneforskersamarbejde under paraplyorganisationen ICOS, hvis præsident han var 1996–99. Herved styrkedes og udbyggedes de nordiske landes relationer til den omgivende verdens navneforskning. Samtidig passede han sit professorat ved Amsterdams Universitet og sin ansættelse ved Meertens Instituut (Amsterdam), hvor han sluttede som leder af afdelingen for navneforskning. Han blev pensioneret i 2000 og flyttede derpå definitivt til Danmark.

I Norden, og naturligvis ikke mindst i Danmark, vil vi savne den altid venlige og hjælpsomme Rob, men glæde os over at have kendt ham og vide, at vi fortsat kan øse af hans skriftlige arbejder.

Bent Jørgensen  
berge@hum.ku.dk

### BIRTE HJORTH PEDERSEN (1926–2016)



Birte Hjorth Pedersen blev født den 9. juni 1926 i København. Hun døde den 28. september 2016. Nogle måneder tidligere blev hun fejret af slægt og venner på sin 90 års fødselsdag, frisk og glad som altid når hun gæstede Afdeling for Navneforskning, og det gjorde hun med jævne mellemrum. Derfor kom budskabet om hendes bortgang som en bedrøvelig overraskelse.

På arbejdspladsen er Birte identisk med signaturen BHP. Hun blev cand.mag. i dansk og gymnastik i 1954, og hun blev umiddelbart herefter ansat som amanuensis på Stednavneudvalgets kontor. Ansættelsen opretholdt hun indtil hun den 1. april 1993 blev pensioneret, ikke som amanuensis, men som universitetslektor. BHP har i sit arbejdsliv oplevet skelsættende forandringer. Det begyndte i en lille og – efter sigende – mandsdomineret verden med fokus på indsamling, tolkning og retskrivning af danske stednavne, men det udviklede sig til et institut ved Københavns Universitet med et bredere virkefelt; et virkefelt hvor der blev fokuseret på både sted- og personnavne, og hvor spørgsmålet om navnenes retskrivning ikke længere var dominerende. Instituttet kom til at hedde Institut for Navneforskning (1960), og BHP blev en central og vigtig person på det nye institut.

*Danmarks Stednavne* bd. 15 er udgivet ved Birte Hjorth Pedersen og Inge Wohlert (1970). Udgivelsen omfatter naturnavne i Sunds Herred, Svendborg Amt. Det var et pionerarbejde. De danske naturnavne var ikke tidligere blevet så grundigt behandlet som her, men det var også et arbejde der stod på i mange år. I forordet står der at arbejdet med Svendborg amts naturnavne blev påbegyndt i 1954; det var altså indsamling af de sydfynske naturnavne som den unge BHP begyndte med. Opgaven var stor, men den gav hende et

godt fundament for det arbejde som hun senere udførte i Stednavneudvalgets regi, og den gav hende en grundig viden om udvalgets arbejdsgang. Begge aspekter ses tydeligt i artiklen om Stednavneudvalgets arbejde med retskrivning (trykt i *Stednavne i brug*, Kbh. 1985). En samtidig publikation er den store *Fortegnelse over Stednavne i amterne vest for Lillebælt* (Kbh. 1985) som BHP forestod. Navnene er autoriseret af Ministeriet for kulturelle anliggender, og publikationen var derfor en vigtig del af Stednavneudvalgets retskrivningsliste. I øvrigt fungerede BHP som formand for Stednavneudvalget fra 1986 til 1993, og hun repræsenterede Stednavneudvalget og dets fagområde som medlem af Dansk Sprognævn fra 1982 til 1993.

Det var ikke alene stednavne, men også personnavne som fyldte BHP's arbejdsliv. Hun fungerede i mange år som konsulent for justits- og kirkeministeriet i forbindelse med behandling af personnavnesager. Det var i flere årtier en væsentlig opgave på Institut for Navneforskning, og det kunne også være en belastende opgave for det var ikke alle ansøgere der lod sig spise af med et skriftligt afslag på en navnesag. Men BHP klarede jobbet på glimrende vis, sikkert fordi hun var god til at snakke med de involverede parter. BHP's interesse for personnavne kom også til udtryk i hendes og Lis Weises samarbejde omkring en materialesamling omfattende navne på danske statsborgere født i tidsrummet fra ca. 1835 til 1985. Samarbejdet resulterede i to publikationer, *Fornavnebogen* (Kbh. 1989) og *Danske fornævne* (Kbh. 1990). Inspireret af et flerårigt ophold i Nigeria sammen med ægtefællen, civilingeniør Poul Hjorth Pedersen, har BHP også beskæftiget sig med fremmede personnavneskikke, fx i artiklen: *Hvad skal barnet hedde? – i Afrika* (trykt i *Mange bække små*, Kbh. 1986).

Birte var en god og omsorgsfuld kollega, og vi er mange der kommer til at savne hende. Æret være hendes minde.

Bente Holmberg  
holmberg@hum.ku.dk



(Foto: Dagfinn Worren)

Den 24. mai, 202 år etter Grunnlova vart underskriven, vart namnegranskar Botolv Helleland bortvist frå Stortinget: På oppdrag frå Oslo bymuseum leidde han ei byvandring om namn langs Karl Johans gate med start frå Jernbanetorget ved tigeren. Tredje stopp var Stortinget og Eidsvoll plass. Her kunne han snakke om både Løvebakken og Dasslokket på andre sida av paradegata. Høgtalar vart rigga opp, og Botolv la kunnig i veg om stortingsløvene. Då kjem ein stortingsbetjent og etterlyser grunnlaget for «oppløpet». Det kunne ikkje framvisast, og forsamlinga på minst 50 tilhøyrarar med Botolv i spissen vart bortviste, rett nok i storsinna former med framlegg om å forflytte til Spikersuppa. Så vart gjort. Siste stopp vart Universitetsplassen. Framlegg om å avslutte ved Slottet vart ikkje teke til følgje. Så Botolv skremde opp korkje Kongens karar eller hans harar.

Dagfinn Worren  
dagfinn.worren@iln.uio.no

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

**STRØMSÅTT OG STRØMSODD**  
**Lokal uttale og påvirkning fra skriftspråket**

Vidar Haslum har i *Nytt om namn* nr. 61/62, s. 50 f. en kraftig reaksjon på vedtaket i klagenemnda for stedsnavnsaker om skrivemåten *Topdalsfjorden* for fjorden som ligger i nåværende Kristiansand kommune. Lokal uttale gir belegg for navnet *Tofdalsfjorden*, men skrevne kilder gir lang tradisjon for *Topdalsfjorden* som igjen har påvirket uttalen til yngre mennesker og innflyttere. Klagenemnda har åpenbart lagt avgjørende vekt på dette og har altså endt opp med *Topdalsfjorden*.

Denne saken har i stor grad en parallell til behandlingen av et gardsnavn fra Ringerike i Buskerud: *Strømsått* slik navnet er i uttalen og *Strømsodd* slik skrivemåten er vedtatt av Statens kartverk 20. november 1997. Vedtaket gjør at det opprinnelige navnet står i fare for å dø ut og bli borte fra navnemangfoldet vårt. Uttalen blir påvirket av den vedtatte skrivemåten, og da blir også den rette sammensetningen /strøm/ og /sått/ lett glemt.

Vedtaket er en torn i øyet for undertegnede fordi *Strømsått* og ikke *Strømsodd* gir en plausibel etymologisk forklaring. Sisteleddet er et gammelnorsk ord for 'fiskeplass' som fortsatt er i bruk i noen dialekter i Telemark, men beleggene øst i Buskerud er i utkanten av den opprinnelige utbredelsen og nå kun brukt i noen stedsnavn her. I tillegg til *Strømsått* er det *Djupsått* i den samme elva og to fiskeplasser koplet til mannsnavn; *Endresåt* og *Solvesåt* i Krødsherad kommune (Mørch 1976, s. 405).

Jeg arbeidet lenge med forklaringen da tolkingsforslaget i NG (V, s. 50) neppe kunne være riktig. Sophus Bugge hadde ment at sisteleddet er norrønt *átt* f i betydningen «Himmelegn, Side, Kant» som i navnet *Austrått*. Den nye tolkningen ble publisert i det lokalhistoriske heftet *Ringerike* (Lien og Dyrdal 1993). Artikkelen krevde mye tid og tanke selv om den var på kun én side! Margit Harsson behandlet temaet mer vitenskapelig (Harsson 1994) og fant klare belegg og sammenhenger som viste at navnet nå var rett tolket.

Gardsnavnet finnes kun i Buskerud og er belagt med en rekke skrivemåter: *Strømbsaaden* (1649), *Strømsåten* (1652), *Strømsod* (1723) og *Strømsåk* (1900) (Harsson 1994). Stedsnavnet konstruert av gardsnavnet har tilsvarende flere varianter de siste hundreår: *Strømsodbygda/ Strømsoddbygda*, *Strømsodtbygda/Strømsåttbygda* og *Strømsåsbygda/ Strømsåkbygda* (Torgersen 1994). Folkeetymologien ville forklare navnet, og da passet det best med sammensetning av *strøm* med genitivs-*s* og *odd(e)*. Dette var åpenbart et blindspor, men da var allerede *Strømsodd(bygda)* etablert som navn i skriftspråket og delvis også i uttalen. For eksempel ble *Strømsoddbygda kapell* innviet i 1957 (Ringerikes Blad 7.10.1957) og *Strømsodd skole* var et innarbeidet navn (Brænden 1948, s. 221).



Statens kartverk, og tidligere Norges geografiske oppmåling, hadde tatt i bruk formene *Strømsått* og *Strømsåttbygda* slik de følger tradisjonell lokal uttale. Ringerike kommune reiste navnesak og høringen blant menighetsrådets medlemmer ga 27 stemmer for *Strømsoddbygda* og 11 stemmer for *Strømsåttbygda* (Ringerikes Blad 15.10.1996). Beboer på en av gardene, Arne G. Strømsodd, var sterk talsmann for flertallet. Han mente at når enkelte eldre mennesker sier *Strømsåttbygda* «er det mest fordi de slurver litt med uttalen»! Han måtte selv innrømme at slektsnavnet hans var skrevet *Strømsodt* i telefonkatalogen (Ringerikes Blad 13.9.1996).

Statens kartverk gikk imot navnekonsulentene og lyttet mer til andre offentlige organer og tre grunneiere i begrunnelsen for vedtaket. Utslagsgivende for Statens kartverks vedtak var at Ringerike kommune i 1996 hadde bestemt at kommunen skulle bruke skrivemåten *Strømsoddbygda*, og at Tunsberg bispedømmeråd vedtok å opprettholde navnet *Strømsoddbygda kapell*. Ringerike kommunes fagansvarlige mente at *Strømsått* «er en gammeldags skrivemåte» (Ringerikes Blad 24.10.1997). Sansen for stedsnavn som kulturminne var altså ikke videre påtrengende! Den riktige forklaringen var sikkert kjent da den kom fram i flere av reportasjene i Ringerikes Blad. Margit Harsson hadde for eksempel en grundig gjennomgang 19. september 1996.

Navnsetting setter følelser i sving. Dessuten er det økonomiske og praktiske hensyn som veies. Det er store krefter på gang, og da er det kanskje greit å ha jurister til å styre? Jeg tenker på dr. Stockmann, for loven representerer lett storsamfunnets behov, og ikke mindretallets rett, i slike saker.

## Litteratur

- Brænden, Ola. 1948. Skolen. I *Norderhov kommune. Det kommunale sjølstyre 1837–1937–1945*. Red. Ola Brænden. Utg. av Norderhov kommune.
- NG = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne*. Bd. V. Fabritius, Kristiania 1909.
- Harsson, Margit. 1994: *Strømsått. Namn og Nemne* 11, s. 27–33.
- Lien, Ragnvald og Kristian Dyrdal. 1993: *Strømsått-navnet. Ringerike 1993–94*, s. 66. Utg. av Ringerikes Museum, Ringerike Ungdomslag og Ringerike Historielag.
- Mørch, Andreas. 1976. *Krødsherad*. Bd. II. *Bygdehistorie*. Utg. av Krødsherad kommune.
- Torgersen, Egil. 1994. Hvor kommer navnet Strømsoddbygda fra? *Dalen vår* 3/1994, s. 15. Medlemsblad for Soknedalen lokalhistoriske forening.

Ragnvald Lien  
ragnvald.lien@gmail.com

## **BÆKSO OG FAGERVOLLEN**

**«Fine» og «ufine» stadnamn og eit namneskifte**

### Innleiing

I innleiinga til *Norske Gaardnavne* gir Oluf Rygh fleire døme på *rosande* og *nedsetjande* bustadnamn. Av det første slaget nemner han namn med førsteleddet *Gull-* (som også kan ha anna opphav), dessutan namn som *Fagerholt*, *Bestjord*, *Smørberg* og *Paradis*. Av negative namn finst ifølgje Rygh enda fleire. Hit høyrer blant andre *Graslaus*, *Brødlaus* og *Mjøllaus*, Dei fleste slike namn gjeld husmannsplassar og er vanlegast på Austlandet: *Nøda*, *Pina*, *Jammeren*, *Kornfritt* og *Svelta* er andre kjente døme. Det kan leggst til at begge slag finst i naturnamn: *Himmelriket* og *Helvetet* er gode eksempel.

Seinare har svenske granskarar teke opp emnet. A. Vestlund (1936) viser med bakgrunn i svensk materiale korleis namn med førsteledda *Katt-* og *Hund-* kan ha nedsetjande tyding. Det same gjeld tilsvarande norske namn, men dei kan også ha andre opphav. Jøran Sahlgren (1926) gir fleire døme på korleis bustadnamn med nammeleddet *Svin-* har vorte språkleg omforma eller erstatta av andre og «finare» namn.

Frå Hemne kan nemnast eit eksempel på at nammeleddet *Svin-* også kunne bli oppfatta som finast av to alternativ. Under garden *Sperilla* (gnr. 99 – vanlegvis skrive *Sporild*) låg husmannsplassen *Purkvika*. Førsteleddet er *purke* ‘hogris; ureinsleg kvinne’. Den folkelege forklaringa av namnet er at «her bruka godsæggaranj på Holljn å slæpp porkanj sin». I talemålet har det alltid vore sagt /<sup>2</sup>porkvi:tja/, men dette var tydelegvis ikkje fint nok for dei skrivande. I kyrkjebøkene står det *Svinvig*, og folketeljingane har *Svinvig* (1865) eller *Sporildvig* (1875). Desse namna fekk aldri innpass i talemålet. Folket i *Purkvika* såg kanskje ikkje noko gale i namnet. Eller kanskje tykte dei *Svin-* var meir nedsetjande.

### Bækso og Fagervollen

I Hollagrenda i Hemne ligg eit småbruk (opphavleg husmannsplass) som frå rundt 1830 har vorte kalla /<sup>2</sup>bækso/ og i dativ /oppi <sup>2</sup>bæksanj/. Namnet blir uttala med tostavings tonelag og er bestemt form av hokjønnsordet *bekse* eller *bægse*. *Norsk Ordbok* (band 1) fører opp begge former. Ordet tyder ‘noko som stengjer, hindrar, er i vegen, stengsle, hindring’. Sånn er det definert i *Norsk Ordbok*, og tydinga er den same i hemnværingsmålet. *Trønderordboka* har ikkje fått med hokjønnsordet, men har verbet *bekse* ‘vera i vegen, hindre, stenge’ og adjektivet *beksen*.

Skrivemåten i tittelen kan diskuterast. For å unngå ein framtidig skriftuttale med *e* har eg valt å skrive namnet med *æ*. På grunn av språkleg slektskap med verbet *bægje* ‘hindre’ og adjektivet *bægjen*, kunne det kanskje ha vore likså rett å skrive *Bægso*. Når eg skriv *Bækso* med *o*-ending, er det også for å ta vare på bygdemålsuttalen. I Hemne endar svake hokjønnsord på *-o* (*bøtto*, *skjorto*) i bestemt form.



Om bakgrunnen for namnet kunne folk fødde i Hollagrenda rundt 1870–80 fortelje: Da det vart lagt ut ein husmannsplass i Lauvåshaugen, tykte mange det vart trongt og trasig å komma forbi med krøtter, som skulle på utmarksbeite og til seters i Holladalen. Dei oppfatta den nye plassen som «ei bæks» og hindring. Dette høver godt med det språklege opphavet til namnet.

«Pladsen Bægsen» er nemnt i ei skogdelingsforretning frå 1834. Elles har visst ikkje bustadnamnet vorte skriftfesta i offentlege dokument. (Om etternamnbruken sjå nedafor). Det kjem sannsynlegvis av at folket på plassen meinte *Bækso* var eit *utnamn*, eit slikt namn som Oluf Rygh ville ha kalla «nedsættende». I dagleg målbruk i grenda var situasjonen ein annan. Her vart plassen (og seinare småbruket) kalla *Bækso* av dei fleste. I seinare tider trur eg neppe nokon la noko negativt i namnet. Men tidlegare og så lenge plasseringa av den nye husmannsheimen provoserte, har nok dette vore annleis.

Stadnamna *Bækskleiva* og *Bækshalsen* /-hæ:rsn/ og ord som *bækssauinj*, *bækskrøttera* og *bæksutgarden* (utmarksgjerdet) fortel at namnet *Bækso* har vore allment bruka i grenda over lang tid.

I folketeljingane (1865–1910) blir plassnamnet aldri skriva «Bægsen» e.l., men alltid *Fagervoldhals*. Det var vel det namnet plassfolket ønskte å bruke. I talemålet i Hollagrenda fekk namnet *Fagervollhalsen* aldri innpass. Som etternamn i kyrkjebøkene blir vanlegvis skriva *Fagervold*, men unntak finst. Ved eit giftarmål i 1875 blir far åt brudgommen kalla «Jørgen Olsen Bæksen» både i kyrkje- og klokkeboka. I daglegtalen heitte han *Jørn Bæk-sanj*. Ved ein konfirmasjon i 1844 finn vi etternamnet *Fagerhals*, som truleg er ein skrivefeil. Det vart iallfall ikkje bruka seinare.

Bustadnamnet *Bækso* stod lenge sterkt i grenda. Problemet var at folket på bruket oppfatta *Bækso* som eit *utnamn*. Dette gav etter kvart grorbotn for eit sakte namneskifte. Først i dei siste to–tre tiåra har omlegginga skote fart. I dag er det sikkert fleire som seier *Fagervollen* /oppi Fagervåljlja/ enn *Bækso*. Mange ungdommar og innflyttarar veit heller ikkje at bruket har vore kalla *Bækso*. Eldre hollabygger seier skiftevis *Fagervollen* og *Bækso*. Det kjem litt an på kven dei snakkar med. Ein viktig årsak til namneskiftet kan for mange ha vore at dei ikkje ville fornærme bæksfolket, som var normalt respekterte i grenda. Når det nye konkurrerande bustadnamnet vart *Fagervollen* og ikkje *Fagervollhalsen*, er det nok familienamnet *Fagervold* som har gjort utslaget.

Den eigentlege *Fagervollen* er ein flat grasvoll ved Hageelva eit stykke innom *Bækso*. Her /innjpå Fagervåljlja/ tok folk frå Hollagardane torvstrø fram til 1950-åra. Den tronge passasjen nedom buplassen, der vegen innover Holladalen går, heiter *Bækshalsen* /-hæ:sjn/. Førre husmannsplassen vart oppretta, heitte sannsynlegvis heile området *Fagervollhalsen*. Dette namnet som er bruka i folketeljingane, hadde nok gamle røter.

Stadnamnet *Bækso* finst også ein annan stad i Hemne. Ein «tægga» (teig) i Djupsetra (gnr. 51) heiter framleis *Bækso*. Det skal ha vore ein del usemje om denne teigen, og partane dreiv og «bækxa» (hindra) kvarandre, seiest det. «Namnet vart ofte nemnt med ein smil», fortel ein informant.

Utafor Hemne kjenner eg namnet frå Hitra, der eit plassrom i Sandstadgrenda heiter *Bækxa*. Om dette skriv Sverre R. Utseth i *Hitraboka* (1989, s. 314):

Beret Steen tok også til med litt småhandel frå stua si. Dette vart Hanna Stub irritert over og sa at Beret beksa for henne. Å bekse (å beks) betyr på hittedialekten å stå i vegen for eller å hindre. På denne måten fikk stua hennes Beret navnet Beksa. Og det vart navnet. Ingen tenkte over at det var utnavn, det vart brukt av alle, til og med av offentlig myndighet. Såleis skreiv folketelleren i 1900 navnet Beksa i tellingslista si.

Av dette ser vi at bustadnamnet *Bækxa* ikkje nødvendigvis trong å bli oppfatta negativt, iallfall ikkje på Hitra slik Sverre Utseth har forstått det. Der kunne namnet til og med skrivast i offentlege dokument. Altså heilt ulikt forholda i Hemne.

Om bustadnamnet *Bækso* var eit ufint namn, kan det vera delte meiningar. Sikkert er at somme opplevde det slik. Sånn sett kan namnebyttet vera eit gode. *Fagervollen* er iallfall eit fint og fagert namn. Vi bør likevel ikkje gløkke *Bækso*. Eit minstemål er at vi tek vare på kunnskapen om bakgrunnen for namnet.

### ***Merraholet***

*Merraholet* er eit meir opplagt ufint bustadnamn i same grenda. Da innmarka på fremre helvta av den gamle Hollagarden vart utskifta i 1900, laut Kristi Kristiansdotter («Feskar-Kesti») flytte stua si frå Duvåkeren til *Merraholet*. Namnet hadde vore greitt så lenge ingen budde der, men som bustadnamn tykte mange det vart litt upassande. Somme flirte og sa *Merraholet* utan blygsel, medan andre helst unngjekk namnet. Rundt 1950 vart vi ungane pålagt å ikkje seie *Merraholet*. Noko likare var det om vi sa berre Holet. Det pene namnet på plassen var *Sjøbakkan* /sjy:bakkanj/, som sant sagt var ein nabolokalitet. Der gjekk sjøvegen ned til nausta i Hollabugen.

I *Årbok for Fosen* 2001 skreiv eg om korleis to holmar i fjorden utfor Holla har skifta namn. Dette hadde ingenting med fint eller ufint å gjera. Her låg det andre årsaker attom namnebyttet: ny busetnad og endringar i voksterlivet. *Snauholmen* vart til *Skogholmen*, og den tidlegare *Skogholmen* fekk namnet *Husholmen*.

### **Litteratur**

- Aune, Kolbjørn. 2001. Kulturlandskap og namneskifte. To holmar i Hemnfjorden. *Årbok for Fosen* 2001, s. 57–60.
- Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania 1898.
- Sahlgren, Jöran. 1926. Fula ortnamn och fagra. *Namn och bygd* 1926, s. 174 ff.
- Utseth, Sverre R. 1989. *Hitraboka. Gårds- og slektshistorie. Sandstad sokn. Orkanger*.
- Vestlund, A. 1936. Om förklenande namnleder, i synnerhet «katt». *Namn och bygd* 1936, s. 231 ff.

Kolbjørn Aune  
kolbjorn.aune@hotmail.com

### REAKSJONAR PÅ ARTIKKELEN OVANFOR

I siste *Årbok for Fosen* finner man igjen et eksempel på hvordan man ... skriver om historien ved å skrive historie. Kolbjørn Aune skriver om stedsnavnet «Bækso» i Hemne og på Hitra (s. 51–54), som ifølge ham skal være utnavn og komme fra det norrøne ordet *å bekse* (vere i vegen, hindre, stenge). Problemet er at ingen av stedene (ei heller stedet Bekse i Rindal) ligger stengt inne eller i vegen for noe. Men derimot ligger de ganske værutsatt til: Hva om det heller kommer fra ordet «biegkes»: vindfull, der vinden tar hardt? I samme slengen nevner han stedet «Merraholet» også i Hemne, som så fornærmende at det fikk nytt navn: Sjøbakkan. Men er ikke stedsnavnet bare oversatt fra samisk? Da betyr det nemlig tilholdsstedet ved sjøen.

Ja, ja, der fikk du den – skrive om historien, du –

Det er ærleg talt i drygaste laget å påstå at ein seriøs og kunnskapsrik stadnamngranskar som Kolbjørn Aune driv med omskriving av historia. Slikt fortener eigentleg ingen kommentar, men når noko først er komme på nettet, vil det gjerne leva sitt eige liv og bli oppfatta og gjengitt som sanning, så derfor denne kommentaren. Ein bør absolutt vera open for at enkelte namn kan ha vorte omlaga frå eit samisk opphav, men det held ikkje å slå opp i ei ordbok og finne tilfeldige likskapar. Det er ingen grunn til å gjera slikt ved heilt gjennomsluktige og truleg ganske nye namn som greitt lar seg forklare ut frå kjent norsk språkstoff. Ved å gå fram på den måten er eg redd ein gjer samane si sak ei bjørneteneste. Når ein foreslår at *Bækso* og *Merraholet* i Hemne skal ha samisk opphav, må ein vel også ha idear om korleis denne overføringa skal ha gått for seg, om den kulturelle bakgrunnen og samanhengen? Eg ser fram til å lesa om det i neste årbok. Bakgrunnen for

både *Bækso* i Hemne og *Bækso* på Hitra er forklart heilt greitt i artikkelen til Aune.

Tor Erik Jenstad  
tor.erik.jenstad@gmail-com

## BOKOMTALAR

### PÅ SPORET MED BENT JØRGENSEN

*På sporet. Festskrift til Bent Jørgensen på 70-årsdagen den 12. marts 2014.* Red. Birgit Eggert, Peder Gammeltoft og Rikke Steenholt Olesen. (Navnestudier udgivet af Afdeling for Navneforskning, Nordisk Forskningsinstitut 42.) Museum Tusulanums Forlag, København 2014. 254 sider.

Det er no snart tre år sidan Bent Jørgensen runda 70 år, og det er med litt dårleg samvit at *Nytt om namn* fyrst no omtalar festskriftet som han fekk til den store dagen. Vonleg er det alt godt kjent i det nordiske fagmiljøet. Det er ei tiltalende bok i fint trykk og med ei rekkje fargeillustrasjonar. Framsida har eit fargetrykk av eit målarstykke av ei gate med trikk av eldre merke. Dette er ikkje tilfeldig, Bent har alltid vore oppteken av trikk. Då eg vitja han ein gong i København og fekk sjå trikkerommet i kjellaren hans, var det som å koma inn i den gamle trikkestallen på Majorstua. Og då namnegranskarane på Blindern i Oslo kunne melde at det var opna ei ny trikkeline som gjekk like utanfor arkivvindaugo der, var det ikkje lenge før Bent kom og tok trikken.

Dei 17 artiklane i festskriftet er ordna alfabetisk etter forfattar. Tre tek for seg personnamn, 14 hovudsakleg stadnamn, ei fordeling som også speglar av det faglege tyngdepunktet til Bent Jørgensen. Sofie Laurine Albris har gått i fotspora til jubilanten for å prøva det sakrale landskapet rundt Gudme. Ho meiner å koma nokre steg vidare ved å sjå religiøse aktivitetar og stader som ein del av det generelle sosiale livet og landskapet. Veteranen Gordon Albøge har eit meir gjennomsiktig sakralt landskap å ta av; han har skrive om kristendomens spor i stadnamn i Vendsyssel. Tittelen til Sebastian Møller Bak er spottenamn i verket *Danmarks gamle Personnavne* (DgP). Spottenamn har ein nedsetjande karakter og skil seg frå andre tilnamn. Forfattaren viser at det finst ein del av dei i DgP, men at dei berre i liten grad er vidareførde som moderne etternamn.

Ein artikkel om namnet *Bent* høyrer naturlegvis heime i dette skriftet, og Katrine Kehlet Bechsgaard viser utviklinga frå helgennamnet *Benedict* til seinare former som *Bendik* og *Bent*. «Lidt om Moths stednavneformer» er

tittelen på bidraget til Simon Skovgaard Boeck. Han viser at Moth i det store oppslagsverket frå rundt 1700 har gjeve mange utanlandske stadnamn dansk form for å letta lesinga for danskane. Han var såleis ein talsmann for det som i moderne terminologi heiter eksonym. Lisbeth Eilersgaard Christensen drøfter tolkingsval og tydingsrelasjonar av stadnamn i lys av sentralplassar og vekstsenter. Eit heilt anna univers er emne for ein studie av Torben Christiansen med tittelen «Andebyspor i dansk». Her vert både personnamn og stadnamn i Disney-verda analyserte. Eit tematisk meir avgrensa innhogg i dette universet er Johnny Grandjean Gøgsig Jakobsens artikkel «Sporvogne i Andeby», naturlegvis det òg inspirert av ei av særinteressene til jubilaranten.

Vibeke Dalberg og no avlidne Rob Rentenaar har skrivne om avgrensingsproblem i teignamn med vekt på fleirspråklege terminologiske aspekt. Birgit Eggert stiller spørsmålet om *Rannerød* i Vendsyssel er eit *rød*-namn og svarar eit ja med sterke atterhald, og at andre forklaringar ikkje må utelatast. I tråd med tittelen på festskriftet er Gillian Fellows Jensen «on the track» av nokre bortkomne stadnamn i England. I ein del tilfelle kan ho ettervisa yngre namneskifte. *Varde* i Sønder-Jylland er emnet for artikkelen til Peder Gammeltoft. Etter å ha gått gjennom relevant materiale kjem han til at det kan restituerast som *\*Waruwith* ‘utmarkskogen’. Michael Lerche Nielsen skriv om genitiv og andre bøyingsendingar i danske førenamn og kan slå fast at det er ei rad fleire uttrykksmåtar enn *s*-genitiv, til dømes *-a* som i *Jona bil*. Rikke Steenholt Olesen gjev ein forskingshistorisk gjennomgang av gammaldansk *\*skēth* f. ‘skipssetning’ og krediterer der mellom andre festskriftmottakarens innspel. Namn på *-rup* i nordvestre Skåne er emnet for artikkelen til Berit Sandnes. Dette namneleddet svarar til norsk *torp* og er utbreidd i Danmark og dei gamle danske landskapa i Sverige.

Under den poetiske tittelen «Nogle steder, der engang var hjem» skriv Line Sandst om gatenamn i to område i København og ser på utviklinga i namngjevinga og i gatebiletet. Ho dreg inn fotografi som jubilaranten hadde teke i 1960-åra og ser på endringane i høve til i dag. Susanne Vogt har teke for seg ei grenseforretning i tilknytning til Ravnsholt i Merløse og har funne eit rikt materiale i godsarkivet til Ravnholt, eit arkiv som vart gjeve til Den Arnamagnæanske Samling så seint som i 1998.

Til slutt kjem eit oversyn over den omfattande faglege produksjonen til Bent Jørgensen, ført i pennen av Bente Holmberg. Langt over to hundre titlar er oppførte. Som rett og rimeleg er, har boka ei lang helsingliste frå Norden og vidare med. Både festskriftmottakaren og det namneinteresserte publikum har all grunn til å vera nøgde med utgjevinga.

Botolv Helleland

botolv.helleland@iln.uio.no

**ALT OM FØRENAMN OG ETTERNAMN – NYE UTGÅVER AV  
TO STANDARDVERK**

Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon*. 3. utg. Det Norske Samlaget, Oslo 2013. 667 sider.

Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon*. 2. utg. Revidert, oppdatert og utvida. Det Norske Samlaget, Oslo 2016. 640 sider.

Det er no vel tre år sidan den tredje utgåva av *Norsk personnamnleksikon* kom ut, så *Nytt om namn* er i seinaste laget med å omtala verket. Men eigentleg høvde det godt å venta litt, for på slutten av 2016 kom *Norsk etternamnleksikon* i andre utgåve. Til saman representerer dei to verka den fremste kunnskapen innanfor norske føre- og etternamn. Båe er på rundt 650 sider, i raud og kledeleg innbinding, som er varemerket til Samlaget når det gjeld ordbøker. For den som er interessert i føre- og etternamn, gjev desse to bøkene fyrstehands kunnskap om tyding og utbreiing. Dei vil tena som referanseverk for alle som er ute etter opplysningar om personnamn.

I føreordet til tredje utgåva av personnamnleksikonet har Kristoffer Kruken gjort greie for endringane i høve til dei tidlegare utgåvene. Tilfanget er nesten dobla, og talet på oppslagsformer med variantar er no nærare ti tusen. Ei endring i den nye utgåva er at juridiske vedtak om tillatne og forbodne namn er tekne bort. Forfattaren forklarar dette med at mange av dei gamle vedtaka er fagleg uhaldbare og i strid med dei språklege og historiske opplysningane i leksikonet. Dessutan har namnelova vorte oppmjuka og praktisert meir liberalt enn før. «Leksikonet skal kort sagt dokumentere og forklare, men ikkje styre eller normere namnebruken», meiner Kruken. I tillegg til sjølve leksikondelen har boka med namnestatistikk, namnelova og oversyn over namnedagar, og sjølvstilt liste over kjelder og litteratur.

Den nye utgåva av *Norsk personnamnleksikon* har fått ein klårare typografi med større bokstavstorleik og endå tydelegare oppslagsformer. Verket bør finnast i bokhylla til alle namneinteresserte. Og foreldre som leitar etter namn til dei nyfødde, har her ei gullgruve.

Mykje av det same kan seiast om *Norsk etternamnleksikon* av Olav Veka. Denne andre og sterkt utvida utgåva har fått same layout som personnamnleksikonet. Forfattaren har gjort ein imponerende innsats både med fyrste- og andreutgåva, stort sett i ubetalt stilling. I føreordet seier Veka at denne nye utgåva inneheld rundt 27 000 nye namn, delvis som resultat av auka innvandring. Etter føreordet kjem ein innleiande artikkel der forfattaren gjer greie for fagtermar og etternamn generelt. Til saman finst det langt over hundre tusen etternamn i Noreg, mange med ein eller nokre få berarar. For leksikonet har det vore naudsynt å gjera eit utval, og då til namn som er nytta av minst 25 personar. I tillegg er det teke med 2000 meir uvanlege, kjende eller språkleg interessante namn.

Deretter fylgjer tre artiklar om nordsamiske, sørsamiske og finske etternamn, skrivne av høvesvis Håkan Rydving, Anders Løøv og Elin Vanja Karikoski. Sjølve leksikondelen tek naturlegvis det meste av plassen i boka. Til slutt kjem nokre statistikkar og oversynskart som til dels er vidareførde frå fyrsteutgåva. Ei liste viser dei 50 vanlegaste etternamna i Noreg over tre tidsrom, og ein legg merke til at rekkjefylgja har halde seg heller stabil, men med ein liten oppsving for etternamn av stadnamn. Ein får òg lister over dei vanlegaste etternamna i Norden og i nokre andre land. Eit kart syner etternamn i Europa med tydinga ‘smed’, eit anna oversyn viser ulike typar patronymikon som er nytta i Europa. Forfattaren har òg teke med eit kart som viser dei viktigaste stadnamnledda som er brukte i etternamn.

Nettopp stadnamna er noko som i særleg grad pregar norske etternamn. Slik sett er etternamnleksikonet på same tid eit stadnamnleksikon. Forfattaren gjev så langt råd er opplysning om opphavet til namnet og kva kommune det finst i. Ein finn til dømes *Kosberg* med forklaring at det er gardsnamn i Rennebu og Midtre Gauldal, men at forleddet er utolka, ein finn *Kostveit* i Vinje, mogleg samansett av *Kolos* (elvenamn) ‘den kolsvarte’ og *tveit*. Men dei importerte namna er tydeleg til stades, for i same spalte finn ein *Koss* og *Kåss*, med tysk bakgrunn, det finske *Koskinen*, det ungarske *Kovac*, alle med forklaring. Men *Kousar* med 69 namneberarar står utan kommentar. Å bla seg eit stykke gjennom boka er som å vandra frå gard til gard, frå yrke til yrke og frå land til land og samstundes henta opp kunnskap.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NAVN SOM SKILLER

*Navne og skel – skellet mellem navne. Rapport fra Den femtende nordiske navneforskerkongres på Askov Højskole 6.–9. juni 2012.* Red. Birgit Eggert, Rikke S. Olesen og Bent Jørgensen. (NORNA-rapporter 91.) Bd. 1 (275 sider) og bd. 2 (267 sider). NORNA-förlaget, Uppsala 2015.

Rapporten fra navneforskerkongressen i 2012 har vært lenge underveis, men nå er den klar, i to bind med variert innhold. Det første bindet inneholder ti artikler om personnavn, ett bidrag om skipsnavn og tre artikler under overskriften «Metode og terminologi». Til slutt presenteres to digitaliseringsprosjekter, den danske stedsnavndigitaliseringen og NORNAs terminologiprojekt. Det andre bindet inneholder 15 artikler om stedsnavn. Disse spanner fra stedsnavn brukt i arkeologiske, historiske og språkhistoriske studier til utforskningen av navn, navnebruk og navnekunnskap i

moderne bysamfunn. Det sier seg selv at presentasjonen av en så omfattende rapport må bli eklektisk. Presentasjonen her fokuserer på bidrag fra norske forskere.

Først av de norske bidragsyterne er Torodd Kinn, med «Mannsnamnsgeografi i Noreg i 1801. Klyngeanalyse brukt på eit stort antroponymisk materiale». Han er metodisk nyskapende når han viser hvordan klyngeanalyse kan brukes som metode for å håndtere store datamengder i personnavnforskning, i dette tilfellet mannsnavn i hele landet i folketellinga i 1801. Etter den beste klyngedanninga deler han landet i ni regioner og 33 mindre områder. Med to unntak danner klyngene sammenhengende geografiske regioner, hvorav byene utgjør den ene (overraskende nok har Fillan sogn på Hitra mest til felles med bygruppa). I hovedsak utgjør regionene naturlige geografiske og sosiokulturelle enheter. Unntaket er et stort område som omfatter Sogn, Nord-Gudbrandsdalen, det sørlige Trøndelag, Nordmøre og Romsdal. Det er bra samsvar mellom dialektområder og navneområder, med Agder som det sterkest oppsplittede området på begge felt. I den siste delen av artikkelen gjør han nye klyngeanalyser for å undersøke sammenhengen mellom navnerregioner og navnegrupper. Dette utforskes helt kort, men bør som Kinn selv skriver, ha potensiale for videre studier av historisk fornavngeografi.

I artikkelen «Vidar Jacob og Laila Aase. Førenamnslike etternavn av ulike slag» tar Gudlaug Nedrelid for seg etternavn som faller sammen med fornavn. Tradisjonelt har dette vært uvanlig i Norge, og en del av dem har vært det hun kaller tilsynelatende sammenfall: navn av ulike opphav som har blitt homonyme (*Aase*). Situasjonen har endret seg med innvandring fra land som ikke har samme skille mellom for- og etternavn. Over halvparten av eksemplene i materialet er ikke-vestlige navn.

I «Navn i det nordlige Sápmi på 1500–1600-tallet – eller historien om navnene som forsvant» ser Siv Rasmussen på endringer i mannsnavnbestanden i fire utvalgte områder. Generelt forvinner samiske navn raskt fra skriftlige kilder etter 1550 og erstattes av kristne navn, men det er klare forskjeller mellom områdene. Kristne navn overtar hurtigst i områdene nærmest de finskspråklige bygdene i Torne sogn. Når over 70 prosent her har kristne navn i 1558, viser det hvor sterk den kristne påvirkningen var. Det indikerer også at samiske navn ble assosiert med den sjamanistiske religionen og sett som uønsket. Rasmussen ser også på andelen nordiske navn, som ikke uventet er høyest i Finnmarksfjordene (27 prosent i 1603). At andelen er relativt høy også i deler av Torne lappmark, vitner om kontakt med kystbygdene på norsk side. Den høye andelen nordiske navn i Finnmark kan ifølge Rasmussen tyde på at prestene var negative til samiske navn. Men de samiske personnavna forsvant aldri helt. Noen overlevde i tilpassede former, andre som etternavn, og langt flere var i muntlig bruk, ved siden av et offisielt norsk navn.



Mange vil nok ha interesse av bidragene under overskriften metode og terminologi. Peder Gammeltofts artikkel «I skellet mellom tolkning og fortolkning – et forsøg på at deklarerer stedsnavnetolkninger» setter spørsmål ved tradisjonell navnetolkning. Han tar til orde for at alle navneledd tolkes, og at navneforskeren gir et bud på hva navnet som helhet betydde ved dannelsen. Premissene for tolkningen må legges fram, ikke minst når navnet tolkes på en måte som ikke rimer med de eldste kjente kildeformene. Carl-Erik Lundbladhs bidrag «Prototypisk namndefinition» er en navneteoretisk studie der han forsøker å dra grenser mellom *proprier* og *appellativer*. Staffan Nyström drøfter termene *eksonym* («name from within») og *endonym* («name from without»).

Det er tre norske bidrag om stedsnavn. Vidar Haslum tar utgangspunkt i temaet for kongressen i bidraget «Navnetypers geografi og kronologi. Hvor finner vi de tydeligste grensene?» Han utforsker om de regelmessige grensene i Agder-området kan bidra til ny kunnskap om navnetypers produktivtetsperiode, med en studie av Birkeland som eksempel. Landskapet deles i tre soner: 1) Elvedalen og strandslettene, 2) Ramorenebeltet og 3) Øvrige heiområder. For hver sone defineres primærgårder ved hjelp av geometrisk analyse. Ikke overraskende finnes de eldste navnetyper bare i sone 1, sammen med *stad* og *land* og naturdenoterende navnetyper. I sone 2 har alle primærgårdene navn på *-land*. *Stad*- og *land*-gårder finnes også i sone 3, sammen med flere navn på *tveit*. Haslum konkluderer at grenselinjene skriver seg fra slutten av *land*-navnas og innenfor *stad*-navnas produktivtetsperiode. Grenselinjene kan bidra til ytterligere datering, fordi vinkelpunktene i mange tilfelle er bygd på (daterte) gravhauger og må være yngre enn romersk jernalder. At *land*-navna finnes i hele området, men mest markant i sone 2, passer med teorien om et tyngdepunkt rundt jordbruks-ekspansjonen ca. 200–550 e.Kr. Også *stadir*-gårdene finnes i hele området. At én av dem er påfallende stor, ser Haslum som et mulig eksempel på navneskifte. Alle *tveit*-gårdene framstår som sekundære. Ifølge Haslum gir geometrisk metode og grensestudier et mer presist bilde enn landskyld på Agder.

Botolv Helleland og Inge Særheims bidrag belyser hvordan stedsnavn kan brukes som kilder. I «Bytesbekk og Trettetjørn. Stadnamn som uttrykk for forlik og motsetning» ser Helleland stedsnavn som kulturhistoriske vitnemål om strid og forlik. Forholdet kan uttrykkes direkte, som i *Tretteteigen* og *Enigheten*, eller indirekte og kontekstavhengig, som når alle i lokalsamfunnet er enige om at på *Opedalskvilet* kan de fra Opedal la dyra beite på vei til stølen.

Inge Særheim bruker stedsnavn som språkhistorisk kilde i artikkelen «Stadnamn og dialektskilje». Fordi stedsnavn er dialektale, men stivner i formen på et tidspunkt, kan de gi informasjon om eldre morfologi, ordforråd og uttaleformer. Han bruker runding av *a* foran *ng* og apokope i bestemt

flertallsartikkel for å belyse hvordan stedsnavn kan vise at dialektgrenser har endret seg.

Berit Sandnes  
berit.sandnes@sprakradet.no

## INNOVASJONAR I NAMN OG NAMNEMØNSTER

*Innovationer i namn och namnmönster. Handlingar från NORNA:s 43:e symposium i Halmstad den 6–8 november 2013.* Red. Emilia Aldrin, Linnea Gustafsson, Maria Löfdahl og Lena Wenner. (NORNA-rapporter 92.) NORNA-förlaget, Uppsala 2015. 336 sider.

Det 43. NORNA-symposiet vart halde i Halmstad i Sverige 6.–8. november 2013. Rapporten vart gjeven ut i 2015, så det er på høg tid at han vert omtala i *Nytt om namn*. Emnet er altså innovasjonar eller nye trekk i ulike typar namn, og her er det gjort mange interessante observasjonar. Til saman tjue føredrag er med i rapporten, og av dei 23 forfattarane (ein artikkel har tre forfattarar) er heile 19 kvinner. Det trur eg er NORNA-rekord! Mannssida vert litt forsterka av at Staffan Nyström stod for ein paneldiskusjon om emnet. Elles kan det nemnast at det mellom føredragshaldarane var fem norske.

Redaktørkvartetten Emilia Aldrin, Linnea Gustafsson, Maria Löfdahl og Lena Wenner har fått i stand ei fin bok med ein framifrå layout. Brødteksten er rimeleg stor med forfattarnamn og artikkeltittel i store typar vekselvis øvst på kvar side. Redaktørane har valt å setja artiklane i alfabetisk rekkjefylgje ut frå etternamnet til forfattaren. Det trur eg er ei klok avgjerd her, ettersom det overordna temaet er greitt avgrensa, både for stadnamn, personnamn, kjæledyrnamn og andre namn. Ei meir detaljert inndeling av artiklane kunne lett verka oppstykkja.

Her vil eg likevel kort nemna artiklane etter kva type namn forfattarane tek for seg. Om stadnamn handlar tre artiklar: Sofie Laurine Albris skriv under tittelen «Navnedannelser på *-lev* og jernalderens samfunndsstruktur. En diskussion om navnetypens forhold til yngre jernalders centralpladser» og knyter dermed eit viktig namneelement til arkeologiske problemstillingar. Vidar Haslum drøfter den bundne artikkelen i stadnamn, særleg terrengnamn, og ser artikkelbruken som ein midtskandinavisk innovasjon. Tradisjon og fornying i yngre busetnadsnamn er emnet til Berit Sandnes. Med grunnlag i materiale frå ein del av Skåne kjem ho til at bustadnamn frå perioden 1850 til 1950 i større grad speglar av tradisjon enn fornying. Annette Torenshö gjer greie for ein ny metode for innsamling av stadnamn ved hjelp av ein app(likasjon) på mobiltelefonen. Metoden, som på engelsk

vert kalla *crowdsourcing*, har gjeve mange nye namn som ikkje vert registrerte gjennom tradisjonelle innsamlingsmetodar. Krister Vasshus ser på tilhøvet mellom sakrale og ikkje-sakrale stadnamn på *-lund* og kjem til at vel 21 prosent av *lund*-namn i det sørlege og vestlege Noreg vert tolka som sakrale av di dei finst i eit «sakralt» landskap, mens resten må vurderast som ikkje-sakrale. Ein fjerde artikkel gjeld òg stadnamn, men her dreiar det seg om tileigning av namn i ein fleirspråkleg kontekst. Maria Löfdahl, Sofia Tingsell og Lena Wenner står for denne studien som er ein del av eit større prosjekt.

Personnamn er emne for flest artiklar, hovudsakleg om førenamn og tilnamn (svensk *smeknamn*). Eva Brylla, som gjekk så altfor tidleg bort, stiller spørsmålet om det er innovasjonar i personnamna (*namnlängden*) i den svenske almanakken og kjem til at redaksjonen fylgjer ein balansegang mellom tradisjonelle og nyare namn. Gudlaug Nedrelid tek for seg ein namnetype som er særleg frekvent på 1900-talet, nemleg dobbeltnamn med einstava fyrstenamn og tostava andrenamn, til dømes *Gerd-Kari*, *Jan-Henrik*. Desse nemner ho som amfibrakkiske, eit uttrykk som er henta frå versemålet og står for *lett-tung-lett*. Med grunnlag i nylaga førenamn har Emilia Aldrin undersøkt korleis og i kva grad namneberarar kan skapa eller framheva eit spesifikt kjønn.

Märit Frändén gjer greie for eit prosjekt om korleis etternamn i ulike land etablerer seg i Sverige. Linnea Gustafsson skriv om kva konteksten har å seia for bruken av tilnamn og utnamn. Tilnamn er òg emne for artikkelen til Minna Nakari. Ho har sett etter innovasjonar i slike namn hjå skogfinnane. Det er med to engelskspråklege bidrag. Det eine er av Damaris Nübling som har studert grammatisk kjønn i tyske førenamn og samanlikna førekomsten med tilnamn. Den andre engelskspråklege artikkelen er levert av Miriam Schmidt-Jüngst. Ho tek for seg namneval til transpersonar i Tyskland. Dei to artiklane innanfor litterær onomastikk tek hovudsakleg for seg personnamn. Kristina Hermansson har undersøkt namn og identitet i Ninni Holmqvists roman *Något av bestående karaktär*, med vekt på psevdonyma. Benedicta Windt-Wahls tittel er «Rosens namn og teorien bak det». Ho drøfter problemstillinga i lys av Sigrid Undsets forfatterskap.

Katharina Leibring har studert nye mønster i namn på selskapsdyr og funne at det er ein stor auke i bruken av personnamn. Eit interessant funn er at hodyr gjerne får populære babynamn, mens namna på hanndyr er henta frå eit vidare namneunivers, gjerne etter kjende personar.

To artiklar tek for seg båtnamn. Ole-Jørgen Johannessen med overskrifta «Innovasjon i namnemønstre til sjøs og i luften» skriv om namn på norske fregattar, oljeinstallasjonar og fly. For den siste kategorien viser han at det har vore ein overgang frå mannlege til kvinnelege namn, som ein refleks av kjønnsdebatten. Anita Schybergson drøfter kognitive mønster i namngjevinga av seglbåtar i Finland og legg fram ei rekkje interessante observa-

sjonar, der ho også viser til nordmannen Bjarne Rogan som var ein av dei tidlegaste til å utdjupa dette temaet. Elles er det merkande at interessa for den kognitive dimensjonen av namn har fått auka interesse dei seinare åra. Såleis drøfter Paula Sjöblom under overskrifta «Kognitionsteori som grund för nya perspektiv på namns semantik» dei kognitive tydingsaspekta i ulike slags namn. Her det altså ikkje namna sjølve som står i fokus, men dei konnotasjonane dei utløyser.

Som denne omtalen av NORNA-rapporter 92 viser, har me fått eit nytt viktig tilskot til den nordiske namnelitteraturen. Boka føyer seg fint inn i serien.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

### STADNAMN I NORD-ØSTERDALEN

Jon Olav Ryen: *Stedsnavn i Nord-Østerdal med Rondane, Rørosfjella og Femundstraktene*. Kolofon Forlag, [Oslo] 2015. 509 sider.

Jon Olav Ryen er teolog og prest i Den norske kyrkja. Men han er òg svært språkinteressert. I 2012 gav han ut *Oss må tåla meir um detta. Ordbok for dialektane i Folldal*, og i 2015 kom *Stedsnavn i Nord-Østerdal med Rondane, Rørosfjella og Femundstraktene*. Boka inneheld godt over 4000 namn hovudsakleg frå kommunane Alvdal, Engerdal, Folldal, Os, Rendalen, Røros, Tolga og Tynset, men vi finn også namn frå grannebygder som Stor-Elvdal, Dovre, Oppdal, Holtålen og Tydal. I delar av dette området er sørsamisk ein viktig del av kulturhistoria, og sørsamiske namn og terrengord er også med. Boka er disponert slik: Fyrst kjem ei innleiing, der forfattaren gjer greie for føremål, bakgrunn, metode, utval av stadnamn, skrivemåte, bruk av kjelder og lydskrift. Deretter fylgjer hovudbolken med stadnamna ordna alfabetisk uavhengig av kommune. Forfattaren har konsentrert seg om naturnamn og bygdenamn, men einskilte gardsnamn er også med. Dessutan er namneledd som *berg*, *brekke* og *hø* oppslagsord, utan at eg ser noko fast kriterium for utvalet av slike ledd. Etter hovudbolken har forfattaren med ei alfabetisk liste over sørsamiske terrengord, og til slutt eit oversyn over skriftlege, elektroniske og munnlege kjelder.

Lat det med ein gong vera sagt at det er eit godt bidrag til norsk stadnamnlitteratur vi har føre oss. Med den interessa vi veit at stadnamn har, er det både nyttig og pedagogisk å ha eit oppslagsverk for eit geografisk område som dette. I namneartiklane har forfattaren med dialektuttalen og kva namnet er bruka om, og han gjer greie for tydinga eller tydingsframlegg. Han kan

også ha med folkeetymologiske forklaringar, og for somme namn kjem han dessutan med framlegg til nye tolkingar. Derimot manglar kart og karttilvising. Den geografiske plasseringa blir «omtrentleg» ved at namn og namneberar blir lokalisert i kommune og i høve til andre lokalitetar, som «nord for», «sør for», «mellom».

Det seier seg sjølv at mange av namna er lett gjennomskodelege namn, som *Gammelrabben* og *Storbekken*, men også slike namn høyrer sjølv sagt med og har sitt å fortelja. Andre namn kan vera vanskelegare å trengja inn i. Eit av desse er fjellnamnet *Håmmålsfjellet* i Os og Tolga kommunar, saman med elvenamnet *Håmmåla* og gards- og grendenamnet *Håmmålvoll*. I føreordet seier Ryen at det nettopp er tydinga og skrivemåten av dette fjellnamnet som har vore utgangspunktet for boka, og han nyttar skrivemåtane *Hummelfjellet*, *Humla* og *Hummelvoll* som hovudoppslagsformer, sjølv om *Håmmålsfjellet* er den vedtekne og dermed offisielle skrivemåten av dette namnet. Fleire namn kunne elles leggjast til her, som *Håmmåldalen*, som elva renn ned gjennom, og *Håmmålhølen*, namn på ein høl i Glåma (og også matrikkelnamn for det nemnde gards- og grendenamnet). Når det gjeld tolkinga av desse namna, har det vore gissa på at elvenamnet er primærnamnet og har samanheng med nynorsk *humul* m. 'småstein', norrønt *hōmul*, jf. *Norske Elvenavne*, *Norsk stadnamnleksikon* og artikkelen «Namn langs den gamle almannvegen frå Tynset til Os» av Trygve Nettet i artikkelsamlinga *Austlandsmål* frå 1974. Stadnamnleksikonet opnar likevel for at både elvenamnet og fjellnamnet kan vera laga beinveges til dette ordet.

Ryen har ei anna tolking. Han meiner at fjellnamnet er det eldste, og at det kjem av norrønt *Auðhumla*, namn på ei mjølkerik ku som er omtala i *Gylfaginning*. Elvenamnet er så avleidd av fjellnamnet. Argumenta hans er at det høver med forma på fjellet, uttalen *homm`Lfjelle* og *homm`La* for elvenamnet frå Os (til skilnad frå Tolga, der han gjev opp uttalen *hōmm`ôr̥sfjelle* og *hōmm`ôLa*; *L* = tjukk *l*), og at fleire markante fjell i området har namn laga til dyrenemne. Teorien er interessant nok, men eg er ikkje overtydd. Eg har mellom anna registrert at uttalen *hōmm`ôr̥sfjelle* og *hōmm`ôLa* også er bruka av osingar, og ein kan ikkje sjå bort frå at variantane *homm`Lfjelle* og *homm`La* er skriftpåverka uttaleformer, sidan *Hummelfjellet* og *Humla* har vore vanlege skrivemåtar. Ryen går heller ikkje nærare inn på høvet mellom fjellnamnet og elvenamnet. Eg saknar ei tilvising til den nemnde artikkelen av Trygve Nettet, der *Håmmål*-namna blir omtala relativt grundig. Artikkelen er nemnd i litteraturlista, men det verkar ikkje som Ryen har bruka han i drøftinga av desse namna.

Også for *Rondane* har forfattaren nye idear. Den tradisjonelle forklaringa av dette namnet er at *\*Rōnd*, av norrønt *rōnd* f. 'rand, stripe', har vore namnet på *Rondvatnet* eller skardet vatnet ligg i, jf. *Norsk stadnamnleksikon*. Ryen meiner at det er meir sannsynleg at namnet kjem av substantivet *rånå*, normert *råne* m. 'hanngris, galte', og at vi har å gjera med eit jam-

føringsnamn. Ein interessant tanke, dette også, men han er vanskeleg å få til å gå i hop språkleg. Korleis skal ein t.d. forklara *d*-en i uttalen?

Eg har også ein kommentar til omtalen av namneleddet *braut* f. ‘bakkekant, avsats, veg’. Han seier at med unnatak av Øvre Folldal og lenger vest er uttalen i dette området *brøt / brott / brøtt*, og han nemner m.a. at *Brottet* finst fleire stader. *Norsk Ordbok* nemner ikkje monoftongerte målføreformer av dette substantivet, og i så fall ville vel monoftongen vera lang. Eg vil difor tru at ein for somme av namna heller har å gjera med *brott* n. ‘stad der noko blir laga ved bryting’, som *Stenbrottet* i Os.

Jon Olav Ryen skal likevel ha all mogleg ære av utgjevinga. Her er mykje å henta for den namneinteresserte. Boka er også forsynt med mange praktfulle bilete.

Terje Larsen  
terjelar1948@gmail.com

### NORSK ORDBOK I BOKS

*Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Band XII. U-åværig.* Det Norske Samlaget, Oslo 2016. 1648 spalter + VIII sider.

Det største bokprosjektet i Noreg er omsider fullført med band XII, eit par år for seint til grunnlovsjubileet trass i arbeidstittelen «Norsk Ordbok 2014». Etter at Stortinget løyvde pengar til prosjektet i 1929, tok ordboksarbeidet til i 1930. Det seier litt om kor arbeidskrevjande og kostbare slike nasjonale ordboksprosjekt er, når siste bandet ligg føre etter 86 år. Verket inneheld om lag 330 000 ordartiklar, frå vokalordet *a* i band I til *åværig* i band XII. Rett nok finst det ein del ord i norsk på éin bokstav som nødvendigvis må vera ein vokal, men ikkje mange vil finna på å slå opp eit ord *a*. Ordet finst og er belagt frå Hedrum, m.a. i tydinga ‘då, likevel, alltid’ i setningar som «eg tenkjer a det», med uviss etymologi, kanskje ei forkorting av *då, da* eller frå norrønt *ei* ‘alltid’. Det fyrste ‘normale’ oppslagsordet er verbet *abba* (*abbast*) m.a. i tydinga ‘dragast, mødast’.

Siste ordet *åværig* er heimfest m.a. til Nordfjord i tydinga ‘blyg, tilbakehalden’, heller ikkje eit allment kjent ord. I kvisskonkurransar har eg sett spørsmål om kva måltid *åbit* er med ein del alternativ. Sjølv sagt finn me ordet i Norsk Ordbok (NO) med utbreiing over det meste av landet om det fyrste måltidet på dagen mellom kl. 0400 og 0800. Kviss-svaret var *frukost*.

Den største ordgruppa i NO av interesse for ein namnegranskar er utan tvil terreng- og kulturord som ofte kan vera lokale og svært spesialiserte i tyding.

Eit godt døme på eit ord med lokale tydingsnyansar er terrengordet *skør* som må skrivast slik etter offisiell rettskriving og ikkje *skår*, slik me ofte ser det i privat normering og ikkje minst i etternamn. Dei sprikjande hovudtydingane kjem begge med i Samlaget's *Nynorsk ordliste* 'berghylle; kløft', men når me undersøker i NO, finn me ei heil spalte med 6 tydingar, der tyding 2 inneheld m.a. 'avsats i berg' og 'flate (med gras) nedanfor bergvegg', og tyding 3 '(lang, djup) bergkluft, bergskorte' og 'bratt bekkedal', altså både *flate* og *dal*. Ikkje enklare vert det når *skorte* i Ryfylke vert nytta om 'berghylle med vegetasjon' og slett ikkje om *bergkluft*. Når ein skal rydda opp i tydingsnyansar og ulike tydingar av same ordet, er NO eit nødvendig hjelpemiddel for ein namnegranskar. Ikkje minst er den geografiske avgrensinga av ei ordtyding stundom heilt avgjerande som med *skør* med to motstridande tydingar.

Mange terrengord har tydingar som er krunglete å forklara på ein kort og forståeleg måte, t.d. *braut*, *brun*, *eid*, *kleiv*, *leite*. Dersom ein må forkorta tydinga av slike ord, er det nødvendig å konsultera NO før ein forenkler og skjer bort tydingar som er spesielle eller lite utbreidde geografisk.

Kulturord er nok ei mindre gruppe enn terrengord, men same tilnærminga gjeld her. Etternamnet *Hysjulien* kjem av eit gardsnamn som ikkje er registrert i *Norske Gaardnavne*. Utbreiinga av etternamnet tyder på opphav i Oppland, og i NO finn ein ordet *hysje* heimfest til m.a. Nord-Gudbrandsdalen med tydinga 'falleferdig hus, rønne', som kan liggja bak stadnamnet.

Etternamnet *Ramen* kjem også av eit gardsnamn i Gudbrandsdalen som ikkje er nemnt i *Norske Gaardnavne*. I NO finn me *ram* i fleire tydingar knytte til løe eller andre bygningar, m.a. i tydingar som 'gavl, hjell, loftsrom', også i Gudbrandsdalen. Kva som ligg bak eit stadnamn, er ikkje alltid så lett å avgjera, i dette tilfellet kan det vera ein bygning eller ei naturform som liknar.

Desse få døma illustrerer godt kor nyttig NO vil vera i arbeidet med norske stadnamn. Sidan alle lokale og nasjonale ordsamlingar og ordbøker er inkorporerte i NO, vil det ikkje lenger vera nødvendig å bruka tid og krefter på å finna fram til aktuelle ordbøker for å seia noko om tydinga av eit stadnamn. Endå enklare vil det verta når heile NO omsider vert lagd ut på nettet til digitale søk. Førebels kan ein berre søkja i 220 000 ordartiklar frå *i* og ut.

Olav Veka

olav.veka@gmail.com

### **SVENSKT ORTNAMNSLEXIKON I NY UTGAVE**

*Svenskt ortnamnslexikon*. Utarbetat inom Institutet för språk och folkminnen och Institutionen för Nordiska språk vid Uppsala universitet. 2. utg. Red. Mats Wahlberg. Institutet för språk och folkminnen, Uppsala 2016. 434 sider.

Den første utgaven av *Svenskt ortnamnslexikon* (SOL) ble utgitt i 2003. Den reviderte utgaven av 2016 er blitt noe utvidet (med drøyt seksti nye artikler og tolv sider), men er ellers ganske uendret. Antallet illustrasjoner er nøyaktig det samme (82), men flere er blitt byttet ut.

Det faller naturlig å sammenligne SOL med den trykte utgaven av *Norsk stadnamnleksikon* (NSL) fra 1997 (4. utg.), som begge omtaler omtrent 6000 stedsnavn. Den mest iøynefallende forskjellen er at SOL har en rekke kart, tegninger og illustrasjoner – noe som NSL ikke har. Men på andre områder er NSL, etter min mening, bedre. For det første oppgir NSL nedarvet bygdeuttale med lydskrift, noe som SOL aldri gjør. At den svenske bygdeuttalen blir omtalt, skjer bare rent unntaksvis (se f.eks. artiklene *Nianfors*, *Nolvik* og *Runsten*). Og mens NSL gir referanser til relevant forskningslitteratur, for dem som ønsker å gå nærmere inn på begrunnelsen for tolkningene, er dette totalt fraværende for oppslagene i SOL.

Et annet savn er innledende generelle artikler om større navneklasser – som bygdenavn, gårdsnavn, elvenavn, innsjønavn, fjordnavn, øynavn, fjellnavn og seternavn (som NSL har). Det eneste SOL har å by på her, er en utredning om finske, meänkieliske og samiske stedsnavn, men denne tar i hovedsak bare for seg normeringsproblemer og hvordan disse navnene bør skrives på svensk.

Oppslagene og forklaringene er ellers greie nok, men jeg stusser litt over at identiske stedsnavn med identiske tolkninger blir repetert flere ganger (se f.eks. *Ekeby*, *Lillkyrka* og *Vallby*). Slike navn kunne vel heller, som i NSL, ha blitt omtalt og behandlet i en samlet bolk? Jeg forstår heller ikke helt hvorfor f.eks. navnene *Gotland*, *Gotlands län*, *Gotlands norra härad* og *Gotlands södra härad* alle er blitt egne oppslagsord. Disse kunne vel også ha vært behandlet samlet?

De fleste navnene som omtales i SOL, er, som i NSL, gamle navn på administrative inndelinger og større terrengformasjoner. Men SOL har også tatt med noen nyere navn, som *Kungens kurva* fra 1946 og *Kekkonentoppen* fra 1971. Det er åpenbart at en ikke kan få med alt, men at navnet på den fjerde største øya i Bohuslän, *Mjörn*, ikke er oppført, virker jo litt rart. Sett med norske øyne er det også litt merkelig at de ikke har tatt med navnet på det kjente slagstedet *Dynekilén*. (Uten at jeg skal spekulere for mye over grunnen til det!)

Men for å gå tilbake til illustrasjonene – for disse har jeg virkelig sansen for. Fotografier og skissetegninger kan være til stor hjelp for å forstå den reale bakgrunnen for et navn, og gode eksempler på dette er f.eks. fotografiet av Malören (s. 219) og kartskissen til Njurunda (s. 235). Og noe jeg skulle likt å se mer av, er utbredelseskart over sentrale etterledd, men slike finnes dessverre bare for *-inge*, *-löv*, *-måla* og *-säter*. (Førsteutgaven fra 2003 hadde bare ett utbredelseskart, for etterleddet *-hem*, men dette er dessverre blitt fjernet i andreutgaven.)



*Sveriges Nationalatlas* (bindet *Kulturminnen och kulturmiljövård*) har under kapitlet «Bebyggelsesnamn» en rekke gode utbredelseskart over ulike etterledd (-böle, -röd, -stad, -torp, -tuna, -vin ofl.), og det hadde vært fint om disse også hadde vært gjengitt i SOL. Under sammenligningen av kartene oppdaget jeg forøvrig et lite mysterium: Mens kartet over etterleddet -säter i SOL viser en rekke slike stedsnavn i Bohuslän, Dalsland og Värmland, så viser kartet over samme etterledd i nationalatlasets ingen (!) i disse landskapene.

Når det gjelder konkrete tolkninger, skal jeg ikke gå noe dypere inn på dette her, men bare kort nevne at jeg tviler på om et (utvilsomt) gammelt øynavn som *Koster* («Kosteröarna») skal komme av det forholdsvis unge nedertyske lånordet *kost* (som igjen er lånt fra latin). Og at etterleddet i det frekvente navnet *Asak* (> *Barne-Åsaka*) skal komme av treslaget *eik*, er vel lite trolig av språklige grunner. (Jf. at ett av disse navnene i Norge er belagt med formen «Asaka» (gen. pl.) allerede i 1344, se NG 1, s. 224.)

Men konklusjonen er uansett at SOL er et svært nyttig og verdifullt verk som alle navneinteresserte i Norge bør skaffe seg. Riksgrensen mellom Norge og Sverige er knapt nok en språkgrense – og en rekke norske forledd og etterledd, og også spesifikke stedsnavn, har sine paralleller i vårt naboland. Økt kjennskap til svenske stedsnavn gir derved også en utvidet og dypere forståelse av norske stedsnavn.

Frode Korslund  
frodekorslund@yahoo.no

## PRAKTVERK OM STEDSNAVN I ØSTFOLD

Lars Ole Klavestad: *Fra Fredagshølet til Isegran*. Gyldenstjerne forlag as, Fredrikstad 2016. 564 sider.

Lars Ole Klavestad har i 25 år samlet inn et stort antall navn fra ytre Østfold, og nå kan han endelig presentere noen av disse – og historiene bak dem – i en tre kilos murstein av ei bok, rikt illustrert med kart og gamle og egne fotografier. To av navnene inngår i tittelen: *Fra Fredagshølet til Isegran* – historien om de mest forunderlige stedsnavnene i Fredrikstad, Hvaler og Råde. *Fredagshølet* er navnet på ei bukt på hvalerøya Seile (Seiløy), og navnet skal bukta ifølge forfatteren ha fått fordi «dette var den trivelige havna der båtfolket ankret opp på fredagskvelden»! Her nevnes rett nok også noen andre framsatte tolkninger, men de anses som mindre sannsynlige. Isegran er den lille øya i Glomma mellom Gamlebyen og Kråkerøy, Alv Erlingssons middelalderborg, festningsverk på 1600- og 1700-tallet og nå i

mange år Universitetet i Oslos arkeologiske feltstasjon. Her slutter forfatteren seg til Kåre Hoels forklaring av navnet, en forvanskning av fransk *Isle grande*.

Klavestad er landskapsarkitekt, billedkunstner og lokalhistoriker. Han er medforfatter og illustratør av verket *Gårder og slekter i Borge og Torsnes*, hittil 14 bind, som bl.a. bygger på en samling av 20 000 stedsnavn, men ikke minst er han tradisjons- og navnesamler. Helt siden 1990 har han samlet stedsnavn, og i 1992 traff han *Spørjær-Krestian*, tradisjonssamleren Kristian Strømshaug fra Råde. Av Kristian lærte han ifølge forordet både lydskrift og perspektivtegning (av gårdstun!), men også intervjueteknikk. Her må framheves Klavestads evne til å *lese landskapet*, noe han i boka viderefremidler gjennom hundrevis av både vakre og illustrerende bilder. En fyldig innledning inneholder bl.a. en god oversikt over ulike navnetyper.

Og så navnetolkningene: Klavestad presenterer ofte folkeetymologien, men også egne tolkninger og, der den foreligger, den vitenskapelig baserte tolkningen på en kritisk og balansert måte. Han bygger på et stort kilde-materiale, og han har flittig benyttet seg av (trolig alt) det som er skrevet om navn i området, bl.a. Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold* (BØ; både utgitte bind og manuskripter). Kildene er behørig gjort rede for over fire sider bakerst i boka, anslagsvis 200 titler. Her finnes også to stedsnavnregister – over navn *i* og *utenfor* Fredrikstad, Hvaler og Råde, register over omtalte personer, alt fra Jesus og Martin Luther, konger og adelige til bønder og byborgere.

I motsetning til BØs oppramsing av gamle skriftformer og tørre, navnevitenskapelige framstilling utgjør Klavestads bok en levende og engasjerende navnehistorie. Her spiller gårdsnavnene en forholdsvis beskjeden rolle, mens navn på hus og husmannsplasser – og ikke minst mikrotoponymer (smånavn) – får en mer framtrædende og velfortjent plass. Jeg er ikke enig i alle navneforklaringene, men Klavestad unnlater fortjenstfullt sjelden å nevne alternative tolkninger, om han ikke selv går inn for dem.

Forfatteren har valgt en mer eller mindre dialektnær skrivemåte av smånavnene (bl.a. med gjennomført monoftongering), langt på vei i tråd med etablert normeringspraksis. Når det gjelder gårdsnavnene, vil nok enkelte lesere utenfra reagere på navn som *Hankø*, *Kihl*, *Ophus*, *Reff*, *Refsahl* og *Thorsø*. I lokalmiljøet – og på lokale skilt og i lokalhistorisk litteratur – synes imidlertid disse formene å være de eneste gangbare.

Boka ble i slutten av oktober lansert i et halvannen times lysbildeforedrag for to hundre entusiastiske tilhørere på Litteraturhuset i Fredrikstad, og køen av folk som ville sikre seg et signert eksemplar av boka, tok tre kvarter å avvikle. Jeg vil ønske Lars Ole Klavestad til lykke med et godt gjennomført stedsnavnarbeid og ser fram til flere bøker fra hans tastatur.

Tom Schmidt  
tom.schmidt@iln.uio.no

## BUSTADNAMN I SKJEBERG

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 15. *Skjeberg*. Utg. av Institutt for lingvистiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2016. 532 sider. Kartvedlegg: Skjeberg herred 1:41 000.

15 band så langt i denne serien, alle redigerte av Margit Harsson og Tom Schmidt med grunnlag i Kåre Hoels etterlatne arbeid med bustadnamn i dette fylket. Det torde vera kjent etter kvart at serien *Bustadnavn i Østfold* (BØ) inneheld sterkt reviderte og utvida heradsutgåver av Oluf Ryghs fylkesband *Smaalenenes Amt* frå 1897. Alle tidlegare band i serien kan ein finna lista opp på nettsidene til Norsk namnelag, med fyrste bandet *Hobøl* frå 1994 og framover. Etter at Margit Harsson vart pensjonist med band 12, har Tom Schmidt redigert serien vidare, denne gongen med band 15 for Skjeberg. Serien nærmar seg dermed det 22. og siste heradet i Østfold.

Det seier litt om omfanget av revisjonen når dette bandet er på heile 532 sider samanlikna med dei 22 sidene om Skjeberg med dei tre sokna Skjeberg, Ingedal og Ullerøy i *Norske Gaardnavne* (NG), som i seg sjølv var eit banebrytande verk i nordisk og internasjonal samanheng. Skjeberg er i dag ein del av Sarpsborg i tillegg til dei eldre herada Tune og Varteig, som fekk sine eigne band i serien i 2007 og 2010.

Fyrste belegget for *Skjeberg* er frå 1320, men Rygh meiner at «Dets gamle Form kan ikke sikkert fastsættes ...». Schmidt følgjer Magnus Olsen som set namnet til eit norrønt ord *skjalf-*, som berre er kjent frå stadnamn med den litt usikre tydinga ‘hylle, avsats’, jf. engelsk *shelf* ‘hylle’. *Norsk stadnamnleksikon* stør òg Magnus Olsen i denne oppfatninga.

*Ingedal* er òg belagt frå mellomalderen ut frå ei tenkt grunnform *\*Ingrardalr* med eit elvenamn i fyrste leddet med den mest rimeleg tydinga ‘elva med enger langs breiddene’. I 1349 er *Ullerøy* skrive «Vllaróy» av norrønt *Ullarey* med eit gudenamn *Ullr* i føreleddet.

Eg ser ingen grunn til å gå nærare inn på redigeringsprinsipp og metode i dette bandet sidan heile serien i hovuddrag følgjer same mønsteret, m.a. med tydeleg markerte kommentarar frå dei tre forskarane med Ryghs meir kortfatta i petit slik dei står i NG, utgjevaren sine mellom loddrette strek, |slik|, og Hoels grunnmanuskript umarkert.

Under arbeidet med revisjonen av *Norsk etternamnleksikon* (NEL) har eg hatt stor nytte av den oppdaterte forskinga ein finn i denne serien, ikkje berre om eldre gardsnamn med belegg frå mellomalderen – Ryghs arbeid ligg trass alt 150 år bak i tida –, men òg forklaringar og kommentarar til nyare namn som speglar seg av i etternamna. Med den store prosenten av etternamn i

Noreg som har opphav i stadnamn eller bustadnamn (gardsnamn, plassnamn, bruksnamn, villanamn), vil det i praksis seia at dei aller fleste namneartiklane òg seier noko om etternamna, trass i at dei har ein annan funksjon i samfunnet. Dessverre kom dette bandet for seint til revisjonen av NEL, slik at t.d. kommentaren til det spesielle etternamnet *Slang* ikkje fekk med opplysninga om at namnet nokså sikkert har samanheng med dialektordet *slag* ‘væte, fukt’ om ein fuktig eller myrlendt stad. NG har kommentaren «Betydning ukjendt».

Bygdebokforfattarar og ikkje minst alle dei som er interesserte og engasjerte i lokalhistorie, og dei finst det mange av i dette landet, har her ei eineståande kjelde til kunnskap om den språkkulturelle geografien.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## MODERNE TILNAMN I SVERIGE

Linnea Gustafsson: *Moderna vardagliga binamn i Sverige*. (Namn och samhälle 29.) Uppsala universitet, Uppsala 2016. 168 sider.

På norsk vil *binamn* tilsvare *tilnamn*, men tilgrensande omgrep finst som *utnamn*, *kallenamn* og *kjælenamn*. Det svenske omgrepet liknar meir på det tyske *Beiname*, som òg kanskje er opphavet til det norske, skal me tru *Nynorskordboka*. Etter ordbøkene er *utnamn* meir nedsetjande og skjemtande, og *kallenamn* synonymt med *tilnamn* brukt om folk. I omgrepet *kjælenamn* ligg tydinga meir på det kjærlege og kameratslege. Endå fleire ord finst i bruk i dette frodige feltet i namnefloraen, som *klengjenamn* og i bokmål *økenavn*. Også i engelsk kan fleire omgrep vera aktuelle, som *nickname* og *byname*.

Mange ord finst i talemålet om denne namnebruken, men lite finst av fagleg stoff her i landet. Symptomatisk er litteraturlista i den svenske boka som berre har to oppføringar frå norsk fagmiljø.

Sidan omgrepet knapt er klarare på svensk enn norsk, er det noko påfallande at lesaren må venta heilt til avsnitt 1.6 side 26 før forfattaren drøftar innhald og avgrensing i omgrepet. Ho byrjar alt i fyrste setninga med å fastslå at *binamn* har ein uklår definisjon både i termbruk og avgrensing, og går så over til å drøfta variasjonen i eit ordval som minner om den norske. Det næraste ein kjem ein klassisk definisjon er at den ‘vedertagna’ språkvitskaplege termen i Sverige er *binamn*, som tyder «extranamn eller sidonamn och används på ett överordnat sätt och därmed inkluderas både positivt och negativt laddade binamn». Andre forskarar har heilt andre termframlegg som

me ikkje kan gå inn på her. Heile den refererte diskusjonen syner at omgrepet og valet av omgrep *er* uklårt og må definerast etter kva ein legg vekt på, m.a. det språkvitskaplege eller det språksosiologiske aspektet.

Forfattaren har undersøkt den moderne bruken av tilnamn i Sverige gjennom intervju og spørjeskjema. Ho peikar på trekk ved namnebruken, kva funksjonar han har, og korleis han kan fungera som identitetsmarkør når det gjeld kjønns- og ungdomsidentitet.

Det syner seg at fordelinga av tilnamn blant kvinner og menn er om lag lik. Ikkje overraskande er dei fleste tilnamna avleidd av dei offisielle namna, etternamnet oftast i identisk form i motsetnad til førenamn.

Andre typar tilnamn er m.a. geografiske av typen *Mora-Nisse*, oppkalling etter kjende personar, reelle eller fiktive, som *Buster* og *Ditte*, og initialord. Velkjende er tilnamn etter rekkjefølgja i syskenflokk, som *Lillan*, og etter kroppslege særtrekk, som *Krullas* (hårvekst) og *Shortan* (lengd).

Så nærskylde som norsk og svensk språk er, er det noko overraskande at så få tilnamn på listene finst i bruk i Noreg i identisk eller tilnærma same form, men attkjennande er dei. Ein må leita litt for å finna kjende namn som *Gullet*, *Laban*, *Grynet* og *Trollet*. Likevel kan både den faglege diskusjonen om bruken av tilnamn og funna i materialet overførast på norske samfunnstilhøve, det er mest den språklege forma på tilnamna som er ulik.

Boka er for teoritug for ålmenta, men ikkje til å koma utanom for dei som vil setja seg inn i dette fagområdet.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

### **13 000 STADNAMN MELLOM FJELL OG FJØRE I ULLENSVANG**

Erlend Trones: *Ullensvang. Frå fjell til fjøre*. Band 4. *Stadnamn*. Fagbokforlaget, Bergen 2016. 458 sider.

På eit bokslepp på Hardanger folkemuseum på Utne 12. november i fjor kunne Ullensvang bygdeboknemnd presentera ei eineståande stadnamnbok. I boka har det komme med i alt 13000 nedarva stadnamn frå heile Ullensvang herad. Til kvar oppslagsform er det skriva ei uttaleform i fonemskrift, ei kort lokalitetsskildring og opplysningar om nedskrivingsår og om kva gards- og bruksnummer namnet høyrer til på. I mange tilfelle står det òg litt om korleis lokaliteten ligg i høve til andre lokalitetar og om ulike minne og hendingar

som knyter seg til staden. Det ligg mykje interessant bygdesoge i desse opplysningane. Namna er lagde fram i ei alfabetisk liste for kvar gard i heradet. I starten på kvar gardsbolk er det i tillegg presentert eit kartutsnitt som dekkjer den sentrale delen av innmarka på garden. Der er det teke med alle namna som høyrer til i området som er dekt av utsnittet. Nær 6000 av dei innsamla stadnamna er med på desse karta.

Det er eit imponerande stykke arbeid som Erlend Trones har lagt ned i denne boka. Han har ikkje berre arbeidd med sjølve presentasjonen. Han har òg samla inn ein god del av namna og namneopplysningane, og han har sjølv dataført heile det tekstlege tilfanget. I eit fyldig innleiingskapittel gir han god greie for alle utfordringane han har hatt i arbeidet. Registreringsarbeidet er gjort i samarbeid med Universitetet i Bergen, og det stadnamntilfanget som universitetet har lagt ut på nettsida Hordanamn, gir eit godt supplement til det som har komme med i boka.

Det er ganske mange personar som har vore med og samla inn stadnamna i Ullensvang. Trones nemner her først og fremst det innsamlingsarbeidet som Botolv Helleland har gjort i heimkommunen sin. Fleire bondekvinnelag er òg nemnde som viktige bidragsytarar.

Bokutgjevinga er ikkje den fyrste som gjer eit djupinnsamla tilfang frå ein norsk kommune allment tilgjengeleg, men denne ragar høgt i samanlikning. Lesarane kan kanskje sakna eitt og anna stadnamn i boka, men det meste tykkjest vera med. For min del skulle eg gjerne sett eit samla alfabetisk namneregister som gjorde det lettare å sjå namna under eitt, og ein del bilete undervegs som kunne fortelja meir om ein og annan staden. Men både omfang og arbeidstid har visseleg vore med på å setja grenser. Eg reknar likevel med at alle som har interesse for norsk stadnamntradisjon og lokalhistorie, vil ha stor glede av å gjera seg meir kjende med innhaldet i denne flotte boka, fyrst og fremst alle som bur i eller har røter i Ullensvang.

Kjell Erik Steinbru  
kjell.steinbru@uib.no

## NAMN OG NAMNING

*Names and Naming. People, Places, Perceptions and Power.* Red. Guy Puzey og Laura Kostanski. (Multilingual Matters 163.) Buffalo, Bristol, Toronto 2016. 258 sider.

Overskrifta på denne omtalen er kanskje ikkje heilt i samsvar med originaltittelen på boka ettersom *namning* vel ikkje er nokon innarbeidd term på norsk. På side 3 vert *naming* forklart som «the act of naming», altså det å gje namn – her dreiar det seg om både personnamn og stadnamn. Den utfyllande tittelen seier litt meir om kva utgjevarane har valt som tyngdepunkt, nemleg dei sosiale og mentale sidene ved namngjeving og namnebruk. Dei fire orda

som tek til med *P*, er venteleg valde av stilistiske grunnar, men seier ein god del om retninga. Såleis er denne boka på line med den nyare trenden i namnegransking: mindre vekt på det historiske og meir vekt på det funksjonelle og samfunnsorienterte. Studiet av namn som berarar av identitet og makt er ein trend i dagens onomastikk. Boka har eit internasjonalt perspektiv med medarbeidarar frå ei rekkje ulike land, tre av dei frå Noreg. Elles kan det nemnast at boka er tileigna den nyleg avlidne britiske namnegranskaren Doreen Waugh, som gjorde ein stor innsats for å fremja shetlandsk kultur og språk.

Boka tek til med ein innleiande artikkel av utgjevarane med overskrifta «Trends in Onomastics. An Introduction». Her gjev dei ei innføring i nyare namnegransking. Dei tek utgangspunkt i den klassiske replikken i Shakespeares *Romeo and Juliet*: «A rose by any other name would smell as sweet» [ei rose ville anga like godt same kva namn ho hadde], noko som ofte har vore nytta som bilete på at eit namn ikkje tyder noko anna enn det som det viser til. No går utgjevarane som venta i rette med denne forståinga og argumenterer for at namn er noko langt meir enn å vera merkelapp på noko. Namn representerer identitet, tilhørsle, kjensler, fellesskap, makt, kulturarv og mykje meir. Forfattarane viser òg til den kinesiske filosofen Confucius som framheva at det å gje namn er eit uttrykk for makt. Namn spelar ulike roller, og mange av desse vert drøfte i dei fylgjande kapitla i boka.

Boka er delt inn i tre bolkar med fem artiklar i kvar bolk. Den fyrste bolken har som overskrift «The varied identities of people and places» [Om ulike identitetar relaterte til personar og stader]. Katarzyna Aleksiejuk skriv om bruk av personnamn på internett, medan Ian D. Clark gjer greie for kva inntrykk folk som vitjar Victoria i Australia får av aboriginelle stadnamn. Litt i same lei går artikkelen til Michael Walsh. Han tek for seg trenden hjå aboriginelle til å halda oppe tradisjonelle personnamn. Med bakgrunn i materiale frå dei vestlege øyane i Skottland drøfter Ellen S. Bramwell skilnaden på dei offisielle engelske namneformene og det langt meir informative namnesystemet på gælisk. Den siste artikkelen i denne fyrste bolken tek for seg maktaspektet av namn på skilt på Norfolk Island [Norfolkøya] og er skriven av Peter Mühlhäusler og Joshua Nash. På denne øygruppa finst eit språk, *Norf'k*, som er i ferd med å døy ut, og forfattarane viser at å nytta dette språket på skilt, til dømes i samband med turisme, er med på å ta vare på det.

Den neste bolken har overskrifta «Attitudes and attachment» [Haldningar og tilknytning] der forfattarane drøfter korleis folk føreheld seg til namn og namngjevne stader. Laura Kostanski gjer greie for røynslene med å setja inn att aboriginelle stadnamn i ein australsk nasjonalpark. Terhi Ainiala drøfter haldningar til gatenamn i Helsingfors, medan Maimu Berezkina tek for seg folks haldningar til det lingvistiske landskapet i det fleirkulturelle Oslo. Ei liknande tilnærming har Maggie Scott i sin artikkel om skotske namneformer

på skilt. Medan skotsk har låg status i allmennspråket, er det mykje større konsept for skotske namneformer på skilt, særleg i kulturelle samanhengar. Til slutt i denne bolken diskuterer Erzsébet Gyöffy «slang toponyms» i Ungarn, altså det ein kan kalla uoffisielle eller folkelege stadnamn på norsk, særleg i urbane miljø.

Dei fem siste artiklane har (omsett til norsk) makt, motstand og kontroll som sams tema. Guy Puzey's bidrag har særleg interesse for nordmenn og målfolk. Med mange gode døme viser han at stadnamn, ikkje minst *Noreg* har ein viktig symbolsk funksjon i det lingvistiske landskapet. Den teoretiske diskusjonen han fører i tilknytning til hegemoni og makt, er lærerik lesnad. Nestemann ut er Staffan Nyström, som tek for seg namngjeving av parkar, stigar og bruer i ein multikulturell forstad. Justyna B. Walkowiak ser på kva krefter som lyfter fram personnamn, både førenamn og etternamn. Teksten gjev grunn til ettertanke.

Dei to siste artiklane er skrivne av to av dei fremste namnegranskarane i det nordlege Noreg. Aud-Kirsti Pedersen (no namneansvarleg for Nord-Noreg i Kartverket) spør om det er lov om stadnamn eller folks haldningar til namn som avgjer skrivemåten. Kaisa Rautio Helander drøfter korleis det offentlege gjennom lover og reglar har handsama samiske og kvenske stadnamn i offentleg bruk i dei nordiske landa. Ho viser at det har gått betre i Finland enn i Noreg når det gjeld å gje namn i minoritetsspråka ein rettkomen plass i det lingvistiske landskapet.

Dette korte referatet av *Names and Naming* vil vonleg stimulera ein del av lesarane til å skaffa seg boka. Her er samla mykje kunnskap om namn og namnebruk i eit moderne, globalisert samfunn.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no



## NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredrag er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Foredrag er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

**[www.norsknamelag.no](http://www.norsknamelag.no)**. E-post: **[olav.veka@gmail.com](mailto:olav.veka@gmail.com)**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **[ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no](mailto:ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no)**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **[kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no)**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

**[www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html](http://www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html)**

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **[www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

**[www.uib.no/fg/namnegransking](http://www.uib.no/fg/namnegransking)**

Kartverket har denne heimesida:

**[www.kartverket.no](http://www.kartverket.no)**

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

**[www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no)**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **<http://nfi.ku.dk>**, **[www.kms.dk](http://www.kms.dk)**

Færøyane: **[www.setur.fo](http://www.setur.fo)**

Finland: **[www.kotus.fi/svenska](http://www.kotus.fi/svenska)**, **[www.nls.fi](http://www.nls.fi)**

Island: **[nefnir.is](http://nefnir.is)**, **[www.lmi.is](http://www.lmi.is)**

Sverige: **[www.sofi.se/namn](http://www.sofi.se/namn)**, **[www.lantmateriet.se](http://www.lantmateriet.se)**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**[www.norna.org](http://www.norna.org)**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**[www.icosweb.net](http://www.icosweb.net)**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **[unstats.un.org/unsd/geoinfo](http://unstats.un.org/unsd/geoinfo)**